



# ARBEIDSPROGRAM 2013-2017

miljøpartiet  
dei grøne

Nynorsk utgåve

**Nynorskutgåve av arbeidsprogrammet 2013-2017:**

*Om det er tvil om meiningsinnhaldet i nynorskversjonen, så er det bokmålsversjonen som gjeld.*

Målet til Miljøpartiet Dei Grøne er eit medmenneskeleg samfunn i økologisk balanse. Økonomien skal vere underordna sunne økologiske prinsipp og fremje fred og rettferd både lokalt og globalt. Livskraftige lokalsamfunn, i hovudsak basert på lokale ressursar, er ein føresetnad for å nå målet.

# INNHALD

<b>Del 1: Vårt felles livsgrunnlag</b>	<b>4</b>
1.1 Klimaendringar	5
1.2 Grøn energipolitikk	7
1.3 Berekraftig samferdsle	10
1.4 Naturmangfold og arealforvaltning	13
1.5 Giftfritt miljø	15
1.6 Berekraftig landbruk	17
1.7 Berekraftig sjøbruk	20
1.8 Dyrevern	22
<b>Del 2: Grøn økonomi</b>	<b>24</b>
2.1 Økologisk økonomi	24
2.2 Demokratisk økonomi	26
2.3 Grøn næringsutvikling	28
2.4 Oljemilliardar til omstilling	29
2.5 Finans- og pengepolitikk	30
2.6 Skatte- og avgiftspolitik	32
2.7 Velferd og arbeidsliv	33
<b>Del 3: Kvardagslivet</b>	<b>36</b>
3.1 Levande byar og bygder	37
3.2 Bustadspolitikk	39
3.3 Skule og oppvekst	41
3.4 Mangfald i kulturlivet	43
3.5 Språkleg mangfald	45
3.6 Ein betre helsepolitikk	47
3.7 Omsorg og rehabilitering	49
3.8 Frivillig arbeid	51
3.9 Likeverd	52
<b>Del 4: Stat og borgarar</b>	<b>54</b>
4.1 Demokrati og deltaking	55
4.2 Sivilsamfunnet	56
4.3 Fri kunnskapsutvikling	58
4.4 Digitale rettar	59
4.5 Justispolitikk og beredskap	61
<b>Del 5: Norge i verda</b>	<b>64</b>
5.1 Eit styrka FN	64
5.2 Internasjonal økonomi og handel	65
5.3 Utvikling og bistand	66
5.4 Internasjonal konflikthandtering - ikkjevald	67
5.5 Forsvar og tryggingpolitikk	68
5.6 Innvandring, flyktning- og asylpolitikk	70

# 1. VÅRT FELLES LIVSGRUNNLAG

Miljøpartiet Dei Grøne går til val på eit politisk program som peikar ut ei ny, økologisk berekraftig, og framtidretta samfunnsutvikling for Norge. Dei Grøne har fokus på livskvalitet for alle framfor stadig aukande forbruk. Vi ynskjer at Norge skal vise i praksis at eit berekraftig samfunn er ein positiv veg - til beste for alle. Ein framtidretta politikk krev nytenking og endringar på mange felt.

Livsgrunnlaget på jorda er kritisk truga. Menneskeleg aktivitet fører til at andre artar blir utrydda i eit raskare tempo enn nokon gong tidlegare i historia. Menneskeskapt giftstoff er spreidde tvers igjennom det globale økosystemet. Ressursane er for sterkt utnytta og bruken av ikkje fornyelege ressursar øydelegg livsmiljøet vårt. Den globale oppvarminga fører til akselererande issmelting i polområda og meir ekstremvær, som tørke og flaum. Dette fører til tap av jordbruksland og drikkevatt. Livet i havet er truga av oppvarming og forsuring, medan befolkninga er avhengig av eit levande hav som kan gi oss nok mat.

Denne alvorlege tilstanden krev handling i alle land og godt internasjonalt samarbeid. Dei Grøne vil likevel ikkje vente på global semje, men nytte Norge sin særleine posisjon - både økonomisk og politisk - til å utvikle oss som eit føregangsland. Dette krev at vi kuttar våre klimagassutslepp og bygger eit klimanøytralt samfunn med framtidretta energiformer, mindre sløsing med viktige ressursar og vern av naturmangfaldet. Vi tek viktige internasjonale miljøforpliktingar på alvor og vil stoppe utslepp som truar helse og miljø.

Både aukande folketal og aukande forbruk bidreg til at vi belastar naturen meir. I Norge er det viktig å redusere ressursforbruket og velje ein meir miljøvennleg livsstil. Både global rettferd og solidaritet med komande generasjonar krev eit meir berekraftig forbruksmønster. Samtidig har ny teknologiutvikling og utprøving og igangsetting av fornybar energiproduksjon ein viktig plass. Vi må frigjere oss frå trongen for fossil energi, som gir store miljøproblem og er ein avgrensa ressurs som i alle fall må erstattast med andre energiformer.

Føre-var-prinsippet, og prinsippet om at den som ureinar skal betale for miljøskadar, er godt forankra i norsk lov og internasjonale avtalar. Det er på tide å gjere prinsippa og lovverket om til praktisk politikk. Det betyr at vi skal kutte klimagassutslepp og stoppe utslepp av miljø- og helseskadelege kjemikalier gjennom å auke kostnadane for slik ureining.

Dei Grøne vil gjere om Finansdepartementet til Berekraftdepartementet (BKD). Departementet skal påleggast å sjå økonomisk politikk i samheng med verknader på klima og miljø, og det skal ha mynde til å samordne slik at alle sektorar trekkjer i berekraftig retning. Omstilling til eit framtidretta grønt samfunn er avhengig av nytenking og aktiv innsats som inkluderer og engasjerer næringsliv, organisasjonar og kvar einiskild av oss. Staten og kommunane må oppmuntre og skape gode vilkår for innsats frå andre aktørar, og lære av deira idear og erfaringar.

Dei Grøne går inn for å oppgradere FN sitt miljøprogram til ein egen FN-organisasjon, på line med Verdas helseorganisasjon, slik at det internasjonale miljøarbeidet får større autoritet og meir føreseieleg finansiering.

# 1.1 KLIMAENDRINGAR

Den pågåande globale oppvarminga av både atmosfære og havområde krev raske og kraftfulle motiltak. Klimautviklinga med påfølgjande brå nedsmelting i polområda krev handling i alle land og internasjonalt samarbeid. Norge kan ikkje vente på global semje før vi kuttar klimagassutslepp.

Konkrete tiltak og aktive handlingsval er viktigare enn nokon gong for å stoppe pågåande klimaendringar. Både politiske reguleringar og den makta vi alle har ved å velje miljøvennlege framfor ureinande løysingar i våre kvardagsliv, er viktige delar av løysinga.

Den sterke økonomiske veksten i Norge bygger på ei stadig aukande utvinning av fossile ressursar. Med dagens alvorlege klimasituasjon er dette ei farleg utvikling både for oss og for resten av verda. Dei Grøne vil nytte vårt naturgjevne grunnlag for produksjon av fornybar energi og vår økonomiske handlekraft til å endre den fossilstyrte økonomien. Norge skal gå føre og vise veg mot eit karbonnøytralt samfunn. For å nå målet i denne politikken er det nødvendig både med auka medvit i befolkninga om ressurs- og miljø-situasjonen på jorda, og praktiske politiske løysingar.

Klimaendringane påverkar heile samfunnet, og har konsekvensar for område som helse, samfunnstryggleik, primærnæring og natur. Det er stort trong for samordning om vi skal makte å svare med heilskaplege løysningar. Klimaendringane skjer no i særskilt raskt tempo og det er nødvendig med eit mykje større fokus og myndigheitsmakt for å ta vare på miljøomsyn.

Det viktigaste Norge skal gjere innanlands er å trappe ned petroleumsverksemda. Fossile ressursar er avgrensa og blir best lagra under bakken. Industriutvikling i framtida må ikkje bygge på utvinning av fossile ressursar, og Dei Grøne sin klimapolitikk vil skape rom for vekst for klimasmart industri. Vi vil ha kraftfulle satsingar på ny, berekraftig næringsverksemd som tek over oljeindustrien si overlegne rolle. Utvinning av petroleum må i framtida berre skje for å lage produkt som kan nyttast om att eller bli resirkulerte. Eksport av olje og gass gir årleg utslepp som er ti gonger større enn Norge sine egne, samtidig som sjølve utvinninga står for over ein firdel av våre egne utslepp.

Dei Grøne tek dei viktigaste globale utfordringane på alvor og vil gjere Norge til eit føregangsland. Gjennom informasjonsarbeid og betre høve for oss alle til å ta grønne verdival, endrar vi samfunnsutviklinga i ei positiv retning. Dagens klimapolitikk, der kvotekjøp er det viktigaste tiltaket, fungerer ikkje som tilsikta. Resultatet så langt er «billigsal på ureining» innan dette systemet.

Uansett kor raske og store utsleppskutt verda gjennomfører, vil vi merke tydeleg effekt av klimaendringane framover. Dei Grøne vil styrke beredskaps- og klimatilpassingsarbeid både innanlands og i bistand til andre land.

## Miljøpartiet Dei Grøne vil:

1. Utforme ein radikal visjon for samfunnsutviklinga basert på berekraftige løysingar. Dette inneber ei omlegging frå oljebasert til fornybarbasert energi- og økonomipolitikk i Norge. Slik vil vi gjere Norge til eit føregangsland som viser at eit klimanøytralt, godt og framtidsretta samfunn er mogleg.
2. Gjere om Finansdepartementet til eit Berekraftdepartement (BKD) med overordna mynde til å samordne slik at alle sektorar trekkjer i berekraftig retning.
3. Innføre ei klimalov som lovfestar overordna klimamål og sørgjer for gradvis reduksjon av nasjonale klimagassutslepp gjennom eit karbonbudsjett.

4. Endre namn på Olje- og energidepartementet til Klima- og energidepartementet med vekt på fornybar energiproduksjon og energisparing.
5. Kutte Norge sitt klimagassutslepp med minst 40 % jamført med 1990-nivå innan 2020 og 90 % innan 2050.
6. Inkludere utslepp av CO<sub>2</sub> i Forurensningsloven.
7. Målrette noko av avkastinga i Statens pensjonsfond utland til forskning og investering innan energi, infrastruktur, klimatilpassing og grønt næringsliv i Norge.
8. Målrette ein god del av kapitalen i Statens pensjonsfond utland til forskning og investering innan energi, infrastruktur, klimatilpassing og grønt næringsliv i dei fattigaste og mest klimasårbare delane av verda.
9. At Norge, i tillegg til å ta del i FN sine klimaforhandlingar, også arbeider i andre internasjonale fora og bilateralt for å oppnå kutt i klimagassutslepp globalt. Norge skal støtte at klimatiltak globalt blir handsama gjennom FN sitt klimafond.
10. Oppgradere FN sitt miljøprogram til ein eigen FN-organisasjon, lik Verdas helseorganisasjon, for å gjere FN sitt miljøarbeid meir føreseieleg.
11. At støtte til klimatiltak i låginntektsland i større grad skal gå gjennom FN sitt klimafond og gjennom overføring av teknologi. Slik skal Norge bidra med støtte til utsleppskutt og klimatilpassing utanom bistandsbudsjettet.
12. At Norge tek medansvar for dei stadig fleire menneska som blir flyktningar på grunn av uleveleg klima. Norge skal arbeide for at klimaflyktningar får flyktningstatus etter FN sin flyktningkonvensjon.
13. At Norge ikkje tek del i internasjonale klimakvotesystem. Så lenge Norge likevel tek del i internasjonale klimakvotesystem, skal vi arbeide for at talet på kvotar får eit tydelig tak, og at taket blir trappa ned raskt.
14. Redusere utvinningstempoet på eksisterande olje- og gassfelt med 50 % innan 2020, med sikte på å avvikle petroleumsvirksemda fullstendig innan 20 år.
15. Avvikle all subsidiering av petroleumsindustri.
16. Stoppe all vidare leiting etter olje og gass på norsk sokkel.
17. Innføre varig vern frå petroleumsvirksemd i Lofoten, Vesterålen og Senja, og andre særleg sårbare område på norsk sokkel.
18. Auke avgifta på CO<sub>2</sub>-utslepp frå petroleumssektoren til kr 1000,- per tonn, og bruke inntektene til tiltak som reduserer utslepp også i fastlandsindustrien.
19. Stenge og demontere gasskraftverka på Kårstø og Mongstad. Gå inn for å avslutte det norske CO<sub>2</sub>-fangstprogrammet og overføre satsinga til geotermisk energi, havvind og andre fornyelege energikjelder.
20. Trekke Statoil ut av all verksemd med ukonvensjonelle olje- og gasskjelder som oljesand og

oljeskifer, og prosjekt i Arktis. Vi vil arbeide for eit strengare internasjonalt regelverk for drivstoffkvalitetar som forbyr produkt frå ukonvensjonelle ressursar.

21. At areal- og ressursforvaltinga skal ta omsyn til pågåande klimaendringar, og auke innsatsen for klimatilpassing innan infrastruktur, matproduksjon og generell beredskap.
22. At den norske klimagassrekneskapen blir utvida slik at den også tek med utslepp som norsk forbruk er årsak til i andre land, til havs og i internasjonalt luftrom. Det må tilførast nok midlar til at utrekningar av innverknaden vår på det globale klimaet kan bli så pålitelege som råd.

*Sjå også mellom anna kapittel 1.2, 1.3, 2.1, 2.3 og 2.4.*

## 1.2 GRØN ENERGIPOLITIKK

Norge har eit svært godt utgangspunkt for overgangen til ei fornybar framtid, som einaste land på det europeiske fastlandet der over halve energiforsyninga allereie er fornybar. Den delen må likevel aukast raskt. Berre for å oppfylle EU sitt fornybardirektiv må den opp i 67% innan 2020.

Potensialet for energieffektivisering er stort, både i bygningar, industrien og i sjølve kraftsystemet. Vi kan frigjere elektrisitet som vi mellom anna treng til å drive bilparken i framtida. Dei Grøne ønskjer ei betydeleg sterkare satsing på energisparing i bygningar, saman med auka bruk av fornyelege energikjelder som solkraft, solvarme, jordvarme og sjøvarme.

Noko av den fossile energibruken i industrien og transportsektoren kan lettare erstattast av bioenergi enn av elektrisitet. Vi vil difor ha eit eige program for auka produksjon og bruk av biogass, og utnytte hogstavfall som energiressurs. Kor mykje anna bioenergi det er ønskjeleg å bruke må vurderast i lys av følgjene for karbonlagring i skogen og naturmangfald.

Tiltak for å redusere energibruken og avvikle fossil energi må ha folkeleg oppslutning for å lykkast. Difor er ein sosial profil avgjerande samtidig som valfridomen ikkje må bli redusert meir enn nødvendig. Dei Grøne meiner at eit toprissystem på straum kan vere eit sosialt rettferdig og effektivt tiltak for å få ned straumb Bruken. Det bør kombinerast med utbygging av eit «smart-grid» (intelligent kraftnett) med variable prisar.

Gjennom effektivisering kan vi frigjere nok kraft i Norge til å erstatte mykje av den fossile energibruken. Samtidig lever vi i ein verdsdel der fossile energikjelder er langt meir dominerande enn i Norge og der dei fleste land har mindre fornyelege ressursar. Ved å auke produksjonen av fornybar kraft kan vi hjelpe andre land til raskare å avvikle kol-, gass- og atomkraftverk.

Dei Grøne meiner at Norge bør vere villig til å inngå avtalar om kraftleveransar til naboland, dersom krafta faktisk erstattar fossil energi eller kjernekraft og ikkje fører til auka energibruk. Vi vil ha ein heilskapleg nasjonal plan for alle fornybarsatsingar, slik at vi får oversyn over korleis denne industriutviklinga kan gjennomførast med minst mogleg skade på miljø- og natur. Det bør særleg leggast til rette for energiproduksjon som medfører små naturinngrep. Det kan til dømes vere modernisering av vasskraftanlegg, havvind, jordvarme og solenergi frå fasadar og tak.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

1. At økologisk berekraft, ikkje økonomisk vekst, skal vere det overordna målet for energipolitikken.



2. Prioritere energieffektivisering, som er den mest miljøvennlige erstatninga for fossil energi.
3. Auke løyvingane til Enova for energieffektiviserings- og sparetiltak i næringsbygg og hushald.
4. Innføre skattefrådrag for energisparande tiltak i eigen bustad.
5. Legge til rette for energisparingskontraktar for hushald og større bygg.
6. Bruke midlar frå ei auka CO<sub>2</sub>-avgift i petroleumssektoren til å støtte energieffektivisering og omlegging i industrien.
7. Innføre avskrivingsreglar for energieffektivisering i industrien.
8. Opprette ei gratis, desentralisert energirådgjevingsteneste for hushald, finansiert gjennom Enova.
9. Prøve ut eit toprissystem på straum til hushald, der forbruk ut over eit visst nivå per person i husstanden får ei klart høgare avgift enn i dag. Om ikkje eit toprissystem blir innført, må el-avgifta for alle hushald trappast gradvis opp.
10. Utarbeide ein nasjonal plan og regionale planar for utbygging av ny fornybar energi, inkludert nettutbygging. Planane skal sikre at vi minst når målet i EU sitt fornybardirektiv og at utbygging skjer der det gjer minst skade på naturen. Det må stillast opp klare kriterium for kva miljøpåverknad ein kan godta.
11. At det kjem tydelige og føreseielege krav til utbygging i område der det blir gitt løyve til kraftutbygging. Sakshandsaming skal skje etter miljølovverket (Naturmangfaldloven), og når miljøomsyn blir sette til side og det blir gitt konsesjon, må styresmaktene grunne dette tydelegare enn i dag.
12. Sikre at økosystembasert og heilskapleg forvaltning blir grunnleggande prinsipp ved utbygging av kraftverk. Utgreiingar av miljøkonsekvensane ved kraftutbygging må gjerast i kvart fylke eller vassregion, og ta omsyn til den kumulative påverknaden av alle planlagde einskildprosjekt.
13. Skjerpe krava til konsesjon for utbygging slik at omsynet til biologisk mangfald og estetiske verdiar blir tekne betre vare på.
14. Forenkla prosedyrar for offentleg sakshandsaming av etablering av små private anlegg for miljøvennleg energiproduksjon.
15. Sikre at ordninga med el-sertifikat ikkje omfattar vasskraft (heller ikkje småkraftverk).
16. Involvere aktuelle partar for både kraftprosjekt og nettprosjekt tidlegare enn no. Det er i tida før konseptval blir gjennomført at det er reelle høve til å bidra med konstruktive løysingsalternativ.
17. Sikre at vilkårsrevisjonane gir same vilkår for alle utbygde vassdrag. Det er essensielt at Norge nyttar dette høvet til å heve miljøstandarden i vassdrag med eldre utbyggingar til dagens standard. I mange fall kan kraftproduksjonen auke samtidig som miljøet blir betre ivaretatt.
18. Greie ut ei ordning der utbyggerane av nye kraftverk må betale ein kompensasjon for naturinngrepa som dei medfører, som kan nyttast til restaurering av øydelagt natur andre stader.
19. At Norge arbeider for å realisere eit kraftsystem med nullutslepp. Overføringskapasiteten til naboland og kontinentet må styrkast for å sikre eit meir effektivt og fleksibelt kraftsystem i Nord-Europa, som kan takle ein mykje større del fornybar energi enn i dag.



20. Trappe opp moderniseringa av vasskraftverk slik at kraftressursane i eksisterande magasin blir utnytta meir effektivt.
21. Satse sterkare på utbygging av vindkraft til havs, der utbygging ikkje er i konflikt med fiskeri og naturmangfald.
22. Innføre ei nasjonal målsetting for installert kapasitet for havvind innan 2030.
23. Utlyse områda Nordsjø I og II for kommersiell havvinddrift seinast i 2014.
24. Sikre at forvaltingsplanane for norske havområde prioriterer havvind framfor petroleum der ressurspotensialet overlappar. Andre arealkonfliktar skal løysast i dialog med interessentar med mål om størst mogleg grad av integrasjon mellom ulike næringar, som til dømes fiskeri og marin fornybar energi.
25. Bruke statens eigarskap i Statoil og Statkraft til ei styrka og målretta satsing på fornybar energi.
26. Doble støtta til Forskingssentra for miljøvennleg energiteknologi (FME).
27. Opprette eit nytt FME-senter (Forskingssenter for miljøvennleg energi) for geotermisk energi.
28. Gjennom etablerte FME legge til rette for demonstrasjonsprosjekt som utforskar høve til samspel mellom teknologiar som havvind, bølgekraft og tidevasskraft, og som integrerer andre interesser som sjøfart, fiskeri og havbruk.
29. Styrke ordninga for støtte til pilotanlegg innan miljø- og climateknologi, og auke satsinga på klima og klimarelatert forskning over Norges Forskingsråd og forskingsfondet.
30. Gjere det enklare å levere overskotsstraum inn på straumnettet ved å innføre langsiktige innmatingstariffar, til dømes for næringsbygg og hushald.
31. Sikre at «Renewable Grid Initiative»-prinsippa for varsam infrastrukturutbygging blir følgt av aktørar som bygger nett i Norge og mot Europa.
32. Endre Statnett sitt mandat slik at klimaomsyn blir like viktig som samfunnsøkonomisk lønsemd og forsyningstryggleik. Det inneber at Statnett må prioritere utbygging av mellomlandsliner som medverkar til fornybar energiutbygging og eksport av fornybar energi.
33. Auke produksjonen av biogass frå kjelder som avfall, kloakk, husdyr- og fiskegjødsel vesentleg.
34. Utgreie grundig kor mykje trevirke frå ny hogst det er ynskjeleg å bruke til energiformål. Utsiktene til å erstatte fossil brensel må vurderast med omsyn til karbonlagring i skogen, naturmangfald og matproduksjon.
35. Stenge gasskraftverka på Kårstø og Mongstad for godt og ikkje gi løyve til fleire fossilfyrte kraftverk i Norge. Også det norske kol-kraftverket på Svalbard må stenge.

36. Legge ned atomreaktoren i Halden.
37. Gi vertskommunar rett til konsesjonsavgifter også frå andre typar kraftverk enn vasskraftverk.
38. Forsvare heimfallsretten, og gjere den gjeldande også for andre typar kraftverk enn vasskraftverk.
39. Innføre heimfallsrett også for småkraftverk, når fallrettar blir skilde frå grunneigedomane eller selskap som grunneigarane kontrollerer.

*Sjå også mellom anna kapittel 1.2, 1.3, 2.1, 2.3 og 2.4.*

## 1.3 BEREKRAFTIG SAMFERDSLE

Eit grønt samfunn krev eit berekraftig transportsystem. Transport er ein av dei største kjeldene til klimagassutslepp, ureining, støy og naturinngrep. For å redusere miljøskadane er det viktig å bremse veksten i sjølve omfanget av transport, ved å stanse forbruksveksten og gjennom god arealplanlegging.

Transport er likevel både eit gode og eit behov. Dei Grøne vil konsekvent prioritere dei transportmåtene som belastar miljøet minst. Når det gjeld personreiser betyr det sykkel, tog og annan lokal kollektivtransport. Innan godstransport betyr det tog og skip. Dei Grøne vil satse langt sterkare på meir effektiv kollektivtrafikk, og særleg på jernbane. Deler av den norske oljeformuen bør investerast i infrastruktur som skaper eit effektivt og berekraftig samferdslesystem.

Dei Grøne ønskjer ei berekraftig transportplanlegging som fremjar eit heilskapleg blick på utfordringane i sektoren, framfor dagens system der planlegginga i stor grad blir gjort av etatar som jobbar med kvar sitt felt. Målet med god planlegging er å møte folk sin trong for å kunne kome til arbeid, servicefunksjonar og andre aktivitetar, med minst mogleg press på miljøet.

Det er store sjansar for å redusere utsleppa frå transport med allereie kjend eller ny teknologi. På kort sikt er det enklast for personbilar og varebilar. Alle nye bilar bør snart være elektriske eller hybridbilar. Likevel vil bilane ta opp areal og være ressurskrevjande å produsere. Difor vil vi framleis prioritere kollektive løysingar. Også kollektive transportmiddel som bussar og ferjer må elektrifiserast eller gå på biogass og hydrogen i så stor grad som råd.

Kvar tredje kilometer vi reiser går ikkje innan Norge, men til og frå utlandet, oftast med fly. Flytrafikken aukar mest. Det er nødvendig å redusere utsleppa frå flyreiser ved å reversere trafikkveksten.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

1. Erstatte Nasjonal transportplan med ein Nasjonal samferdsleplan. Eit nytt Klima- og energidepartement skal ha det overordna planleggingsansvaret i samarbeid med Samferdselsdepartementet.
2. Lage ein ambisiøs statleg plan for investeringar i og tilskot til effektiv og rimeleg kollektivtransport, som tek omsyn til regionale skilnadar og behov.
3. Opne for at kollektivutbygging, inkludert nye jernbanestrekningar, kan finansierast med statsgaranterte lån, uavhengig av årlege løyvingar på statsbudsjettet.
4. Føre ein differensiert samferdslepolitikk som skil mellom byar og distrikt. Det betyr mellom anna

at vi vil ha meir vegprising i sentrale strøk framfor generelt auka avgifter på bilar og drivstoff.

5. Lage prioriteringslister for storby-, småby-, landsbygd- og langdistansetransport som viser kva transportmiddel som skal prioriterast.
6. Gi sykkeltransporten eit nasjonalt løft. Det inkluderer ei ordning med tilskot til kommunar som bygger ut gode gang- og sykkelveggar, utbygging av sykkelveggar langs riksvegnettet og gode fasilitetar for sykkelparkering ved jernbane- og busstasjonar. Det skal vere gratis å ta med sykkel på tog, og ein må krevje at togselskap tek omsyn til syklistar ved kjøp av nytt materiell.
7. Legge betre til rette for el-sykkel som eit miljøvennleg, praktisk og effektivt køyrety.
8. Forby import av nye bilar med rein bensin- og dieseldrift frå og med 2015.
9. Halde på og auke insentiva til å kjøpe heilelektriske bilar minst fram til 2020.
10. Stimulere ordningar for bildeling.
11. Bygge ut ladepunkt og hurtigladestasjonar for el-bilar i høgt tempo over heile landet.
12. Fjerne moms på leige av nullutsleppsilar og batteri.
13. Starte utbygging av ei framtidretta jernbane ved å starte bygginga av ei høgfarbane i neste stortingsperiode.
14. Utbetre Bergensbana slik at reisetida Bergen – Oslo kjem ned til høgst 4 timar innan 2020.
15. Bygge jernbane frå Fauske til Tromsø.
16. Auke kapasiteten til det eksisterande jernbanenettet både for person- og godstransport, mellom anna ved å legge fleire og lengre kryssingsspor og dobbelspor på sterkt trafikkerte strekningar. Utbygging av dobbeltspor og for høgare fart i Inter City-triangelet bør vere ferdig innan 2023.
17. Auke kapasiteten ved godsterminalar og auke talet på terminalar slik at jernbana kan konkurrere med lastebiltransport også på kortare strekk enn i dag.
18. Elektrifisere alle dieseldrivne jernbanestrekk.
19. Stanse investeringar som aukar kapasiteten i riksvegnettet. Nye investeringar bør vere avgrensa til det som tek omsyn til miljø- og tryggleik. I staden for å bygge firefelts veggar med midtrabatt bør det settast opp midtdelarar.
20. Stanse vidare auke av kapasitet ved flyplassane.
21. Oppløyse Avinor og legge flytrafikken inn under politisk styring gjennom eit nytt Luftfartsverk.
22. Innføre ei flyseteavgift på 600,- kr på flygingar på hovudstrekka i Sør-Norge og til utlandet.
23. Fjerne ordninga med avgiftsfritt sal av alkohol på flyplassar.

24. Krevje at skip som ligg til kai i så stor grad som råd blir forsynte med straum frå land, og gjere nødvendige forsterkingar i straumnett.
25. Innføre ei støtteordning for drivstoffsparande tiltak og overgang til meir miljøvennlege drivstoff i skip, inkludert ferjer og fiskeflåten.
26. At kommunar skal samarbeide om arealplanlegging med andre kommunar i nærleiken, med sikte på eit samla utbyggingsmønster som minimerer transportbehova.
27. Handheve forbodet mot nye bilbaserte kjøpesenter, stimulere kommunane til å bygge om eksisterande kjøpesenter og flytte mest mogleg av detaljhandelen til sentrum.
28. Styrke tilskotsordninga for kollektivtiltak i dei store byane.
29. At all utbygging av infrastruktur for skinnegående trafikk skal finansierast av staten fullt ut.
30. At det skal byggast bytog i Bergensregionen.
31. Styrke samarbeidet mellom kommunane om bompengesystem.
32. Stimulere kommunane til å gjere bysentrum bilfrie.
33. At alle riksvegar med fleire enn to felt i byområde skal ha kollektivfelt.
34. Innføre eit nasjonalt personleg kollektivkort som skal gjelde for all kollektivtransport i heile Norge.
35. Handheve forbod mot tomgangskøyring strengare.
36. Starte eit program for å redusere bruken av bil i dei mindre byane, og auke delen bilfrie areal og gater. Det må byggast fleire gang- og sykkelvegar og sykkelfelt.
37. Innføre ei tilskotsordning for fylkeskommunar som utviklar tilpassa og fleksible kollektiv-tilbod i distrikta, når det kan påvisast at dei fører til mindre bilbruk.
38. Støtte produksjon av biogass og utbygging av infrastruktur for levering av raffinert biogass til buss-transport, særleg i distrikta der biogass er eit aktuelt CO<sub>2</sub>-nøytralt alternativ for bussar. I byane kan busstrafikken delvis bli elektrifisert.
39. At ferjer og hurtigbåtar skal drivast med elektrisitet eller biogass der det er råd, subsidiært med naturgass. Staten må yte nødvendig støtte til ombygging og infrastruktur. Ferjestrekk skal behaldast framfor å bygge undersjøiske tunellar, når den første løysninga er mest miljøvennleg.
40. Fjerne unntak frå CO<sub>2</sub>-avgift innan transportsektoren.

*Sjå også mellom anna kapittel 1.2, 1.3, 2.1, 2.3 og 2.4.*

# 1.4 NATURMANGFALD OG AREALFORVALTNING

Dei største trugsmåla mot økosystem og naturmangfald på jorda i dag er menneskelege inngrep som fragmentering ved ulik arealbruk, klimagassutslepp, ureining, for sterk utnytting og spreing av framande artar. Kravet om økonomisk vekst og kortsiktig inntening aukar presset på naturen. Den omfattande menneskelege påverknaden av atmosfæren, havet og landområda har ført til unaturleg raske endringar i livsgrunnlaget som gjer naturlege tilpassingar hos mange artar vanskeleg. Utrydding av artar er naturleg, men i dag skjer det 100-1000 gonger raskare enn det som har vore naturleg dei siste 100 millionar åra. Tap av artar og natur fører til dramatiske og til dels irreversible endringar av våre eigne livsvilkår på jorda.

I dag er kvar fjerde art på jorda utryddingstrua. Både dette og omsyn til naturens eigenverdi gjer det nødvendig å redusere vårt økologiske fotavtrykk. Dei Grøne vil arbeide aktivt for å fremje forståinga av kor avhengige vi er både av intakte artar og økosystem. Det vil medverke til at natur i mindre grad blir oppfatta og behandla som ein salderingspost.

Pågåande klimaendringar endrar norsk natur utan at vi i dag har oversyn over alle effektar. Naturen blir meir sårbar til fortare klimaendringane skjer. Gjennom arealplanlegging og arealforvaltning kan vi ta val som aukar eller dempar effekten. Dei Grøne vil styrke samfunnet si evne til ei berekraftig arealplanlegging både nasjonalt, regionalt og lokalt.

Dei Grøne vil verne meir av norsk natur. Hittil er ein vesentleg del av høgfjellsnaturen verna, men lite av skogen og andre naturtypar der dei økonomiske interessene er større. Samtidig som vi vernar meir av desse, er det viktig at areala som blir utnytta blir drivne på måtar som tek vare på og aukar det biologiske mangfaldet. Dei Grøne meiner at både jordbruk, skogbruk og sjøbruk i større grad må drivast etter økologiske prinsipp. Innsatsen for å rehabilitere økosystem som er øydelagde av ureining eller inngrep må aukast. I tillegg til å forvalte areala på berekraftig vis, vil vi styrke innsatsen for å verne einskildartar som er truga av utrydding.

Norge påverkar også indirekte internasjonal natur og mangfald, og Dei Grøne vil sette krav til norsk verksemd i utlandet, om at Norge ikkje skal bidra til artstap og øydelegging av habitat. Dette gjeld ikkje minst gjennom statseigde selskap og Statens pensjonsfond utland.

## Miljøpartiet Dei Grøne vil:

1. Ta trugsmåla mot naturmangfaldet på jorda på største alvor og fremje ei økologisk berekraftig ressursutnytting både nasjonalt og internasjonalt. Omsynet til naturmangfaldet må gå føre økonomiske og næringsmessige interesser.
2. Styrke og gjennomføre relevant nasjonal planlegging og regulering i tråd med FN sin konvensjon om biologisk mangfald.
3. Arbeide for å utvikle lover mot «ecocide» (brottsverk mot naturen; øydelegging av økosystem) nasjonalt og internasjonalt.
4. At all arealforvaltning skal vere heilskapleg og kunnskapsbasert i samsvar med Naturmangfoldsloven, der mellom anna prinsipp om samla belastning og føre-var er nedfelt.
5. Krevje at «sårbaranalysar» i samband med arealplanlegginga skal ta omsyn til komande klimaendringar. Dette er viktig for å sikre det biologiske mangfaldet for framtida.

6. Gå sterkare inn for restaurering av øydelagde økosystem i Norge. og ta vare på naturtypar som er truga eller sårbare i høve naturbruk, forvaltning og arealplanlegging.
7. Etablere eit nasjonalt prosjekt for å rydde opp og bygge opp att økosystem i norske fjordar, med særleg vekt på taeskogen langs kysten, men også i kaiområde. Utvikle dette vidare til internasjonale prosjekt.
8. Lage ein nasjonal overordna plan for å unngå ein fragmentert miljøpolitikk der tiltak for naturmangfaldet ser isolert på geografiske område eller einskilde arter.
9. At forbodet mot å jakte på eller uroe dyr i yngle- og hekketida skal omfatte alle dyr som ikkje er svartlista. Omsyn til dyrevern gjeld også når dyr er svartelista. Også desse må avlivast på ein dyrevernforsvarleg måte.
10. Frede utryddingstruga artar og naturtypar i Norge.
11. Ha levedyktige bestandar av rovdyrartene i Norge.
12. Sterkt auke støtta til tiltak som kan dempe konfliktane mellom rovdyr og beitebruk, inkludert gjeting, gjerdning, overvaking og bruk av rasar med naturleg forsvarsinstinkt. Bestandane av rovdyr må samtidig bli forvalta områdevis slik at dei ikkje trugar reindriftsnæringa.
13. Verne minst 10 % av den produktive skogen og monaleg auke vernet av andre naturtypar under skoggrensa, som vassdrag med kantsoner. Også vernet av marine område må utvidast.
14. Forby genmodifiserte organismar (GMO) i Norge, med unntak av farmasøytiske produkt som til dømes insulin produsert ved genmodifiserte bakteriar.
15. Auke støtta til bønder som arbeider med å bevare plante- og dyregenetiske ressursar.
16. Redusere omfanget av vegbygging og andre inngrep som fører til at leveområda for planter og dyr blir oppstykkka.
17. At utbygging av fornybar energi skal skje etter ein overordna plan som peikar ut dei lokalitetane der skadeverknadane på naturmangfaldet blir minst.
18. Styrke grensevernet mot framande artar. Auke innsatsen for å utrydde svartlista artar på ein måte som tek omsyn til dyrevernet.
19. Fremje lengre rotasjonstider i skogbruket, med sikte på større biologisk mangfald og auka karbonlagring.
20. Gjere regelverk for miljøsertifisert skogbruk betre og meir utbreidd, i samsvar med «Forest Stewardship Council statement», og leggje vekt på vern av biologisk mangfald, landskapsverdiar, energibruk, og forbod mot giftsprøyting og kunstgjødsl. Tilskotsordningane for drift og skogsvegbygging må vere tilpassa dette.
21. Innføre totalt forbod mot import og omsetting av regnskogtømmer henta frå sårbare / truga naturlege bestandar og frå plantasjar som ikkje er berekraftige. Forby planting av sitkagran og andre framande treslag i store bestandar, og redusere utbreiinga av slike bestandar.
22. Forby sal og distribusjon av svartlista hageplantar.



23. Styrke oppsynet med naturen for å redusere omfanget av mellom anna faunakriminalitet, ulovleg køyring med snøscooter og anna ulovleg ferdsle i utmark.

*Sjå også mellom anna kapittel 1.6, 1.7, 1.8, 2.1 og 2.2.*

## 1.5 GIFTFRITT MILJØ

Livsstilen vi har utvikla i vårt moderne samfunn har auka bruken av farlege kjemikalier. Både miljøet og dyr og menneske er utsette for eit stort spekter ureiningar og miljøgifter. Miljøgifter let seg vanskeleg bryte ned, og dei hopar seg opp i levande organismar (bioakkumulering). Stoffa har langtidsverknader som aukar risikoen for kreft, skader på forplantningsevne og arvestoff. Det må leggest større vekt på forskning på den såkalla cocktail-effekten der summen av skadeverknader av ulike miljøgifter blir undersøkte og dokumenterte. Dei Grøne vil ha eit langt sterkare tilsyn med utslepp av miljøgifter enn vi har i dag og eit sterkare vern ved at lovbrøt blir straffa strengt etter Forurensningsloven.

Nye miljøgifter som bromerte flammehemmarar og fluorsambindingane PFOS/PFOA finst i dag i norsk natur. Produkt blir ikkje merkte med at dei inneheld desse stoffa, som gir skader på nervesystemet. Vi veit framleis ikkje nok om langtidseffektane av mange miljøgifter. Difor skal føre-var-prinsippet nyttast.

Norske miljøstyresmakter samarbeider internasjonalt for strengare reguleringar og betre kunnskap. Dei Grøne vil styrke denne innsatsen. Vi vil samle hovudansvaret for regelverket om klassifisering og merking av helse- og miljøfarlege eigenskapar hos det nye Berekraftdepartementet. Dei Grøne vil oppfylle «Generasjonsmålet», som inneber at utslepp av miljø- og helseskadelige stoff skal stanse innan 2020. Samtidig som lovgjevinga blir skjerpa, må forbrukarane få informasjonen dei treng for å velje dei mest miljøvennlege produkta.

Avfallsbransjen har viktige samfunnsoppgåver for å unngå at miljøgifter spreier seg i livsmiljøet vårt. Dei Grøne ser på bransjen som ein viktig del av løysinga på dette, og avfall som ein ressurs som bør nyttast som innsatsfaktor i miljøvennleg industriverksemd. Også førebyggjande tiltak bør prioriterast for å hindre at miljøgiftige materialar blir brukte i utgangspunktet. Prinsipp om utvida produsentansvar bør styrkast i industri- og næringspolitikken, der ein bør sjå på reinare produksjon og giftfrie og miljøretta produkt som nødvendig og som eit positivt alternativ for norsk næringsliv.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

1. Gi høgste prioritet i forvaltinga til det overordna prinsippet i Forurensningsloven om at ingen har rett til å ureine, og ikkje gi løyve til utslepp som øydelegg miljø og helse. Både prinsippet om at den som ureinar skal betale, og føre-var-prinsippet i Naturmangfoldloven skal ligge til grunn i all forvalting.
2. Stoppe utslepp og ukontrollert bruk av stoff som er ein alvorleg trugsel mot helse og/eller miljø innan 2020, slik internasjonale plikter gjennom «Generasjonsmålet» krev.
3. Styrke myndet Miljøverndepartementet har til å gjennomføre nødvendige kutt i miljøskadelege utslepp nasjonalt.
4. At Norge skal arbeide meir aktivt for globalt forbod mot bromerte flammehemmarar og dei giftige fluorsambindingane PFOS/PFOA.



5. Samle ansvaret for regelverk om klassifisering og merking av varer med miljø- og helsefarlege eigenskapar hos ein etat.
6. Auke kapasiteten på overvaking av miljø, både i departement og underliggande etatar.
7. Etablere eit statleg finansiert forskingsprogram om miljøgifter sin cocktail-effekt på helse og miljø. Forsking på sprøytemiddelrestar i matvarer skal prioriterast.
8. Ha sterkare og raskare straffereaksjonar mot ulovleg ureining, slik at det ikkje løner seg å ta ein kalkulert risiko.
9. Fase ut og forby bruk av helse- og miljøskadelege stoff i matvarer og innføre langt betre innhaldsmerking av alle matvarer.
10. Gjere retten til informasjon etter miljøinformasjonslova gjeldande ved at forbrukarane gjennom synleg merking får informasjon om rester av plantevernmiddel i frukt, grønnsaker og andre vegetabiliske produkt.
11. Krevje dokumentasjon og informasjon om stoff som er nytta i alle typar varer, slik at forbrukarane kan gjere informerte val.
12. Forby bruk av helse- og miljøskadelege tilsetningsstoff, da det finst fullgode ikkje-forgiftande naturstoff som alternativ.
13. Krevje ein offensiv avfallspolitikk som tek miljøutfordringane på alvor, og som handhevar Forurensningsloven og Naturmangfoldloven strengt.
14. At luftkvaliteten i byane blir nøye overvaka og at strakstiltak blir sette i verk når tålegrensene blir brotne.
15. Arbeide for eit forbod mot handleposar av ikkje-nedbryteleg plast, og sterkt redusert bruk av plastemballasje. All emballasje og andre forbruksvarer som kan resirkulerast skal ha merking som viser rett kjeldesortering.
16. Arbeide for eit internasjonalt forbod mot frakting av plastgranulat i skip på ope hav. Det må satsast på oppsamling og gjenvinning av eksisterande plastureining av havet der dette er mogleg.
17. Ha ein «Kystdugnad» der kommunar og statlege instansar går saman om opprydding for å revitalisere kystområda våre, både i hamner og særleg ureina område med mykje daudt botnvatn.
18. Forby deponering av gruveavfall i fjordar og hav.
19. Auke reinsingskapasiteten i avlaupssektoren og redusere ureining med næringssalt frå jordbruk ved å redusere intensiteten i gjødsling og ved andre agronomiske tiltak. Også ureining frå fiskeoppdrett skal reduserast både gjennom produksjon i lukka anlegg og ved innføring av økologisk fiskeproduksjon.
20. Redusere bruken av salt på vegar ved å strø med sand.

*Sjå også mellom anna kapittel 1.6, 1.7 og 2.1.*

## 1.6 BEREKRAFTIG LANDBRUK

Oppgåva til landbruket er å produsere nok og trygg mat med så låg belastning på natur, klima og ressursar som råd. Det er eit samfunnsansvar at maten vi et blir dyrka ut frå naturgjevne føresetnadar og ressursgrunnlag. Bøndene er og skal vere sjølvstendig næringsdrivande, men ei trygg forvaltning av felles ressursar krev både politisk styring og eit positivt folkeleg engasjement. Dei Grøne vil styrke landbruket over heile landet ved å styrke økonomien og vri næringa i økologisk retning. Tollvernet må brukast aktivt for å auke matprisane, medan støtteordningar og regelverk blir målretta mot sjølvforsyning, miljøvern og dyrevelferd.

Klimaendringar, konflikhtar, auka kjøttforbruk, sløsing og skeiv fordeling trugar mattilgangen i verda. Kjemiske hjelpemiddel, genmanipulering og fossil energi er inga løysning på dette, sjølv om det på kort sikt kan gi høgare avlingar. Etter kriterium som varig fruktbart jordsmonn, nok og reint vatn, naturmangfald, dyrevelferd og lokal mattryggleik kjem økologiske driftsmåtar betre ut. Framover må vi ha klimatilpassing av matproduksjonen, resirkulering av fosfor og andre næringsstoff og overgang til fornyelege energikjelder. Samtidig må produktiviteten holdast oppe. Her har alle land og alle driftsformer, også den økologiske, ei stor utfordring.

I Norge blir dei beste areala med matjord raskt nedbygde, og jordbruket i utkantane forvitrar jamt, samtidig som befolkninga aukar. Dei Grøne vil auke sjølvforsyningsgraden. Det er både unødvendig og umoralsk å hente førråvarer frå store areal i utlandet. Omsynet til naturmangfald og klima set grenser for nydyrking, så attståande areal i både sentrale strøk og i distrikta må sikrast. Dei må også utnyttast betre ved å prioritere menneskemat framfor dyrefôr der det er råd. Beiteressursane må utnyttast betre, og med rette husdyra er beitepotensialet stort i mange delar av landet.

Reindrift er ei av dei viktigaste samiske næringane, med både overlappende og særigne utfordringar samanlikna med anna landbruk. Beitebruket er truga av kraftutbygging, vegar, hyttebyar og gruvedrift, men også overbeiting som følgje av strukturelle tilhøve i næringa. Reindrifta må som anna husdyrnæring ta vare på naturmangfald og dyrevelferd.

Allsidig dyrking av mat over større delar av landet vil skape arbeidsplassar og bulyst med breie ringverkknadar for distrikta. Dei Grøne vil stimulere «den omvendte flyttestraumen» frå by mot bygd ved å styrke økonomien i landbruket, lette omsetninga av landbrukseigedommar og stimulere til grøn entreprenørskap.

Med riktig forvaltning kan skogen framleis vere ein stor leverandør av fornyelege materialar og energi. Både næringa sjølv og naturen vil tene på å bruke eit økologiregelverk etter modell frå landbruket. Mange av dei truga artane våre lever i skogen. Fleire samanhengande område må difor vernast. Skogen si rolle som karbonlager må vurderast opp mot omsynet til naturmangfaldet. Skogen huser mange av dei truga artene våre. Fleire samanhengande område må difor vernast. Skogen si rolle som karbonlager må vurderast opp mot omsynet til naturmangfaldet.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

1. Auke norsk sjølvforsyning av korn, poteter, frilandsfrukt og -grønsaker, mjølk, kjøt og egg. Fôr, gjødsel og såfrø må med i utrekningsgrunnlaget for sjølvforsyningsgraden.
2. Arbeide for at eit årsverk i landbruket gir minst same inntekt som eit årsverk i andre fagarbeidaryrke.
3. Utnytte tollvernet betre slik at mest mogleg av bøndene sine inntekter kjem gjennom prisane på

det dei produserer og sel. Om det er nødvendig for å nå inntektsmålet, må også overføringane over statsbudsjettet auke.

4. Halde fram den politiske prisreguleringa av basismatvarer, basert på forhandlingar mellom produsentane sine samvirkeorganisasjonar og staten.
5. Utreie eit endra tilskotssystem der alle driftstilskota blir samla i eit poengsystem. Støtta skal auke med avstand til marknaden, vanskelege klima-, jord- eller terrengvilkår, omsyn til sjølvforsyning, økologi, dyrevelferd og meir bruk av arbeid framfor innkjøpt utstyr og energi. Også investeringsstøtta må endrast i tråd med desse kriteria.
6. Sikre at samla driftsstøtte ikkje motiverer til spekulasjon i svak drift. Alle bruk skal ha matproduksjon som hovudmål.
7. Fremje prinsippet om matsuverenitet for nasjonane i alle internasjonale forhandlingar, arbeide for eit meir fleksibelt tollregime og avvikle eksportsubsidiane for norske landbruksprodukt.
8. Auke fattige land sin del av matimporten til Norge. På sikt bør all slik import vere sertifisert gjennom Fairtrade eller liknande ordningar.
9. Innføre totalforbod mot nedbygging av matjord. Einaste unntak er for særleg tungtvegande nasjonale samfunnsinteresser eller behov på garden. Det må innførast avgift på nedbygging av matjord og midlane må øyremerkast til nydyrking.
10. Monaleg auke støtta til ordinær ny- og gjendyrking av matjord og grøfting, innan rammene til klimaomsyn og Naturmangfoldsloven.
11. At staten i samarbeid med kommunane fører inn att beredskapslagring av matkorn for minst eitt års forbruk.
12. Styrke andre produksjonar i jordbruket enn mjølk og kjøt, til dømes grønsaker og frukt. Dagens kjøtproduksjon må bli mindre intensiv, og styrast over på husdyrslag som utnyttar grovfôr- og beiteareala best. Den store kraftfôrbruken hos husdyra må ned til høgst 25 % på månadsbasis. I tilskotssystemet må fôropptak på utmarksbeite gi minst like stor utteljing som bruk av grovfôr frå innmark.
13. Premiere frilandsproduksjon av svin og fjørfe gjennom tilskotssystemet, og allmenngjere økologiregelverket sine areal- og beitekrav for nye anlegg i desse produksjonane.
14. Bruke tollvernet til å sikre råvareprisar i tråd med det nasjonale kostnadsnivået og syte for at kraftfôrprisen blir høgare enn prisen på grovfôr. Førråvarer som blir importerte må vere garantert GMO-frie og sertifiserte etter økologiske og sosiale standardar.
15. Avvikle systemet med omsettelege mjølkekvotar. Kvotane skal følgje bruket og tilbakeførast til staten når dei går ut av bruk. Ved omfordeling bør ledige kvotar haldast innan regionen.
16. Gjere utviklinga av gjødselproduksjon basert på human kloakk til eit sentralt satsingsområde for teknologiutvikling.
17. Innføre gratis Debio-kontroll i landbruket.
18. Avvikle meirverdiavgifta på økologiske varer, og sette som mål at offentlege matinnkjøp skal

innehalde 50 % økologiske varer innan 2017.

19. Innføre forbod mot dumpingsal av matvarer i grossist- og butikkleddet.
20. Redusere kasting av mat, mellom anna ved å opprette matsentralar i alle store byar, revidere datomerkingssystemet og utgreie verkemiddel for å redusere svinn frå butikkar og storkjøkken.
21. Innføre ei avgift på all mat som butikkane kastar. Avgifta kan handhevast ved at skatteforvaltninga får innsyn i kva varer som blir tekne inn, og kva som blir registrert som svinn.
22. Utarbeide ein nasjonal plan for klimatilpassing i landbrukssektoren. Regionale utval, der bøndene sjølve er representerte, skal styre arbeidsprosessen i klimatilpassinga. Tiltak som blir fremja skal finansierast av staten.
23. Avvikle fritaket frå CO<sub>2</sub>-avgift på drivstoff i primærnæringane og auke det samla driftstilskotet for næringa tilsvarande, slik at unødige transport og bruk av fossil energi blir redusert.
24. Redusere sprøytemiddelbruken i landbruket og avvise høgare grenser for sprøytemiddelbruk som svar på nye klimavilkår for landbruket.
25. Sette som nasjonalt mål å redusere kjøttforbruket. Statens engasjement i opplysningskontora for kjøtt og andre animalske produkt må avviklast til fordel for støtte til næringsuavhengig opplysning om mat og helse. Opplysninga må ta omsyn til økologi og dyrevelferd.
26. Gi forbrukarane meir informasjonen om animalske produkt, mellom anna ved å innføre ei merkeordning som opplyser om produksjonsmåtar og dyrevelferdstiltak i produksjonsledd og transport.
27. Innføre ei merkeordning for veganske produkt.
28. Korte ned transporten av husdyr til maks fire timar. Dagens slakteristruktur må bli meir finmaska, med fleire mobile slakteri og gardsslakteri.
29. Forby oppdrett av pelsdyr straks. Om ikkje eit forbod blir innført straks, vil Dei Grøne avvikle statsstøtta til pelsdyrnæringa.
30. Redusere bruken av antibiotika i landbruket.
31. Oppheve forbodet mot dyrking av industriell hamp til bruk som til dømes fiber og fôr.
32. Legge til rette for meir andelslandbruk, fleire kolonihagar, parsell- og skulehagar og andre former for matproduksjon i byar og tettstadar.
33. Innføre varig bu- og driveplikt i konsesjonslova og frysing av dagens konsesjonsgrenser for å sikre aktiv drift og busetting.
34. Forbetre og spreie regelverk for miljøsertifisert skogbruk, med vekt på bevaring av biomangfald og landskapsverdiar, energibruk, og forbod mot giftsprøyting og kunstgjødsel. Tilskotsordningane for drift og skogsvegbygging må ta omsyn til dette.
35. Fremje lengre rotasjonstider i skogbruket, med sikte på større biologisk mangfald og auka karbonlagring.

## 1.7 BEREKRAFTIG SJØBRUK

Fiskeria er ein helt sentral del av matforsyninga. I store delar av landet er næringa også ein viktig arbeidsplass og kulturberar. Det er difor rimeleg med betydeleg politisk regulering, og lokalsamfunna må alltid takast med i forvaltninga av dei marine ressursane. Sjølv med strenge krav til økologisk og sosial berekraft, bør sjømat framleis vere ei av dei største eksportnæringane våre når oljealderen tek slutt.

Lukking av fiskeriallmenningen, strukturering og privatisering av kvotar har vist seg å vere mislykka. Vi har fått ei sentralisert og kapitalintensiv næring der store verdiar blir overførte til finanssektoren. Kapasitetsauken legg press på fiskeressursar med høg verdi, men fører også til underfiske på artar som kunne vore betre utnytta. Fiskeflåten er lite robust i periodar med mindre kvotar, noko som fører til større press på kvotar enn det som er økologisk tilrådeleg. Det fører igjen til at fisket skjer stadig lenger frå kysten og dels i feil alder, slik at bestanden kjem inn i ein vond sirkel. Andre konsekvensar er sløsing med energi, utarming av mottak og industri på land, og at det har vorte vanskelegare å etablere seg som fiskar. Ei periode med stor torskebestand må ikkje skugge for desse strukturelle utfordringane.

Omsetjing av fisk på heimemarknaden har sein og dårleg distribusjon på grunn av einspora fokus på eksport. Innanlands sal av fisk kunne vore dobla med betre kvalitet og produktspekter, med helsevinstar for både individ og samfunn.

Oppdrettsnæringa påfører samfunnet store tap i form av ureining av fjordar og kystområde. Trass i dette tillèt styresmaktene stadig vekst i næringa. Dei Grøne meiner at næringa kan bli eit berekraftig tilskot til norsk næringsliv berre gjennom ein vesentleg reduksjon i omfanget. Dagens vekst baserer seg på at store kvanta matfisk blir henta frå fjerne kystområde og malne opp til fôr. Vi må minimere bruken av menneskemat til dyrefôr i sjøbruket slik som i landbruket. Problem med røming, lakselus og organiske utslepp skal løysast ved overgang til lukka anlegg og gjenvinning av avfallet. Fiskeoppdrett er dessutan eit klart problem for dyrevernet, og eigarskapen er så konsentrert at anlegga i liten grad gir lokalsamfunna verdi.

Friske marine økosystem er ein avgjerande del av livsgrunnlaget vårt, langt ut over sjømatnæringa. Klimaendringar fører til eit varmare og surare hav, som saman med fleire ureiningar utgjør alvorlege stressfaktorar for kysten vår. Ei berekraftig forvaltning krev omfattande kunnskap om pågåande endringar i havmiljøet, men vi veit nok til å sette i gang viktige tiltak. Dei Grøne ønskjer ein kystdugnad for å bremse den negative utviklinga kystområda no er inne i.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

1. At ein berekraftig og open kystfiskeflåte skal vere ryggrada i næringa, med havfiskeflåten som supplement med strenge krav til lokal landing av fisken.
2. Oppretthalde råfisklova og deltakarlova, med strenge grenser for kor mange farty eit reiarlag kan eige.
3. Starte eit nasjonalt prosjekt for reetablering av øydelagde økosystem i norske fjordar og hamneområde.
4. Avvikle privateigde/omsettelege kvotar og opne fiskeriallmenningen igjen, slik at alle kvalifiserte fiskarar får personkvotar innanfor vitskapeleg fastsette totalkvotar. Førre-var-prinsippet skal leggast til grunn. Innstrammingar må løysast ved naturleg avgang, eventuelt med likt prosentkutt i alle personkvotar, men slik at kystflåten blir skjjerma så langt som råd.

5. Følgje opp forslaga frå kystfiskeutvalet i 2008 om eiga lov og forvaltning for kystfisket i Finnmark, for å sikre rettar for lokalbefolkninga generelt og samane spesielt.
6. Prioritere prinsippet om matsuverenitet til nasjonane i alle internasjonale forhandlingar.
7. Arbeide offensivt internasjonalt mot lovleg og ulovleg overutnytting av fisk og andre marine artar, og arbeide for et internasjonalt forbod mot utkast av fisk.
8. Utvikle den norske heimemarknaden for sjømat ved å opprette fiskerisamvirke etter modell frå landbruket, med vekt på foredling og distribusjon av lokal fersk fisk.
9. Regulere fôrproduksjonen til oppdrettsnæringa for å unngå at matfisk og annan menneskemat blir brukt til fôr. Genmodifiserte råvarer må bli forbodne i fiskefôr.
10. Gi nye konsesjonar for oppdrett berre dersom anlegget er lukka, med sjøvatn henta frå under fotosynteselaget og med effektiv reinsing. Gamle anlegg må lukkast på same vis innan 2020.
11. Sikre betre dyrevelferd hos oppdrettsfisk, mellom anna ved å innføre lågare maksimumsgrenser for tal på fisk i ei merd.
12. Initiere og finansiere eit forskingsprogram om dyrevelferd i havbruk.
13. Forby kitinhemmarar som medisin i oppdrettsnæringa.
14. Satse meir på utnytting av algar og annen vegetabilsk sjømat.
15. Støtte arbeidet med økologisk sertifisering av sjømat etter modell frå landbrukssektoren.
16. Ha meir forskning på marinøkologi, årsaker til og konsekvensar av utslepp av nærings salt, endringar i vegetasjonen på havbotnen og innføring av nye artar.
17. Støtte utvikling av selektive reiskapar for å minske uønskt bifangst. Dette skal være reiskapar av materialar som raskt blir nedbrotne ved tap, energieffektive farty og miljøvenlege drivstoff.
18. Ha særleg fokus på rehabilitering av tareskog og vern av oppvekstområde for yngel og ungfisk. Difor må botntrål bli forbode.
19. Auke kontrollen med ulovleg fiske i indre farvatn. At fangst- og avlivingsmetodar skal ta omsyn til at fisk kan kjenne smerte.
20. Forby all fangst på havpattedyr som kval og sel.

*Sjå også mellom anna kapittel 1.8, 2.1, 2.2 og 2.3.*



## 1.8 DYREVERN

Norsk lov stadfestar eigenverdien til dyr. Alle familiedyr og ville dyr så vel som dyr i landbruket, fiskerinæringa, underhaldingsindustrien og forskning skal kunne ha glede og kvile. Dei skal ha så god tilgang på naturleg utemiljø og rørsle som råd, og kunne utfalde seg ut frå artstypiske og individuelle behov. Dette krev ei langt større offentleg satsing på dyrevern i nærings- og landbrukspolitikken. Dei Grøne vil avvikle pelsdyroppdrett, fordi denne forma for kommersielt rovdyrhald er uforsvarleg uansett nytta for menneske.

Vi vil revidere omsetningslova frå 1936 og avvikle dei såkalla opplysningskontora, der staten medverkar til auka konsum av intensivt produsert kjøt, egg og mjølk. Dagens opplysningskontor bør erstattast med eit næringsuavhengig opplysningssenter for mat og helse, som tek omsyn til dyr og miljø og fremjar nisjeprodukt, økologiske varer og lokalprodusert mat.

Dei Grøne meiner at det offentlege må støtte betre opp om mottak og omplassering for heimlause eller bortkomne familiedyr. Frivillige organisasjonar gjer i dag eit viktig arbeid på dette feltet, men det må ytast klart meir offentleg stønad enn i dag for å kunne dekke behovet.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

1. Flytte det offentlege ansvaret for dyrevernet frå Mattilsynet under Landbruksdepartementet til eit eige dyretilsyn under Miljøverndepartementet.
2. At produksjonsstønad og lånevilkår til landbruket i større grad gir intensiv til investeringar i god dyrevelferd.
3. Revidere næringsforskrifter som regulerer handtering av dyr. Dette for å sikre at praktisk regelverk betre følgjer intensjonane i Dyrevelferdsloven.
4. Endre slakteristrukturen slik at dyretransport blir kortare, og høgst fire timar lange. Bruk av mobile slakteri og gardsslakteri må vere ein del av løysinga. Dyra skal ha fri tilgang til vatningsautomat undervegs, eller annankvar time. Dersom krava ikkje blir stetta, må ein nytte mobilt slakteri.
5. Krevje at dyr i fangenskap skal få utfalde seg ut frå artstypiske og individuelle behov, uavhengig av økonomiske omsyn.
6. Sette som nasjonalt mål å redusere kjøtforbruket og fremje vegetariske alternativ i offentlege innkjøp. Staten sitt engasjement i opplysningskontora for kjøt og andre animalske produkt må avviklast til fordel for støtte til næringsuavhengig opplysning om mat og helse. Opplysninga må ta omsyn til økologi og dyrevelferd.
7. Gi forbrukarane meir informasjon om animalske produkt, mellom anna ved å innføre ei merkeordning som opplyser om produksjonsmåtar og dyrevelferdstiltak i produksjonsledd og transport.
8. Forby oppdrett av pelsdyr straks. Om ikkje eit forbod blir innført straks, vil Dei Grøne avvikle statsstøtta til pelsdyrnæringa.
9. Skjerpe rasekrav for landbruksdyr og familiedyr. Avl og import av dyrerasar som genetisk fører til vesentlege helseskadar eller lidingar for dyra må bli forbode.
10. Endre regelverket i kyllingproduksjon slik at ein måler tal på dyr per kvadratmeter i staden for



kilogram per kvadratmeter som i dag.

11. At dyr i økologisk og anna landbruk skal ha krav på den beste kunnskapsbaserte medisinske behandlinga.
12. Innføre obligatoriske tiltak for å hindre at opp til 40 % av rådyrkalvar i Norge blir drepne av slåmaskiner.
13. Forby dyreforsøk som fører til smerte, stress og angst. Støtte gode alternativ til forsøk på dyr, uavhengig av vitskapleg formål, mellom anna ved å opprette eit eige forskingsfond.
14. Forby import av kosmetikk, hushaldsartiklar og krigsmateriell, og ingrediensar i slike produkt, som er testa på dyr.
15. Arbeide for at alle animalske produkt som blir importerte til Norge må vere produserte etter norske krav for dyrevelferd. I ein overgangsfase må produkt som inneber særleg dårleg behandling av dyr, som levandeplukka gåsedun, merkast tydeleg for forbrukaren.
16. Forby misbruk av dyr til underhaldning, inkludert ville dyr i sirkus.
17. Syte for betre rydding og sikring av jernbanestrekningar, og sikre overgangar for både menneske og dyr. Togførarar må kunne ha tilgang til våpen, og få opplæring i bruk, for raskt å kunne avlive påkøyrde dyr.
18. Oppmode hunde- og katteeigarar til å ID-merke dyra sine, for at færre heimlause kjæledyr skal kome bort.
19. Etablere og støtte senter for heimlause dyr i dei største byane. Sentera skal drive omplassering og gi informasjon til publikum om dyrehold og dyreåtferd, og støtte frivillig arbeid med omplassering av dyr over heile landet.
20. Stimulere til kastrering/sterilisering av kattar som går fritt ute.
21. Oppretthalde forbodet mot import av herptilar (krypdyr og amfibiar), av omsyn til både biologisk mangfald og dyrevelferd.

*Sjå også mellom anna kapittel 1.6 og 1.7.*

## 2. GRØNN ØKONOMI

Grøn økonomi er framtidens økonomi. Målet er ein situasjon der rovdrift på livsgrunnlaget, klimagassutslepp, sosial urett og uetisk behandling av dyr er erstatta med ei audmjuk haldning til naturen og behova til komande generasjonar. Økonomien vil då vere ein integrert del av krinslaupet i naturen, slik at menneska ikkje forbrukar meir ressursar og ikkje har større utslepp enn kloden kan attskape og absorbere. Etter omlegginga vil det økologiske fotavtrykket i Norge vere nede på eit globalt akseptabelt nivå, og innanlands vil samfunnet vere prega av sosial likeverd, individuell friedom, mangfald, demokrati og ikkjevald. Særleg når det gjeld mat, energi og andre basisvarer må økonomien basere seg meir på lokale krinslaup enn dagens globale økonomi. Dette vil gje eit meir stabilt økonomisk grunnlag med tryggare arbeidsplassar og høve til meir demokratisk styring og deltaking.

Dei Grøne avviser dogmet om at kvantitativ vekst i produksjon og forbruk alltid er eit gode og ei løysing på alle kriser. Slik vekst fører alltid til auka ressursforbruk, utslepp eller arealbruk, og det er grenser for kor mykje miljøteknologisk utvikling kan vege opp for dette. Vi treng vekst innan grønne næringar i ein omleggingsfase, for å erstatte dei mindre berekraftige arbeidsplassane i dagens økonomi. Men vekst i det totale velstandsnivået må vere reservert dei fattige. I rike land må det tradisjonelle vekstomgrepet erstattast av økonomisk, økologisk og sosial utvikling som mål på framgang.

Grøn økonomi føreset ei grunnleggjande haldningsendring innan økonomi og politikk. Dei ytre rammene må fastsettast politisk basert på vitskaplege råd om bereevna til økosystema, saman med førevar-prinsippet. Omlegginga må planleggast nøye, og skje gradvis gjennom utprøving og forskning. Vi må organisere økonomien og velje teknologiar slik at vi oppnår betre, tryggare og enklare liv. Samstundes skal vi bøte på dei skadane vi allereie har påført økosystema.

Dei Grøne støttar løysingar som mest effektivt løysar miljøproblema og fordeler gode på rettferdig vis. Sosial fordeling er viktig i seg sjølv, men også for å sikre oppslutning om nødvendige miljøtiltak. Det er viktig at dei ikkje blir oppfatta som urettvise, unødige byråkratiske eller sjølvmotseiande. Samfunnsøkonomien er kompleks. Vi erkjenner at einskildtiltak ikkje alltid fungerer utan at fleire vilkår og tilhøve blir endra. Utslaga kan heller ikkje alltid reknast ut på førehand. Vegen må samstundes i nokon grad bli til medan vi går, og vi er ikkje redde for å peike på retninga. Det held ikkje lenger å flikke på det beståande økonomiske vekstparadigmet. Kursen må endrast, og vi har inga tid å miste.

Grøn økonomi må løyse både dei tilbakevendande økonomiske krisene og den veksande økologiske krisa. For dei fattige i verda har behovet for nye økonomiske vilkår alltid vore akutt. No hastar det for oss alle: Vi må endre økonomien radikalt før klimaendringar, tap av naturmangfald og ureining endrar livsvilkåra våre dramatisk.

### 2.1 ØKOLOGISK ØKONOMI

Presset på økosystema aukar di fleire menneske vi er og di større forbruk vi har. Dette kan delvis kompensereast med teknologiske framsteg. Men sjølv i ein perfekt krinslaupsøkonomi basert på fornybar energi kan ikkje den økonomiske aktiviteten auke evig utan å gjere systemet svært sårbart. Ikkje minst vil det krevje stadig større areal – ei hovudårsak til det massive tapet av artar i vår tid. Grøn politikk må difor bidra til å endre innhaldet i økonomien og oppheve veksttvangen.

Å endre innhaldet i økonomien krev i hovudsak to tiltak: Å knyte krinslaupa saman ved hjelp av re-sirkulering, og å fase ut ikkje fornyelege energikjelder. Ei slik omlegging krev eit breitt spekter av ver-

kemiddel. I nokre tilfelle er det nok å informere betre om innhaldet i og opphavet til varer, men som regel er prismekanismen meir effektiv. I dagens økonomi speglar ikkje produktprisane miljø- og helsekostnadane. Sjølv om kroneverdien av urørt natur, reint miljø og god helse er vanskeleg å fastsetje, må prinsippet om at ureinar skal betale brukast langt meir offensivt og målretta enn i dag. Her kan både kjeldes katt, ulike typar kvotar, panteordningar og subsidiar utfylle dei ordinære avgiftene som konkrete løysningar. Einskilde uønskte produkt er det enklast og mest effektivt å forby.

For å få den økonomiske veksten under kontroll, vil Dei Grøne mellom anna prioritere kortare arbeidstid framfor auka forbruk. At vi i dag produserer langt meir per arbeidstime enn våre føregjengarar har gjort livet lettare. Vi har fått kortare arbeidsdagar og lengre feriar, men mesteparten av den enorme produktivitsauken er teke ut i form av auka kjøpekraft og forbruk. Problemet med forbruksauke blir endå meir prekært på grunn av det aukande folketalet. Greier vi å stabilisere forbruket, vil tekniske framsteg bidra til å redusere det økologiske fotavtrykket for kvart menneske.

Samstundes har produktivitsauken i stor grad vore basert på mellombels, rik tilgang på fossile energikjelder. Og i sektorar som omsorg og matproduksjon bør den manuelle arbeidsinnsatsen heller aukast enn reduserast framover. Vi kan difor ikkje forvente at produktivitsauken i økonomien som heilskap held fram uendra etter ei grøn omlegging.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

1. Innføre nasjonale mål for livskvalitet og økologiske berekraft som supplerer bruttonasjonalproduktet som utviklingsmål for samfunnet, og setje ein tidsfrist for å redusere det økologiske fotavtrykket vårt til eit berekraftig nivå.
2. Gjere om Finansdepartementet til eit Berekraftsdepartement (BKD) med overordna mynde til å samordne slik at alle sektorar trekkjer i berekraftig retning.
3. Gi Berekraftdepartementet ansvar for at utviklingsmåla blir reflekterte i offentleg planlegging og evaluering, i næringslivet og i frivillig sektor. Slike mål må styrkast i selskapslovgivinga, særleg for selskap med statleg eigarskap.
4. Arbeide for internasjonale avtalar som fremjar grøn økonomisk politikk. Vi vil utnytte handlingsrommet innan dagens avtaler betre, arbeide offensivt for å reformere dei, og gå føre på eiga hand når det er føremålstenleg.
5. Endre regelverket for fastsetting av arbeidstid i arbeidsmiljølova slik at nedtrapping av normalarbeidstida som hovudregel erstattar reallønsauke. Innanfor dette rammeverket må partane som før forhandle om årleg storleik på og fordeling av arbeidstidsreduksjonar. Talgrunnlaget for tariffforhandlingane må utvidast med indeksar for økologisk berekraft og sosial rettferd.
6. Stanse all vidare leiting etter olje og gass på norsk sokkel, og redusere utvinningstempoet på eksisterande olje- og gassfelt gradvis, med 50% innan 2020. Målet er å avvikle petroleumsverksemda fullstendig innan 20 år. I tillegg skal alle subsidiar til næringa avviklast.
7. Sikre full resirkulering av materialressursar, ved å lovfeste ansvaret til produsentar og importørar for heile livsløpet til produkta sine. Dette må ordnast slik at avfallsleveringa blir gratis. Det kan gjerast ved å la deler av meirverdiavgifta bli «avfallsgebyr på føreskot», auke ordinære prisar eller panteordningar.
8. Arbeide internasjonalt for regulering av uttaket av mineralressursar (metall, fosfor med meir) gjennom bruk av kjeldes katt. Satsane skal fastsetjast overnasjonalt i FN-regi, medan inntektene kjem

opphavslanda og lokalsamfunna til gode. Norge må gå føre ved å regulere eiga gruvenæring etter same prinsipp.

9. Auke krava til produktkvalitet, og utvide garantitida på varer som kan lagast meir haldbare enn i dag. Det skal utreiast om meirverdiavgifta kan brukast til å premiere produkt som toler gjenbruk og held seg lenge.
10. Innføre fleire miljødifferensierte satsar i skatte- og avgiftspolitikken (grøne skattar), for å styre både forbrukaråttferd og næringsutvikling i berekraftig retning.
11. Avvikle subsidieordningar som har naturskadelege effektar og bidreg til å redusere sjansane til å nå Norge sine nasjonale miljømål og internasjonale forpliktingar.
12. Stimulere til endring av avgiftssystemet for infrastruktur og kommunale avgifter, slik at avgifta blir lagt på faktisk forbruk.
13. Forby reklame i skular og barnehagar, og stille strenge krav til omfang eller relevans av reklame i andre offentlege bygg. Uadressert reklame, dvs. reklamevedlegg og innstikk i aviser, skal berre delast ut til dei som aktivt samtykkjer i å ta imot slik reklame.
14. Støtte forsøk med bokføring av økologiske og sosiale verdiar, eventuelt ved hjelp av komplementære valutaer, og greie ut om det kan givast skattefrådrag til bedrifter som kan dokumentere overskot av slike verdiar.
15. Setje eit nasjonalt tak på arealbruken til bygg- og næringsføremål, for å verne attverande landbruks-, utmarks- og sjøareal og produktiviteten deira for ettertida.

*Sjå også mellom anna kapittel 1.1–1.8 og 2.2–2.7.*

## 2.2 DEMOKRATISK ØKONOMI

Ein grøn økonomi føreset strengare politisk styring enn i dag. Her vil eit Berekraftdepartement få ei sentral rolle, der oppsyn med den ordinære økonomiske utviklinga blir utfylt av dei andre to hovudpilarane i berekraftig utvikling: økologisk og sosial utvikling.

I tillegg til å føre vidare dei beste prinsippa frå plan- og marknadsøkonomien, vil mange oppgåver i ein grøn økonomi løysast best av den tredje hovudsektoren i økonomien: sivilsamfunnet og frivillig sektor. Dette har sin parallell innan eigarskap, der offentleg og privat eigedom må supplerast med allmenningar og samvirke. Når vi avgjer kva for ein av dei tre hovudsektorane eller eigarformene som er best eigna, må vi ta omsyn til særpreget til den aktuelle verksemda eller oppgåva, og kva føremål den har. Effektivitet betyr ikkje det same, og kan ikkje målast på same måte, innan til dømes barnevern og vegbygging. Dei Grøne meiner at naturressursar, infrastruktur og sentrale velferdstenester i hovudsak må forvaltast av fellesskapet gjennom offentleg eige, allmenningar eller samvirke. Der privat eige og drift er føremålstenleg, må det likevel vere underlagt kontroll av fellesskapen gjennom til dømes eigarskapsavgrensingar og konsesjonar.

Den politiske styringa må sikre at alle tre sektorar og eigarskapsformer underbygger same mål og trekkjer i same lei. Offentleg sektor må få tydelegare styringsrutinar slik at dei tre pilarane i berekraftomgrepet, den økologiske, den sosiale og den økonomiske, kjem til uttrykk i planlegging og resultatmåling. Marknaden må styrast etter same mål med lovregulering og økonomiske insentiv.

Sivilsamfunnet må stimulerast med økonomisk støtte, tilrettelegging og samarbeid. Slik får både måla, rollefordelinga og eigarstrukturen i det økonomiske livet ei tredimensjonal form. Til saman blir det eit robust grunnlag for økologisk, sosial og økonomisk utvikling.

Lokalt demokrati og sjølvstyre er ein grøn verdi i seg sjølv. Alle politiske felt, ikkje minst forvaltinga av sårbare areal og naturressursar, er avhengige av nasjonal styring. Balansen mellom lokal og sentral styring må vurderast nøye ut frå dei overordna grønne måla.

Dei Grøne er også tilhengarar av internasjonalt samarbeid og overnasjonal styring når dette støttar måla våre. Handlingsrommet i dei internasjonale organisasjonane og avtalene vi tek del i kan utnyttast betre. I andre tilfelle er det på sin plass å arbeide for å endre det, eller i verste fall tre ut. Ei verd utan felles handelsreglar er ikkje ønskeleg. Her er det også nødvendig med ein balanse som sikrar folkeleg tillit og oppslutning om dei aktuelle mål og løysningar.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

1. Sikre demokratisk kontroll med alle naturressursar, gjennom offentleg-, samvirke- eller allmenningsbasert eigarskap. Unntatt er ordinære jord- og skogbrukseigedomar, som framleis må kontrollerast gjennom konsesjonslova.
2. Sikre lokalbefolkninga sin rett til bruk og medverknad i stats- og bygdeallmenningane, og gi kystbefolkninga tilbake rettane i fiskeriallmenningen.
3. Styrke forbrukarmakta, mellom anna ved å forbetre krav til forbrukarinformasjon. Det må innførast ei heilskapleg og tydeleg merkeordning for hushaldsartiklar, kosmetiske produkt, mat og klede. Den skal gi informasjon om arbeidskår, miljøbelastning og dyrevelferd.
4. At viktig infrastruktur som vegar, baner, kablar, kloakk og drikkevatt framleis skal eigast av det offentlege eller samvirke.
5. At dagens sjølvkostprinsipp (utbytteforbod), som fungerer godt i skulesektoren, blir utvida til å gjelde innan kriminalomsorg, barnehage og utdanning.
6. At offentleg investeringsstøtte til private aktørar i velferdssektoren må førast tilbake ved opphør av verksemda eller kontrakten.
7. Bruke statleg eigarskap aktivt for å fremje miljø- og sosialt ansvar i bedrifter. Eventuelle nye statlege engasjement i industrien skal helst vere i selskap som kan bli spydspissar i ei grøn omstilling.
8. Fremje demokratiske og lokale eigarskapsformer i næringslivet, inkludert samvirke mellom medarbeidarar og/eller forbrukarar.
9. Etablere regionale senter for rettleiing og stimulering av samvirkeverksemd.
10. Redusere bruken av styringsprinsipp frå det private næringslivet i offentleg sektor, mellom anna ved å reversere noko av oppsplittinga og fristillinga av offentlege verksemder.
11. Samarbeide med grønne parti i Europa for å tilpasse EØS-avtalen og tilhøyrande EU-strukturar prinsippa for grøn økonomi. Samstundes må Norge markere motstand mot EU-reglar som svekker handlingsrommet for grøn politikk.

12. Auke anbodstaket for offentlege innkjøp og oppdrag til gjeldande EØS-nivå så lenge vi er bundne av denne avtalen.

*Sjå også mellom anna kapittel 2.1, 4.1 og 4.2*

## 2.3 GRØN NÆRINGSUTVIKLING

Dei Grøne vil gi det norske oljeeventyret ein lykkeleg slutt. Det vil seie at nye grønne arbeidsplassar og inntektskjelder skal utviklast i takt med at olje- og gassnæringa blir trappa ned. Dette er ei stor utfordring for den grønne økonomien, men nedtrappinga i petroleumsnæringa vil lette kostnadspresset og konkurransen om kompetent arbeidskraft som i dag hindrar alternativ næringsutvikling. Vi vil bruke noko av Statens pensjonsfond utland (oljefondet) til ei brei omlegging av norsk næringsliv i grøn retning. Vi vil legge til rette for grøn entreprenørskap og grøn innovasjon i både privat, offentleg og frivillig sektor.

Det finst allereie teknologi som kan bidra til ei meir berekraftig nærings- og samfunnsutvikling. Vi vil bidra til at slik teknologi kan utprøvast i større skala og tilpassast behovet til samfunnet og einskildpersonar.

I tillegg til denne strukturelle omlegginga, gjer vi framlegg om ei rekkje meir generelle tiltak for eit grønt næringsliv. Vi vil gjere det lettare å starte og drive små føretak, mellom anna ved å differensiere arbeidsgivaravgifta etter storleiken på verksemda. Vi vil også redusere makta til konsern og kjeder. Slik vil vi fremje grøn entreprenørskap og motverke eigarskapskonsentrasjon der hovudkontor og aksjonærar er langt unna produksjonsstaden.

Vi vil styrke marknadsmakta til forbrukarane, sikre demokratisk styring av offentleg verksemd og krevje at bedriftene er medvitne samfunnsansvaret sitt, mellom anna ved å vise sosialt ansvar for lokalsamfunna der dei opererer. Vi vil etablere sosiale inkubatorar og møtearenaer der entreprenørar kan dele kunnskap, ressursar, nettverk og kapitaltilgang. Det vil fremje nye næringar og gi nytt liv i gamle grønne næringar som gjenbruksstasjonar og bytte-tenester.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

1. Trappe ned olje- og gassnæringa raskt, først og fremst av omsyn til den globale oppvarminga, men også den krevjande situasjonen for anna næringsliv som konkurrerer om arbeidskraft og investeringar.
2. Føre ein næringspolitikk basert på aktive politiske prioriteringar av gunstige sektorar og teknologiar, til dømes innan energiøkonomisering, rein ny energiteknologi og resirkulering av materialressursar.
3. Målrette ein del av avkastinga i Statens pensjonsfond utland til forskning og investeringar innan energi, infrastruktur, klimatilpassing og grønt næringsliv i Norge.
4. Trekke ut statseigde bedrifter og investeringar av verksemder der den økonomiske og økologiske risikoen blir vurdert til å vere svært høg.
5. Reformere eller dele opp Innovasjon Norge for å styrke satsinga på sosial entreprenørskap og innovasjon innan industri og miljøteknologi.



6. Etablere regionale senter for entreprenørskap og innovasjon, der entreprenørar, anna næringsliv, lærestader, og aktuelle offentlege instansar samarbeider om å skape vekst i sosialt og grøn entreprenørskap frå grasrota.
7. Støtte uavhengige innovasjonssenter, etter mønster av til dømes FabLab, der potensielle gründerar frå høve til å utvikle ideane sine til fysiske prototypar og forretningskonsept.
8. Endre konkurranselovgevinga og styrke Konkurransetilsynet, slik at det blir råd å setje grenser for eksisterande konsern eller kjeder med urimeleg stor marknadsmakt.
9. Legge til rette for «Bondens marknad» og andre løysningar for direkte sal, og arbeide for auka omsetting av lokale varer i kjedebutikkane.
10. Innføre innkjøpsavtaler for økologiske, lokalproduserte og Fairtrade-merkte matvarer i alle offentlege institusjonar og kantiner.
11. Lette vilkåra for etablering og drift av småbedrifter, mellom anna ved å lempe på byråkratiske krav, og jamstille skatte- og trygdeordningane for sjølvstendig næringsdrivande og arbeidstakarar.
12. Innføre same minstefrådrag for næringsinntekt som for lønnsinntekt.
13. Frita dei minste bedriftene og bedrifter i startfasen frå arbeidsgivaravgift.

*Sjå også mellom anna kapittel 2.4, 2.7 og 3.7*

## 2.4 OLJEMILLIARDAR TIL OMSTILLING

Inntektene frå olje- og gassnæringa har ei nøkkelrolle i den norske økonomien. Det meste av fortienesta kjem fellesskapen til gode og blir spart i Statens pensjonsfond utland (oljefondet). Statens inntekter frå næringa blir sette i fondet som er investert i aksjar, obligasjonar og eigedommar over heile verda. Ved utgangen av 2013 vil det truleg passere 4000 milliardar norske kroner. Fondet er no verdas største investeringsfond. Sjølv med vår politikk for nedtrapping av næringa vil fondet, under elles like vilkår, kunne doblast dei neste 20 åra. Dei Grøne vil stanse dei statlege subsidiane og investeringane i ny olje- og gassutvinning gjennom Petoro, slik at dei midla som elles hadde gått til slike investeringar i staden vil gå til fondet.

Måten oljefondet blir disponert på i dag er svært problematisk av fleire grunnar. Fondet er basert på klimaskadeleg produksjon, og blir investert i menneske- og miljøfiendtleg næringsliv over heile kloden. I mange tilfelle blir fondet investert i selskap som aktivt motarbeider norske mål i miljø-, helse- og forsvarspolitikken. Fondet blir i dag forvalta ut frå at spekulasjon i marknaden skal løyse norske økonomiske utfordringar i åra som kjem. Slik vi kjenner svingingane i marknaden er dette ein svært usikker strategi. Dessutan skaper det ei førestilling om at nordmenn kan leve av renter, noko som tek fokus vekk frå ein meir framtidsretta bruk av midlane.

Dei Grøne meiner fondet bør brukast aktivt for ei berekraftig utvikling i heile verda, inkludert å hjelpe oss ut av fossilenergi-alderen. For å unngå inflasjon og andre undergravande effektar må bruken vere nøye vurderte. Å fase inn fondsmidlar i norsk økonomi må difor skje i takt med at arbeidskraft blir frigjort frå olje- og gassnæringa. Sidan fondet består mest av eksportinntekter, må det i hovudsak bli brukt til import av varer og tenester. Det er ikkje til hinder for at midlar frå fondet kan brukast til grønne



investeringar i norsk infrastruktur. Det er heller ikkje avgjerande om slike investeringar gir økonomisk avkastning i ordinær forstand. Når midlar i dag blir brukt innanfor handlingsregelen til å finansiere drift av staten gir dei heller ikkje slik avkastning. Det avgjerande er at bruken av fondet blir tilpassa rammevilkåra elles, slik at økonomien blir halden stabil under den grøne omlegginga. For Dei Grøne er det uaktuelt å bruke fondet til å dekke ordinær drift, utanom å vere ein buffer ved brå svingingar i skattetrykket eller driftsnivået.

Dei landa som treng mest støtte til ei grøn omlegging har som regel også stor gjeld og arbeidsløyse. Dei Grøne meiner ein betydeleg del av fondet må kome desse landa til gode, ikkje minst fordi dei er mest utsette for klimaendringar og andre problem som oljefondet indirekte er medskuldig i.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

1. Styre Statens pensjonsfond utland, som nasjonaløkonomien elles, etter mål som økologisk berekraft og sosial utvikling i tillegg til det ordinære målet om økonomisk avkastning og sparing. MDG ønskjer å innføre eit eksplisitt juridisk mandat som seier at oljefondet aktivt skal støtte ei global, berekraftig utvikling.
2. Målrette ein del av avkastinga i Statens pensjonsfond utland til forskning og investering innan energi, infrastruktur, klimatilpassing og grønt næringsliv i Norge.
3. Målrette ein betydeleg del av kapitalen i Statens pensjonsfond utland til forskning og investering innan energi, infrastruktur, klimatilpassing og grønt næringsliv i dei fattigaste og mest klimasårbare delane av verda.
4. Investere den ordinære sparedelen av Statens pensjonsfond utland og andre offentlege fond berre i verksemdar som utmerker seg positivt etter etiske og økologiske standardar. Etiske krav må også gjelde for investeringar i statsobligasjonar.
5. Gi etikkrådet for Statens pensjonsfond utland fleire ressursar til å gjennomføre mandatet sitt, og mynde til å trekke fondet ut av selskap som bryt med retningslinene.
6. Døype om Statens pensjonsfond utland til Statens fond for omstilling og utvikling.

*Sjå også mellom anna kapittel 1.1, 5.2 og 5.3*

## 2.5 FINANS- OG PENGEPOLITIKK

Det er liten skilnad mellom den norske finanspolitikken og den som har ført til krise i USA og fleire europeiske land. Desse krisene er ein naturleg del av dagens økonomiske og monetære system, og har kjenneteikn som nettopp finansielle bobler og skeiv fordeling av gode. Dei er eit resultat av medviten politikk og privat spekulasjon. Våre heldige omstende må ikkje skugge for at dei finanspolitiske rammene innbyr til nye kriser.

I ein krisesituasjon er både tilgangen på arbeidskraft og behovet for varer og tenester den same som før. Då må nasjonale styresmakter ha handlingsrom i pengepolitikken, slik at hjula i realøkonomien kan settast i sving igjen. Å fordele om og å stimulere til ny aktivitet vil då vere betre enn rein sparepolitikk, men grøn finanspolitikk må gå endå eit steg vidare. Grøn økonomi må vere stabil og berekraftig utan å føresetje vekst, korkje som førebyggjande eller båtande middel mot kriser.

Dei Grøne meiner at pengar skal vere eit hjelpemiddel for å byte reelle varer og tenester. I dagens system har bankvesenet omfattande handlingsrom til å låne ut pengar som berre finst på papiret. Mange lån går dermed til ikkje-produktive føremål, som forbruk, høge bustadlån og finansiell spekulasjon. På systemnivå inneber rentene ein veksttvang. Den nødvendige meirverdien blir driven inn ved å utkonkurrere andre aktørar, og ved å utnytte arbeidarane eller naturgrunnlaget hardare. Dersom økonomien ikkje veks i takt med pengemengda, undergrev den tilliten til funksjonen pengane skal ha, som oppbevaringsmiddel og verdimålar.

Desse mekanismene vil med jamne mellomrom føre til finanskriser, der tilgangen på lånte pengar langt overstig dei reelle verdiane i økonomien. For at økonomien skal vere stabil over tid, er det viktig at ikkje pengemengda veks raskare enn den faktiske produksjonen av varer og tenester. For å unngå det bør den totale pengemengda og utlånsvilkåra bli regulert strengare enn i dag. Mandatet for regulering av kreditt- og finansinstitusjonane må endrast slik at føremålet blir å fremje samfunnsnytte og ein sunnare balanse mellom finans- og realøkonomien.

Når det materielle velstandsnivået har nådd grensa si, blir det endå viktigare å søke eit pengesystem utan denne vekstmekanismen. Vi vil derfor støtte forsøk med alternative valutaer, som det finst ei rekke vellykka døme på internasjonalt. Vidare vil vi vurdere kva slags konsekvensar det på sikt bør få også for den nasjonale pengepolitikken.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

1. Regulere finanssektoren langt strengare, med sikte på eit sunnare og betre samsvar mellom real- og finansøkonomien.
2. Sikre sentralbanken større kontroll med kapitalrørslene, og avgrense den interne låneverksemda mellom bankane.
3. Nasjonalisere kriseråka bankar og eventuelt privatisere/dele dei igjen seinare, heller enn å redde dei med subsidierte redningspakker.
4. Forby finansverksemd utan påviseleg samfunnsnytte, som hedgefond og shortsal av verdipapir og valuta.
5. Avgrense storleiken på bankar og andre finansinstitusjonar, og heller legge til rette for fleire lokale og målretta alternativ, mellom anna etisk og sosialt orienterte bankar.
6. Regulere utlånsvilkåra til bankar og bustadselskap strammare, slik at det ikkje blir gitt større lån enn folk maktar å betale ned.
7. Innføre eit øvre tak for rentesats på forbrukslån, definert etter styringsrenta i Norges Bank, for å redusere omfanget av slike lån.
8. Støtte forsøk med lokale valutaer, som kan brukast parallelt med norske kroner på lokalproduserte varer og tenester. Slike forsøk må underleggast offentleg tilsyn.
9. Arbeide for ein internasjonal avgift på omsetnad av valuta og verdipapir, som skal øyremerkast tiltak for berekraftig økonomisk utvikling i FN-regi. Satsen kan regulerast i takt med omsetnaden på børsane.
10. Innføre avgift på finanstransaksjonar (finansskatt), med satsar og innslagspunkt innretta for å

råke skadeleg spekulasjon. Finanssektoren må også underleggast meirverdiavgift eller tilsvarende (aktivitetsskatt).

11. Støtte oppretting av eit uavhengig byrå for kvalitetsvurdering av finansinstitusjonar (ratingbyrå) på europeisk eller globalt nivå (under FN). For Statens pensjonsfond utland og andre offentlege fond skal det vere forbode å handle med aksjar og verdipapir som ikkje er godkjende av dette byrået.
12. Motarbeide finansielt hemmelegghald i skatteparadis, ved å jobbe for ein global avtale om informasjonsutveksling og å styrke skatteforvaltninga i fattige land. Det må krevjast land-for-land-rapportering frå transnasjonale selskap. I tillegg skal det vere forbode for Statens pensjonsfond utland og andre verksemder med statleg eigarskap å operere i skatteparadis.
13. Opne for offentlig innsyn i skattelistinge for bedrifter, på same vis som for privatpersonar.
14. Flytte ansvarsoppgåver frå IMF (Det internasjonale pengefondet), Verdsbanken og WTO (Verdas handelsorganisasjon) over til FN-organ som ligg under generalforsamlinga.

*Sjå også mellom anna kapittel 2.4 og 5.2*

## 2.6 SKATTE- OG AVGIFTSPOLITIKK

Skattesystemet skal først og fremst finansiere utgiftene til fellesskapen. Samtidig kan det brukast målretta til å jamne ut sosiale skilnader. Misnøye, utstøying, livsstilssjukdomar og kriminalitet heng meir saman med slike skilnader enn absolutt fattigdom. Utover eit visst velstandsnivå fører ikkje auka kjøpekraft til meir lykke hos norske forbrukarar. Når miljøet i tillegg set grenser for vidare økonomisk vekst i dei rike landa, er det logisk at strev etter å gjere alle rikare må erstattast av rettvis fordeling og omfordeling av goda. Dette er også viktig for å sikre oppslutning om nødvendige miljøtiltak. Tiltaka har liten sjanse til å få gjennomslag utan nødvendig tillit mellom folk, eller om dei blir oppfatta som urettferdige, unødige byråkratiske eller sjølvmotseiande.

Eit viktig verkty for sosial utjamning er progressiv skattlegging, med solide botnfrådrag og tetting av smotthol. For å nå dei politiske måla våre kan det vere nødvendig med eit auka samla skattenivå. Det kan også vere nødvendig for å flytte arbeidskraft til for eksempel eldreomsorg og jernbanebygging når arbeidsmarknaden er stram. Når temperaturen i økonomien skal regulerast, gir skatten betre høve til å ta sosiale omsyn enn rentejusteringar. Formueskatt er nødvendig for å jamne ut eksisterande sosiale skilnader. Meirverdiavgifta er ein godt etablert skatt på forbruk, og kan brukast meir aktivt til å gjere nødvendige, miljøvennlege varer billigare. Ei rad særavgifter har som hovudoppgåve å endre åtferda til folk og bedrifter, slik at inntektene dei skaper til staten krympar til meir vellukka avgiftene er. Dei er difor mindre eigna til langsiktig og stabil finansiering av fellesgoda.

Det norske skatte- og avgiftssystemet er resultat av ei rad utvidingar og reformer, der heilskap, samanhengar og føremål kan verke svært uoversiktleg. Dei Grøne ønskjer eit enklare og meir gjennomsiiktig system, for å auke tilliten og redusere sjansane for misbruk.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

1. Gjere skattesystemet enklare og meir gjennomsiiktig, for å gjere det forståeleg og hindre smotthol og svindel. Vi vil bruke avgifts- og skattesystemet aktivt for å styre både forbrukaråtferd og næringsutvikling i berekraftig retning.

2. Føre vidare ein progressiv personskatt, samtidig som progressiviteten i skattetrappa blir skjerpa. På sikt ønskjer vi å samkøyre skattlegging av løns- og kapitalinntekter betre.
3. Erstatte dei fleste andre skattefrådrag med eit botnfrådrag på 2G per skatteytar (kr. 164.244 i 2012). Forsørgjaransvar skal gi tillegg i frådraget eller tilsvarende auka barnetrygd.
4. Gjere formueskatten meir progressiv, med marginalsats på 3% for dei største formuane og eit minste-frådrag på 30 G per person (kr. 2.463.660 i 2012). Reglane må samkøyrast for alle typar formue, med 100 % likningstakst for alle skatteobjekt unntatt bustad nr ein, som skal liknast etter dagens modell.
5. Sette eit øvre tak på formueskatt for bedrifter lik 10 % av positivt driftsresultat.
6. Fjerne arveavgifta, dersom inntektene kan dekkast inn av høgare formueskatt.
7. Avgrense retten til rentefrådrag i skatten slik at kvar skatteytar berre får frådrag for lån opp til 20G (lik kr. 1.642.440 i 2012), for å hindre at utsikter til rentefrådrag bidreg til å drive opp bustadprisane.
8. Fjerne ordningar som reduserer skattebidraget frå dei rikaste, som skjermingsfrådraget. Avskrivingsreglane må gjennomgåast med same formål.
9. Gi kommunane høve til å auke inntektene ved å fjerne maksimumsgrensene for kommunale skattesatsar.
10. Legge ressurskatt på naturbaserte næringar som vindkraft og fiskeoppdrett etter modell frå konsekvenslovgivinga for utbygging av vasskraft. Skatten skal kompensere lokalsamfunna.
11. Avvikle meirverdiavgifta på økologiske varer, gjenbruk og kollektivtransport.
12. Innføre «Fee-and-dividend» modellen, eller avgift med tilbakebetaling.
13. Respektere at det er viktig med balanse i offentlege budsjett. Underskot skal berre akseptast som motkonjunkturtiltak i nedgangstider, som del av ein heilskapleg plan for igjen å kome i balanse.

*Sjå også mellom anna kapittel 2.2 og 3.2.*

## 2.7 VELFERD OG ARBEIDSLIV

Å bruke evnene og interessene sine til nytte for fellesskapen er ein menneskerett, og for dei fleste avgjerande for eit godt liv. Men vanleg lønsarbeid eller næringsverksemd fyller ikkje alltid dette behovet, og vil i praksis ikkje være tilgjengeleg for alle til ei kvar tid. Norge har i lang tid hatt høg sysselsetting, men også betydeleg skjult arbeidsløyse. Det er ingen samanheng mellom det absolutte velstandsnivået og sysselsettinga, sjølv om det ofte følgjer nye arbeidsplasser med økonomisk vekst. Når evig vekst uansett ikkje kan sameinast med berekraftig utvikling, må ein grøn økonomi by på andre løysningar.

Redusert arbeidstid er eit viktig grep mot veksttvangen i seg sjølv, men kan også brukast til å fordele arbeidet på fleire. Større aksept for å bruke meir av tida si til frivillig arbeid vil støtte dette. Dei Grøne vil gjere kvardagen lettare for dei som av ulike grunnar fell utanfor det ordinære arbeidslivet. Eit av

svara våre på dette er samfunnsløn, som mellom anna kan erstatte sosialhjelp og andre trygdeordningar. Dette vil gjere livet enklare for mottakarane, og redusert byråkrati er ein ekstragevinst. Dette må greiast ut og prøvast, men uavhengig av dette må ulike trygde- og støtteordningar samkøyrast betre.

I alle fall er det avgjerande å sikre den offentlege delen av vårt sosiale tryggleiksnett. Når pensjons- og trygdeordningane utviklar seg til eit uoversiktleg lappeteppe av lovfesta, tariff-festa, offentlege og private løysningar, tener det ikkje dei svakaste – og dermed ikkje samfunnet.

Uformell økonomi har ein viktig plass i den grøne samfunnsvisjonen. Det må vere gode høve til uformell innsats utan at det utløyser sosial dumping eller undergrev skattesystemet. Dette kan vere arbeid i foreningar, livssynssamfunn og nabohele-sentralar. Slik aktivitet styrkjer dei sosiale nettverka. Samfunnsløn og redusert arbeidstid kan legge til rette for denne sektoren og gi arbeidslivet ein fleksibilitet (sett frå arbeidarane sin ståstad), som samla sett kan redusere ein del offentlege utgifter. Frivillig innsats må likevel ikkje bli eit alibi for å unngå strukturelle grep for å løyse utfordringar ved til dømes eldrebølgja.

Dei sterke fagorganisasjonane våre har vore et viktig vern mot sosiale skilnader og alt det fører med seg. Den «norske modellen» i arbeidslivet førebyggjer også økonomiske kriser, men er ingen garanti mot dette. Denne tradisjonen må førast vidare og brukast aktivt på vegen mot ein grøn økonomi.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

1. Sikre og vidareutvikle pensjons- og trygdeordningar i folketrygda slik at dei sikrar ein nøktern og anstendig levestandard for alle livsfasar. Tilleggsordningar må løysast frivillig ved privat sparing eller gjennom tariffavtalar.
2. Indeksregulere barnetrygda og andre statlege velferdsordningar ved å knyte dei til grunnsummen i folketrygda (G).
3. Behovsprøve barnetrygd frå og med barn nummer tre per kvinne, for barn født frå og med 2015. For adoptiv- og fosterbarn ytast full trygd for alle born.
4. Styrke første-lina i NAV kraftig, slik at så få saker som råd sirkulerer i systemet før vedtak. Alle som er langtidsjukmeldte skal ha ein lovfesta rett til oppfølging og første behandling innan 14 dagar etter vedtatt sjukemelding.
5. Opne for uføretrygding i mindre brøkar enn 50 %.
6. Arbeide for reell lønsutjamning til fordel for kvinnedominerte yrke. Det betyr at vi må gi same vilkår for turnusarbeid i helse- og sosialsektoren som for skiftarbeid i industrien.
7. Føre vidare prinsippet om allmenngjering av tariffavtalar. Vi må innføre solidaransvar (oppdrags-gjevaransvar) som generelt prinsipp i arbeidsmiljølova, ikkje berre knytt til bransjar med allmenngjorde tariffavtalar.
8. Auke innsynsretten i arbeidsvilkåra for tillitsvalte og verneombod, og gi fagforeiningane rett til å klage saker inn etter arbeidsmiljølova.
9. Føre vidare reglar om vikarbruk, midlertidige tilsettingar og deltidskontraktar i arbeidsmiljølova.
10. Sørge for meir fleksible arbeidstider og stillingstypar i offentleg sektor. Høg alder skal aleine ikkje vere lovleg grunn til oppseiing.

11. Føre vidare programmet for integrering av innvandrarkvinner i arbeidslivet og elles i det norske samfunnet.
12. Prøve ut ei ordning der fast tilsette kan ta fri opp til 12 månader med utbetaling tilsvarande 85 % av dagpengar, dersom det finst ein arbeidslaus som kan vere vikar i perioden.
13. At arbeidsgivarar som tilset personar med nedsette funksjonar utan vidare skal få økonomiske og tekniske ressursar for tilpassing av arbeidsplassen. Ordninga med funksjonsassistanse skal lovfestast.
14. Fremje den uformelle økonomien ved å fjerne reglar som hindrar eigenarbeid, når dei ikkje er nødvendige av vesentlege miljø-, helse eller tryggleiksgrunnar.
15. Greie ut ei ubyråkratisk ordning med samfunnsløn, og gjennomføre pilotprosjekt i ulike kommunar for å skaffe erfaring. Ordninga skal primært erstatte sosialhjelp, studiestipend og ein del andre offentlege ytingar. Den skal innrettast slik at alle norske borgarar kan få reell fridom til å velje mindre arbeid og erstatte auka forbruk med tid. Ordninga må vere slik innretta at dei aller fleste vil velje ordinært arbeid som hovudinntektskjelde.
16. Samkøyre nokre velferdsordningar betre for å redusere administrasjonskostnadar.

*Sjå også mellom anna kapittel 3.6–3.9.*



# 3. KVARDAGSLIVET

Målet til Miljøpartiet Dei Grøne er eit menneskevennleg samfunn i økologisk balanse. Å skape eit økologisk berekraftig samfunn kan gi oss nokre nye krav i dagleglivet – men gjer også nye ting moglege. Det er inga motsetning mellom eit lågare materielt forbruk og høg livskvalitet.

Staten skal ikkje detaljstyre kvardagslivet til menneska. Innafor rammene som må settast av omsyn til naturen, komande generasjonar og andre sin fridom og rettar, ønskjer vi høg grad av individuell fridom og kulturelt mangfald. Likevel er nokre reguleringar nødvendige for å sikre at livsutfoldinga vår ikkje blir til skade for miljøet eller andre sine rettar. Gode offentlege tilbod må til for å sikre god livskvalitet, og at alle får så gode levekår som råd - uavhengig av kjønn, alder, bustad, yrkesstatus eller helsetilstand. Vi meiner at gode utdannings-, helse- og kulturtilbod og ein vel fungerande offentleg infrastruktur i alle delar av landet er viktigare for livskvaliteten enn å auke det allereie svært høge private forbruket i Norge.

Mange av dei politiske avgjerdene og offentlege tilboda som betyr mest for kvardagslivet ligg ikkje til staten, men til kommunane. Dei Grøne meiner dette er rett, og vil styrke det lokale sjølvstyret slik at avgjerdene blir tekne så nær dei det gjeld som råd. Mange tiltak som er viktige for livskvaliteten skjer i regi av frivillige organisasjonar. Innsatsen deira må bli verdsett høgare. Ikkje alle problem og oppgåver blir best løyste av det offentlege – i mange fall kan menneske som samhandlar på frivillig basis gjere det vel så godt.

Det er viktig at alle lokalsamfunn har ein god infrastruktur med skular, butikkar, bedrifter, bustader, vegar, gang- og sykkelveggar og kollektivtilbod. Det må også skje ei omlegging til meir miljøvennleg energibruk til både oppvarming og transport. Vi vil satse på små grunnskular i nærmiljøa, som representerer livsnerven i gode lokalsamfunn og er vesentlege for å skape trygge oppvekstvilkår.

Bustaden er den viktigaste fysiske ramma om kvardagslivet. Dei Grøne ser det som eit offentleg ansvar at alle kan skaffe seg ein nøktern bustad til overkomeleg pris. I dag er bustadmarknaden nesten utan regulering. Samtidig har dei tekniske krava til nye bustader vorte stadig meir omfattande og fordyrande. Vi vil gjenreise ein sosial bustadpolitikk og samtidig forenkla regelverket, slik at det blir lettare for folk å bygge enkelt, miljøvennleg og billeg.

Barn og unge oppheld seg i barnehagen og skulen i store delar av kvardagen. Dei Grøne er villige til å bruke større ressursar på å sikre høg kvalitet i skule- og barnehagetilbodet, men vi er imot å forlenge skuledagane. Barn og unge skal ha tid og høve til å lære, og oppleve mestring også utanfor skulen. Samtidig må praktiske emne få ein større plass i skulen. Barna representerer framtida, og i all samfunnsplanlegging, skulepolitikk, helsepolitikk, sosialpolitikk og elles skal det takast omsyn til barna sitt beste.

I helsepolitikken vil Dei Grøne legge større vekt på førebygging. Vi vil arbeide for eit samfunn som fremjar fysisk og psykisk helse, og vi ønskjer meir forskning på kva som gir god førebyggjande effekt. Behandling, habilitering og rehabilitering må også få nok ressursar slik at alle får eit fullverdig tilbod. Vi vil fjerne ordningar som fører til byråkratisering av helsevesenet, slik at flest moglege av ressursane kjem pasientane til gode. Sidan svært mange pasientar nyttar alternative behandlingsformer, meiner vi det er nødvendig med eit betra samarbeid mellom skulemedisin og alternativ medisin. Gode barnehage-, skule-, helse- og omsorgstilbod er eit offentleg ansvar. Likevel kan dei offentlege institusjonane på desse områda supplerast med private, ikkje-kommersielle tilbod.

Eit mangfald av kulturtilbod gjer kvardagslivet rikare. Staten må bidra økonomisk til at dette mangfaldet kan utviklast vidare og opplevast i alle delar av landet.



## 3.1 LEVANDE BYAR OG BYGDER

Dei Grøne meiner at byane og bygdene våre må organiserast og planleggast slik at dei blir ein viktig del av løysninga på miljøproblema. Det skal vere mogleg å leve godt og miljøvennleg både i byar, tettstader og bygder.

Byane kan by på eit stort sosialt og kulturelt mangfald. Tett busetnad gjer det mogleg å redusere behovet for energi og dagleg transport. Vi vil verkeleggjere dei potensielle miljøfortrinna til byane ved å fortette, men også gjere byane grønare. Byfolk skal kunne finne ro i grønne omgivnader, dyrke noko av sin eigen mat og ha kontakt med dyr. Vi vil fremje etablering av handel, arbeidsplassar og inkluderande møteplassar i nærmiljøa. Vi vil legge til rette for at flest mogleg reiser kan skje til fots, på sykkel, kollektivt eller med el-bil.

Byane vil alltid vere avhengige av å få mat, energi og andre ressursar utanfrå, men særleg når det gjeld energi kan dei bli meir sjølvhjelpete. Løysninga er å investere i fornybar energi som jordvarme, sjøvarme, fjernvarme, solcellepanel og varmegjenvinning. Det er viktig å unngå nedbygging av dyrkbar mark, og samtidig legge til rette for matproduksjon i grønne bustadfelt.

Dei Grøne vil etablere regionale arenaer for grøn entreprenørskap der ein kan dele kunnskap og ressursar. Her kan ein bygge nettverk med tilgang til kapital innan nye grønne næringar, som matdyrking i byane og vitalisering av gamle grønne næringar som gjenbruksstasjonar og byttetenester.

Bygdene har fortrinn i nærleik til naturen og betre høve til lokal sjølvforsyning. Den lokale identiteten og samarbeidsviljen er ofte sterk. Levande bygdesamfunn treng skular, butikkar, møteplassar og varierte arbeidsplassar. Innbyggarane og næringslivet i distrikta må ha tilgang på viktig infrastruktur utan at det kostar meir enn i sentrale strøk. Vi vil bidra til å snu flyttestraumen frå distrikta og redusere presset på byane ved å legge til rette for at grunnleggande tilbod i større grad kan haldast i hevd i bygde-Norge.

### Miljøpartiet Dei Grønne vil:

1. Stimulere kommunane til å føre ein plan- og næringspolitikk som fører til at daglegvarehandel og viktige servicetilbod blir tilgjengelege for dei fleste innan kort avstand frå heimen. Andre arbeidsplassar bør så langt som råd ligge i sentrum eller ved kollektivknutepunkt.
2. Etablere regionale senter for sosial og grøn entreprenørskap og innovasjon, som eit samarbeid mellom entreprenørar, anna næringsliv, lærestader, og aktuelle offentlege instansar, for å skape vekst frå grasrota.
3. Etablere eit nasjonalt berekraftfond på ein milliard kroner, der organisasjonar og bedrifter kan søke midlar til å gjennomføre lokale grønne prosjekt. Viktige kriterium skal vere at prosjekta er nyskapande og involverer fleire lokale aktørar.
4. Handheve forbodet mot nye bilbaserte kjøpesenter, og stimulere kommunane til å bygge om deler av eksisterande kjøpesenter til bustader og flytte spesialbutikkar tilbake til sentrumsområda.
5. Bygge ut ladepunkt og hurtigladestasjonar for elbilar over heile landet, og arbeide for standardpluggar, både i Norge og i andre land.
6. Innføre krav om ansvarleg vaktmeister i alle offentlege bygg.

7. Ha lokalbaserte politi- og lensmannskontor, som har kjennskap til, og engasjerer seg i nærmiljøet.
8. At staten skal ta ansvar for at det blir bygd ut nettverk med fiberkabel over heile landet, også i spreidd bygde strøk.
9. Ha lik porto og lik nettleige over heile landet.
10. Auke bruken av vegprising i sentrale strøk der kollektivtilbodet er godt.
11. Gi statleg støtte til infrastruktur og ombygging slik at kollektivtransport kan drivast med elektrisitet eller biogass. Dette gjeld både bussar, ferjer og hurtigbåtar.
12. Styrke nærdemokratiet både i by- og bygdekommunar, og invitere til brei deltaking i planprosessane for alle grupper i lokalmiljøa.
13. Krevje at tiltak og strategiar i kommunale klimaplanar blir forankra i politiske vedtak.
14. At kommunane vurderer behovet for klimatilpassing i beredskapsplanane sine.
15. Skape fleire sosiale møteplassar i nærmiljøa, og gjere lokale i skular, kommunehus, ungdomsklubbar og aktivitetshus meir tilgjengelege.
16. Stimulere til lokalt samarbeid om fornybar energi.
17. Bevare eldre bygg og bygningsmiljø og ta omsyn til lokal byggeskikk.
18. Premiere rehabilitering og tilpassing av eksisterande bygg framfor riving og ny oppføring.
19. Stimulere til etablering av ordningar for bildeling.
20. At bykommunane samarbeider med nabokommunar om arealplanlegginga, for å oppnå eit samla utbyggingsmønster som minimerer transportbehova. Fylkesmannen må om nødvendig forhindre at det blir etablert nye reine bustadfelt som vil fungere berre som «sovebyar» for pendlarar.
21. Prioritere mjuke trafikkantar i byar og tettstader ved å satse sterkt på utbygging av samanhengande gang- og sykkelvegar. Vegane skal vere framkomelege heile året, også for funksjonshemma.
22. At nye bygg i byane både skal vere areal- og energieffektive og bidra til naturmangfaldet, til dømes med vegetasjon på tak og fasadar.
23. Følgje opp programmet «Framtidens byer», som blir avslutta i 2014, med eit omfattande og ambisiøst program for meir klimavennleg og økologisk omstilling i byane.
24. Auke naturmangfaldet i byar og tettstader, mellom anna ved å sikre grønne korridorar, og legge til rette for meir dyrking av mat i byområde.
25. Føre ein næringspolitikk, inkludert landbruks- og sjøbrukspolitikk, som stimulerer til etablering av fleire arbeidsplassar i distrikta slik at transportbehovet minkar.
26. Auke støtta til nærbutikkar på bygdene.

27. Auke løyvingar til vedlikehald av vegar og skredsikring i distrikta.

28. Auke statsstøtte til kulturtilbod i distrikta.

*Sjå også mellom anna kapittel 1.3, 3.2, 3.4, 4.1 og 4.2.*

## 3.2 BUSTADPOLITIKK

Dei Grøne meiner at bustadprisane i dag er altfor høge, særleg i dei store byane, men også i det meste av landet elles. Inntektsnivået er i gjennomsnitt meir enn dobla dei 40 siste åra, men delen av inntektene som går til bustad er meir enn tredobla. For mange unge er terskelen til bustadmarknaden uoverstigeleg. Samtidig er tilbodet av utleigebustader lite, og leigeprisane er for høge.

Vi vil føre ein politikk som gjer det mogleg for alle å skaffe ein nøktern bustad til overkomeleg pris. Dette skal vere mogleg både for dei som helst vil eige og for dei som vil leige. Vi vil gjenreise den sosiale bustadpolitikken og auke Husbanken si utlånsramme slik at bustadbygginga aukar og prisane går ned. Medan bustadmarknaden i dag nesten er heilt liberalisert, har bustadbygginga tvert imot vore emne for aukande detaljregulering gjennom lov og byggeforskrifter. Dette har også ført til auka byggekostnader.

Miljøpolitiske verkemiddel i bustadsektoren må bygge på ei heilskapleg økologisk forståing. Produksjon, vedlikehald og drift av bustader krev store areal-, material- og energiressursar. Butilhøva påverkar samtidig folk sin ressursbruk og miljøbelastningar på andre område. Bustader med nøktern storleik krev mindre av alle slags ressursar enn store bustader, men ut over dette er samanhengane mellom byggemåtar, bustadmiljø og ressursbruk komplekse.

Dagens plan- og bygningsregelverk er for rigid og prega av bestemte syn på kva løysingar som er miljøvennlege og tenlege. Nokre reglar fører til auka ressursbruk. Dei Grøne vil forenkle regelverket. Vi vil oppmuntre til nytenking og innovasjon når det gjeld økologiske byggeteknikkar, klimavennlege bygg med redusert energibruk og bustadmiljø som legg til rette for eit miljøvennleg kvardagsliv.

I dag er forvaltninga av bustadpolitikken spreidd på fleire departement og statlege etatar. Ansvaret for både plan- og byggesaksdelen i plan- og bygningslova, bustadsoppfølgingslova, Husbanken, energimerkeordninga, omsorgsbustader og studentbustader bør samlast i eit plan-, bustad- og bygningsdepartement.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

1. At kommunale og andre ikkje-kommersielle utleigebustader skal utgjere minst 25 % av nybygginga, fram til behovet er dekkja. Det må etablerast eit eige program i regi av Husbanken, med nødvendig finansiering for å bidra til at dette målet blir nådd.
2. At Husbanken også skal gi lån til einskildpersonar som vil kjøpe eller oppføre bustader, på same vilkår som dagens startlån og utan behovsprøving. Berre bustader med utprega nøktern standard og storleik skal få slik finansiering.
3. Sikre tilgang på startlån for vanskelegstilte, og heve grensa for lånesummen gjennom å utvide nedbetalingstida frå 20 til 30 år.
4. At Husbanken i større grad skal vere med å finansiere kommunale oppkjøp av bustader i storbyområda.

5. Bygge minst 3 000 studentbustader per år fram til behovet er dekket.
6. Satse på oppkjøp av store bustader som kan delast eller byggast om til generasjonsbustader.
7. Bidra til å hindre at bustader og næringslokale som kan byggast om til bustader blir ståande tome.
8. Avgrense retten til rentefråndrag i skatten slik at kvar skatteytar berre får frådrag for lån opp til 20G (kr. 1.642.440 i 2012), for å hindre at utsikter til rentefråndrag bidreg til å drive bustadprisane i veret.
9. Gjere formueskatten meir progressiv med marginalsats på 3 % for dei største formuane og eit minstefråndrag på 30G per person. Reglane må samkøyrast for alle typar formue, med 100 % likningstakst for alle skatteobjekt unntatt bustad nr ein, som skal liknast etter dagens modell.
10. Heve taket for BSU-ordninga (Bustadsparing for ungdom) til 4G (kr. 328.488 i 2012).
11. Tilpasse bustønadsordninga til å inkludere bebuarar i bukollektiv.
12. At NAV skal stille depositum i staden for sosial garanti til brukarar som trenger hjelp til å skaffe bustad.
13. Forenkla bygningsdelen og teknisk forskrift i plan- og bygningslova og lempe på krava til universell utforming for dei minste bustadane. Dette for å gjere det muleg å bygge enkelt, miljøvennleg og billig, og legge til rette for meir sjølvbygging. Det må bli enklare å bruke naturmateriale som halm, leire, stein og ulike typar treverk.
14. Opprette sjølvbygging som ein eigen kategori i plan- og bygningslova, der omgrepet sjølvbygging blir definert og underlagt eit eige regelverk for slike byggesaker.
15. Stille strengare energikrav til store bustader enn til små. Krav til energieffektivitet kan sløyfast dersom bustaden er sjølvforsynt med energi og ikkje hentar straum frå nettet.
16. At kommunale planar skal kunne sette øvre, men ikkje nedre, grenser for storleiken på nye bustadar, og at det ikkje alltid må settast krav om minste tal parkeringsplassar per bustad.
17. Etablere eit samarbeidsprosjekt mellom staten og byggebransjen for å få ned kostnadane og betre tryggleik og kvalitet i byggebransjen.
18. Praktisere jordvernet strengt og verne felles grøntareal som skogsholt og parkar inne i dei store byane. Nybygging i byar og tettstader må skje innafor allereie utbygde eller ikkje dyrkbare område, med vekt på arealeffektivitet.
19. At jordvernet ikkje skal vere til hinder for at små dyrka areal kan overførast til urbant jordbruk (parselhagar og liknande) i bustadområde.
20. Auke støtta til FoU og forsøksprosjekt innan «byøkologi» og «grøn fortetting».

*Sjå også mellom anna kapittel 1.4 og 2.6*

## 3.3 SKULE OG OPPVEKST

Gode høve til utdanning, opplæring og studiar er viktige rettar som Dei Grøne vil ta vare på og styrke. Både den einskilde borgar, demokratiet og samfunnet som heilskap blir styrka gjennom kunnskap og kompetanse. Skulen skal ruste elevane til å møte samfunnet slik at dei kan få styrke til å stå opp mot urett og forsvare egne og andre sine rettar. Skulen sine primære mål er å formidle kunnskap, men det er viktig at elevane også lærer om sosiale verdiar og sosial dugleik.

Det finst ingen fasit for korleis ein oppvekst skal vere. Dei føresette har det største ansvaret for å sikre ein god oppvekst for barna. Samfunnet har ansvaret for å sikre barn sin rett til barnehageplass, retten til grunnskuleopplæring med høg kvalitet og høve til vidaregåande utdanning. Samtidig må foreldre ha reell valfridom til å avgjere om og kor lenge barna skal vere i barnehage. Ungdomar må kunne velje alternativ til eit samanhengande løp gjennom vidaregåande skule.

Barnehagar og skular skal sørge for kunnskap, dugleik og kompetanse som er viktig for å klare seg i samfunnet i dag og i framtida. Det skal også vere rom for å utvikle talent og interesser. Dette er ein balanse skulane og barnehagane ikkje kan klare aleine. Samspelet mellom skulen og samfunnet må styrkast. Barn og unge tileignar seg viktig kunnskap og dugleik også utanfor skulen, og dei må få tid og rom til dette. Difor vil vi ikkje forlenge skuledagane.

Dei Grøne meiner det er behov for å sjå kritisk på mengda av oppgåver som skular og lærarar er pålagde. Lærarar skal først og fremst bruke tida si på opplæring. Opplæringa skal vere framtidsretta og basert på forskning og kunnskap. Berekraftig utvikling må vere eit grunnleggande perspektiv i skulen sine læreplanar og undervisninga. Vi ønskjer eit skulesystem som inkluderer og motiverer, og som motverkar mobbing og utstøyting. Skulen må vere fleksibel nok til å møte barn og unge på det nivået dei er, og ha lærarar med nok fagkunnskap og pedagogisk kompetanse til å løyse dei komplekse utfordringane i skulen.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

1. Syte for nok barnehageplassar til dei som ønskjer det, med fortløypande opptak etter at barnet har fylt eitt år. Foreldre skal ha reell valfridom til å sende barna i barnehage eller ikkje, og mellom heil- og deltidstilbod.
2. Oppretthalde kontantstøtta for barn mellom 1-3 år.
3. Ha som vilkår for kontantstøtta at den må takast ut i redusert arbeidstid og delast mellom foreldra etter same delingsbrøk som foreldrepermisjonen.
4. At eittåringar i barnehage skal vere i egne avdelingar, med høgst fire barn per vaksen.
5. Gi nye innvandrarar som ikkje nyttar seg av barnehageplass tilbod om tiltak som styrkjer integreringa og norskopplæringa for både mor og barn i denne perioden.
6. At små barn skal få plass i barnehagen som ligg nærast heimen, på same vis som skulebarn skal få plass på næraste barneskule og ungdomsskule.
7. At kommunane skal ha ansvar for å språkteste barn før fylte fem år dersom dei ser ut til å ha mangelfull språkleg utvikling. Dei som treng det må få tilbod om ekstra språkopplæring før skulestart.
8. Gi barna ein mjuk overgang til kunnskapskrava i skulen, ved også å fokusere på leik og fri utfolding

i undervisninga det første skuleåret.

9. Gjere skulen sin formålsparagraf livssynsnøytral.
10. At det framleis skal vere høve til å etablere og drive ikkje-kommersielle private skuletilbod, inkludert skular som er forankra i livssyn og skular som står for pedagogiske alternativ. Privatskulane sine læreplanar må godkjennast av styresmaktene, og det faglege offentlege tilsynet med skulane må styrkast.
11. Ikkje auke timetalet per dag i skulen.
12. Innføre ein time fysisk aktivitet om dagen i grunnskulen, og gi praktiske emne og ekskursjonar i naturen ein større plass i heile grunnskulen.
13. Arbeide for at alle grunnskular får eigen skulehage eller tilgang til gratis leige av parsellar i nærområdet.
14. Gi elevane frå og med femte klasse større tilgang til valfag, både praktiske og estetiske fag, og fag med fordjuping i til dømes språk og matematikk.
15. Styrke seksualundervisninga, og mellom anna auke fokuset på valdtekt og overgrepssproblematikk.
16. Introdusere programmering i grunnskulen.
17. Opne for ei moderat utviding av høvet skulane har til å gruppere elevar etter nivå og interesser, særleg i matematikk og språkfag.
18. Utvikle ein politikk for fritt lisensierte skolebøker for alle utdanningsnivå, såkalla «Open Educational Resources», i samarbeid med det eksisterande Nasjonal Digital Læringsarena.
19. Styrke banda mellom skulen og samfunnet, mellom anna ved at elevane som ledd i undervisninga tek del i praktiske og samfunnsnyttige oppgåver, i og utanfor skulen.
20. Gi elevar høve til å stryke inn til 14 dagar fråvær frå vitnemålet for politisk eller organisatorisk arbeid.
21. Ha yrkesrelevant praksisopplæring frå første året på yrkesfaglege program i vidaregåande skule. Praksisen skal skje i nært samarbeid mellom skule og næringsliv. I ungdomsskulen bør ein utvide høvet til å prøve ut ulike yrke.
22. Oppdatere utstyrsarkane på dei vidaregåande skulane og syte for oppdatert yrkes- og pedagogisk kompetanse hos lærarar og rettleiarar.
23. At elevar som tek til på yrkesfagleg opplæring skal ha rett til utdanning som fører fram til fagprøve. Offentlege verksemder må ha plikt til å ta inn lærlingar.
24. Gi lærarar tid og kompetanse til å drive god vurdering og reell tilpassa opplæring, mellom anna gjennom etterutdanning.
25. Innføre eit tak på 15 elevar per gruppe i barneskulen og 20 elevar i ungdomsskulen. Det skal vere nok utdanna lærarar i klassene til å syte for kvalifisert rettleiing og variert undervisning i heile



grunnopplæringa. Andre yrkesgrupper skal også brukast til å gi skulen større variasjon og kvalitet.

26. Styrke rådgjevingstenesta i skulen.
27. Legge til rette for at elevar som går ut av grunnskulen får eit reelt val mellom teoretisk og yrkesretta vidaregåande utdanning, eller gå ut i arbeidslivet ein periode.
28. Gi insentiv til at lærarar og anna pedagogisk personale nyttar seg av etterutdanning.
29. Prioritere støtte til berekraftige tiltak til folkehøgskular og andre skular med ein berekraftig profil.
30. Sterkt redusere krav til rapportering som ikkje fremjar læring.
31. Ruste opp norske skulebygg etter krava i arbeidsmiljølova for elevar og lærarar. Staten skal finansiere denne investeringa gjennom ein avtale som forpliktar kommunen til å planlegge og finansiere vidare årleg vedlikehald.
32. Styrke elevane si arbeidsmiljølov slik at elevar og føresette får høve til å krevje at skulen set inn tiltak ved til dømes mobbing.
33. Gi ressursar til ein uavhengig offentleg instans, til dømes fylkesmannen, som kan følgje opp arbeidet med fysisk og psykososialt arbeidsmiljø for elevane.
34. Gi alle elevar rett til gratis psykologstøtte gjennom skulen.
35. Sikre mindreårige asylsøkjjarar rett til vidaregåande opplæring.
36. Utvide ordninga med frukt og grønt til å omfatte heile grunnskulen og på sikt innføre eit gratis skulemåltid.

*Sjå også mellom anna kapittel 3.4 og 3.9*

## 3.4 MANGFALD I KULTURLIVET

Dei Grøne meiner at å kunne uttrykke og engasjere seg i kulturlivet er ein viktig rett. Kultur har ein naturleg plass på offentlege budsjett, men kulturlivet i seg sjølv må vere fritt og uavhengig. Kulturen skal rikje, avspegle og problematisere fortid, samtid og framtid. Dette skal skje både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Kulturpolitikken må opne for mangfald og nytenking, med ein rikdom av varierte uttrykk. Vi meiner at skilnader rikjer og skaper dynamikk i samfunnet, om vi let dei eksistere. Vi vil legge til rette for eit kulturliv der det er aksept for skilnadane i eit moderne, inter-kulturelt samfunn.

Alle skal ha høve til å dyrke og oppleve kultur, og det skal ikkje vere nødvendig å reise til eit større sentrum for å kunne gjere dette. Difor er det viktig at det overalt er lav terskel for å skape og glede seg over eit mangfald av kulturuttrykk. Vi vil vidareutvikle det norske regionale mangfaldet gjennom støtte til viktige institusjonar i distrikta og gjennom særleg satsing på kulturmangfald i landsdelane.

Dei profesjonelle utøvarane og institusjonane i kulturlivet må få tilstrekkelige og meir føreseielege

løyvingar. Samtidig vil vi stimulere til samarbeid mellom det profesjonelle og frivillige kulturlivet. Det frivillige kulturlivet må få gode vekstvilkår, mellom anna ved å forenkle offentlege søknadsrutinar og rapportkrav.

Norsk språk, både bokmål og nynorsk - og samisk, må dyrkast og vernast, både i skulen og i det offentlege rom. Samisk språk, spesielt lule- og sørsamisk, og samisk språk i kystområda, er i dag truga. Vi meiner at alle med samisk bakgrunn må få høve til å lære og utvikle språka sine.

Det er viktig å ta vare på kulturarven vår slik at også komande generasjonar kan bli kjende med kulturen og historia til nordmenn, samar og dei nasjonale minoritetane. Dei Grøne vil gjere det enklare for organisasjonar og lag som arbeider med historie og kulturminnevern å drive aktivt. Vi vil også arbeide mot unødig byråkrati i denne sektoren. Det gjeld både å sikre historiske bygg og bygningsmiljø, fornye musea og biblioteka, og ta vare på den levande kulturarven som kjem til uttrykk mellom anna i handverkstradisjonar, folkemusikk og folkedans.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

1. Syte for eit godt og breitt kulturtilbod over heile landet, både med reisande og faste institusjonar, profesjonelle tilbod og amatørgrupper.
2. Sikre eit mangfald av frivillige og offentlege kulturaktivitetar retta mot ungdom, med korps, kor, amatørteater og -spel, ungdomshus, kulturhus med meir.
3. Styrke norsk produksjon av musikk, film, spel og anna kultur.
4. Stille offentlege område og lokale til gunstig disposisjon for konsertar og festivalar.
5. Stimulere kommunane til å gi betre og meir føreseieleg støtte til musikk- og kulturskular, slik at ventelistene kan bli kortare.
6. Auke løyvingane til Den kulturelle skulesekken.
7. Ha gode støtteordningar for kunstnarar og kunstorganisasjonar.
8. Opprette fleire kunstnarhus og -miljø med gratis eller rimelege atelier, fellesverkstader, øvingsrom og lydstudio.
9. Auke tilskot til offentleg kunst, mellom anna ved å auke den delen av byggekostnadene for offentlege nybygg som går til utsmykking.
10. Gå inn for ei boklov som sikrar fastpris på nye bøker det første året, og som forbyr at same eigarar kan kontrollere både forlag, distribusjon og bokhandlar.
11. Oppmode forlag og bokhandlarar til å samarbeide om ei felles oversikt over årets nye bøker, som kan leggst ut på nettet.
12. Sikre støtta til smale forlag og til omsetjing av utanlandsk litteratur.
13. Gi folkebiblioteka meir ressursar til utlånsmateriell, meir brukarvennlege lokale og opningstider.
14. Forbetre dei digitale utlånsordningane frå biblioteka.

15. Sikre støtte- og konsesjonsordningar som gjer at norsk film og eit utval av film frå alle kontinent i større grad blir kjøpt inn og vist på kinoane.
16. Gi trygge rammer for profesjonelle musikkutøvarar, med føreseielege løyvingar til offentlege orkester og ensemble. Offentlege støtteordningar må brukast til å sikre sjangerrikdommen i norsk musikkliv.
17. Legge betre til rette for at gatekulturelle uttrykk får sin rettmessige plass i den allmenne kultursatsinga. Midlertidige prosjekt må bli ein meir integrert del av den offentlege støtta.
18. Stramme inn reglane som avgrensar eigarkonsentrasjon i mediebransjen.
19. Stille strengare krav til folkeopplysing og kulturelt mangfald i NRK.
20. Pålegge alle fjernsynskanalar med konsesjon for å sende i Norge at all sending skal vere teksta for høyrsehemma.
21. Styrke og lovfeste tolketenesta for døve slik at dei blir sikra høve til full deltaking i kultur og samfunnsliv.
22. Gi samane, dei nasjonale minoritetane og dei døve høve til å sikre og utvikle språket og kulturen sin.
23. Styrke Riksantikvaren og auke løyvingane til Kulturminnefondet vesentleg, slik at det offentlege dekkjer ekstraavgifter som følgjer av vern.
24. Vurdere å overføre ansvaret for kulturminnevernet frå fylkeskommunane til fylkesmannen.
25. Bevare den maritime kulturarven gjennom auka støtte til kystkulturen og ei nødvendig opprusting av dei mest sentrale maritime samlingane og senter for fartyvern.
26. Gi artistar og kulturutøvarar styrka rettार gjennom eiga kulturarbeidsmiljølov utarbeidd i tett samarbeid med kulturprodusentane.

*Sjå også mellom anna kapittel 3.3, 3.6 og 3.9.*

## 3.5 SPRÅKLEG MANGFALD

Det språklege mangfaldet i Norge er ein viktig kulturell verdi som må vernast og dyrkast. Å synleggjere språkmangfaldet i kvardagen, og dra nytte av alt det opnar for, er det viktigaste vi kan gjere for å ta vare på dette mangfaldet og utvikle det vidare.

Samtidig vil det krevje at noko blir gjort annleis enn i dag. Den formelle likestillinga mellom nynorsk og bokmål er framleis ikkje realisert, og rettane til brukarar av nasjonale minoritetsspråk og norsk teiknspråk står svakt. Ekstraarbeidet ved å skrive eller bruke eit anna språk enn majoritetsspråket er ei av de største utfordringane for mindretalsspråka. Det ekstraarbeidet bør så langt råd er eliminerast, ved å styrke og handheve dei lovfesta språklege rettane.

Å realisere den språklege likestillinga og synleggjere språkmangfaldet i kvardagen inneber ikkje nødvendigvis berre økonomiske investeringar. Ein kan oppnå mykje med nye løysingar, smartare bruk av utgiftskroner som allereie er i bruk, og medviten bruk av forbrukarmakta til det offentlege – til dømes ved læremiddelinnkjøp.

Med nynorsk og bokmål som likestilte skriftspråk har vi eit godt utgangspunkt for å utvikle tidleg mestring av to språk, med alle dei kognitive føremonane som internasjonal fleirspråkforskning viser at det fører med seg. I dag blir denne sjansen skusla bort ved at elevane altfor seint blir introduserte for sidemålet sitt. God allmenn kompetanse i begge skriftspråka er også ein føresetnad for å overhalde dei språklege rettane til nynorskbrukarane.

Gleda over å meistre to språk er ikkje minst eit høve for barn som veks opp med fleire språk enn norsk i heimen, om det er eit nasjonalt minoritetsspråk eller eit morsmål frå ein annan kant av verda. Rammevilkåra for å ha samisk og kvensk undervisning i skulen bør styrkast, og morsmålsopplæringa må gjerast fullverdig. Å lære morsmålet skal ikkje berre vere eit «støttehjul» for å lære norsk, kompetansen i det gitte språket har ein verdi i seg sjølv, både for eleven og for samfunnet.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

1. At ordninga med tre karakterar i norsk, ein for hovudmål, ein for sidemål og ein for munnleg, blir vidareført.
2. At sidemålsopplæringa og kjennskap til sidemålet startar allereie i barneskulen.
3. At Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa blir styrka, mellom anna ved større løyvingar og utvida mandat.
4. Innføre strengare krav til dokumentasjon av språkkompetanse i lærarutdanninga.
5. At innvandrarar i nynorskkommunar skal få norskopplæring på nynorsk, og sikre den vidare utviklinga av nynorskspråklege læremiddel og læringsressursar for vaksne innvandrarar.
6. At alle statlege institusjonar på sikt skal følgje mållova. Å tilby fagleg påfyll i form av til dømes nynorsk kurs til offentleg tilsette, vil vere eit viktig tiltak i denne samanhengen.
7. Fase inn fleirspråkleg skilting (nynorsk, bokmål og eventuelt samisk/kvensk) i det offentlege rom.
8. Vurdere justering av dei språklege krava for momsfratak i pressa for å stimulere riksaviser til å oppheve redaksjonelle nynorskforbod.
9. Gi norsk teiknspråk offisiell status. Norsk teiknspråk må stillast likt med bokmål, nynorsk og samisk både i skule og i det offentlege rom. Døve og deira familiar sin rett til teiknspråkopplæring og arenaer for døve-kultur må styrkast.
10. Handheve og styrke elevane sine språklege rettar. Retten til lærebøker på eige hovudmål må realiserast, og bør gjelde også for elevar som går på private skular eller tek eit utdanningsprogram med små årskull. Vidare bør retten til å få ein rimeleg del av undervisninga og det skriftlege materiellet i skulen på eige hovudmål fastsetjast i opplæringslova.
11. Handheve studentar sin rett til å få eksamen på sjølvalt mål.
12. At det blir forska meir på kva som kan gjerast for å førebygge språkskifte frå nynorsk til bokmål

hos skuleungdom, og at slike tiltak blir sette i verk.

13. Stille klarare krav til universitets- og høgskulesektoren om utvikling av norsk fagterminologi for å hindre domenetap til engelsk.
14. At så mange barn som råd skal få tilbod om morsmålsopplæring.

## 3.6 EIN BETRE HELSEPOLITIKK

Dei Grøne meiner at helsepolitikken må legge større vekt på å fremje god helse og å førebygge helseskade. Helsepolitikken må sjåast i samanheng med andre politikkområde. Grøn politikk vil redusere helseskader frå ureining og fremje sunn mat. Vi vil også legge til rette for dagleg mosjon i form av gange og sykling og for kontakt med naturen.

Eit trygt og inkluderande samfunn med små økonomiske skilnader er viktig også for folkehelsa. Helsevesenet må legge større vekt på målretta førebygging. Legane må bruke «Grøn resept» aktivt for å vri behandlinga av livsstilssjukdomar frå legemiddel til sunn kost og meir fysisk aktivitet. Dei Grøne vil satse på å førebygge rusproblem og psykiske sjukdomar, og arbeide for at desse pasientane ikkje blir stigmatiserte. Tilbodet om støttetiltak til pårørande, særleg til barn og unge, må styrkast.

Både i behandling og førebygging av sjukdom bør tiltaka utjamne helseforskjellar gjennom opplysningsarbeid og ved spesielle tiltak for vanskeligstilte grupper. Fokuset skal vere på ressursane og vilkåra til den einskilde, slik at ho eller han kan meistre sjukdom og nedsett funksjonsevne så godt som råd. Det krev eit tillitsfullt samarbeid mellom legar, helseinstitusjonar, pasientar, pårørande, pasientorganisasjonar og seriøse retningar innan alternativ medisin.

Dei Grøne vil sette pasientar og brukarar av helsetenester i sentrum, sikre dei god medisinsk behandling, habilitering og rehabilitering, og auke kunnskapane deira om mestring av eigen sjukdom. Etterutdanninga av helsepersonell må forbeholdast.

Vi vil auke ressursane til psykisk helsevern, slik at alle med psykiske lidningar får tilfredsstillande behandling og oppfølging, også dersom tilstanden er knytt til eit rusproblem. Det er viktig at pasientar både i det somatiske og det psykiske helsevernet blir møtt med ei heilskapleg tilnærming, der kropp, sinn og livssituasjon blir sett i samanheng.

Både funksjonsfriske og personer med nedsett funksjonsevne og kroniske sjukdomar er bidragsytarar til samfunnet. Vi vil legge til rette for at dei med redusert arbeidsevne kan få jobbe med tilpassa, meningsfullt arbeid.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

1. Fokuserer på ei meir heilskapleg pasienttilnærming i helsevesenet, der ein ser kropp, sinn og sosial situasjon i samanheng.
2. At helseutdanning skal fokusere meir på pasienten sin totale situasjon og samhengane mellom livsstil og levekår, somatisk og psykisk sjukdom.
3. Styrke samarbeidet mellom ulike helsefaglege retningar, og at dette skal speglast i grunnutdanninga av helsepersonell.

4. Gjere førebygging av sjukdom til ein meir integrert del av behandlinga, mellom anna ved å bruke «Grøn resept» før medikamentell behandling av livsstilssjukdomar.
5. Tilby dei som jobbar med pasientarbeid i helsevesenet regelmessige oppfriskingskurs i støttande og empatisk kommunikasjon.
6. Fremje eit offentleg helsevesen supplert av ikkje-kommersielle private helsetilbod.
7. Legge ned dei regionale helseføretaka, og innføre meir direkte politisk styring av spesialisthelsetenesta. Dei einskilde sjukehusa må få større fridom til å sikre kortare ventetider og betre pasientbehandling, og ordninga med stykkprisfinansiering må avskaffast.
8. Satse meir på helsefaglig forskning på kroniske sjukdomar, psykiske lidingar og førebygging av sjukdom.
9. At tannhelsetenester skal vere gratis fram til fylte 25 år. Deretter skal dei vere ein del av ordninga med eigenandel gjennom folketrygda.
10. Seie nei til offentleg tilbod om eggdonasjon og til ultralyd i 12. svangerskapsveke.
11. Gå imot innskrenking av retten til sjølvbestemt abort.
12. Vurdere alternative behandlingsformer, med tanke på godkjenning av utdanning og trygderefusjon for behandlingsformer med dokumentert effekt.
13. Styrke tilbodet om lindrande behandling for pasientar med sterke smerter og i siste fase av livet, på sjukehus, hospice eller i eigen heim.
14. Redusere bruken av antibiotika.
15. Gi personar med alvorlege psykiske lidingar rett til behandling i psykisk helsevern, også når tilstanden har samanheng med bruk av rusmidlar. Behandlingstilbodet for dei med både rusproblem og psykiske lidingar må samordnast betre, både på statleg og kommunalt nivå.
16. Førebygge isolasjon og innaktivitet hos personar med rusproblem eller psykiske lidingar, både gjennom støtte til frivillige initiativ, pasientorganisasjonar og offentlege ordningar. Ulike typar kunstnarleg eller fysisk aktivitet, praktisk arbeid og samvere med dyr er god grøn terapi som kan auke trivnaden og styrke habiliteringa.
17. Arbeide for å redusere ventetida og unngå brot i behandlinga i rusomsorga og psykiatrien. Institusjonar med gode resultat må få halde fram, og vere mønster for nye behandlingsslassar.
18. Styrke ettervernet i rusomsorga og psykiatrien gjennom eit mangfald av oppfølgingstilbod. Dei som ikkje greier å bli rusfrie etter fleire forsøk må sikrast eit anstendig liv, også når dette krev regulert medisinsk bruk av rusmiddel.
19. Greie ut om offentleg kontrollert produksjon og omsetting av cannabis og starte eit prøveprosjekt med strengt regulert legalt sal av cannabis / marihuana.
20. Opne for at behandling av brukarar av tunge rusmiddel kan støttast av stoff som elles er ulovlege, til dømes heroinassistert behandling. Rusavhengige må få tilbod om behandling langt raskare enn i dag.



21. Vurdere nye, gradvise innstrammingar i røykelova.
22. Framleis regulere alkoholomsettinga strengt.
23. Innføre åtvaring på alkoholemballasje om helsefarane ved alkoholmisbruk og informasjon om kvar ein kan vende seg for hjelp om ein er avhengig av alkohol.
24. Ha eit breitt og kunnskapsbasert opplysningsarbeid om mat og helse. Dei næringstilknytte opplysningskontora bør erstattast av eit næringsuavhengig opplysningskontor for mat og helse.
25. Tilby sunnare, betre og meir varierte måltid på offentlege helse- og omsorgsinstitusjonar, også til allergikarar og vegetarar.
26. At alle offentlege institusjonar som har matsservering må servere minst 50 prosent økologisk mat innan 2017.
27. Forby brus- og godteriautomatar på skular og helseinstitusjonar.
28. Skjerpe krava til kommunane om tilgjengeleg helsesøster på skulane.
29. At alle 16-åringar blir kalla inn til gratis samtale hos helsesøster eller fastlege, med fokus på livsstil, fysisk og psykisk helse.
30. Auke innsatsen for helseopplysing og helsetenester til personer frå andre kulturar, og legge til rette for meir bruk av tolketenester der dette er nødvendig.
31. At helseinstitusjonar skal varsle heimekommunen til pasienten når bustadlause personar blir utskrivne, og at kommunen skal ha plikt til å skaffe vedkomande eigna bustad.
32. At ordninga med BPA (brukarstyrt personleg assistanse) skal bli lovfesta som ein rett og finansierast av staten.
33. Styrke Verdas helseorganisasjon sitt opplysningsarbeid om sjukdomane som råkar flest på verdsbasis.
34. Auke støtta til vaksinerings mot sjukdomar som råkar mange i fattige land og gjere kvalitetsmedisinar tilgjengelege for folk i desse landa. Under store sjukdomsutbrot må medisinare vere gratis.

*Sjå også mellom anna kapittel 1.5, 1.6, 1.7, 2.7, 3.7 og 3.9.*

## 3.7 OMSORG OG REHABILITERING

Omsorgsomgrepet er i dag mest knytt til omsorg for eldre. Dei Grøne meiner det er behov for å utvide omgrepet til å gjelde alle personar med omsorgsbehov, anten dei bur på institusjon, i omsorgsbustad eller i egen heim. Vi vil arbeide for at pleietrengande unngår isolasjon og inaktivitet.

Samhandlingsreforma har gitt kommunane plikt til å ta imot pasientar som blir skrivne ut frå sjukehus og ikkje kan bu heime. Det er viktig at kommunane opprettar eigne tilbod til pasientar med sjukdomar

knytt til rus og psykiatri og ikkje overfører desse til sjukeheim.

Tilbodet om rehabilitering og habilitering er i dag mangelfullt. Fleire som kanskje kunne ha vorte sjølvhjelpete, blir tvinga til eit liv med store hjelpebehov. Ved ulykker er det viktig med god akuttbehandling, men det er ikkje nok å redde liv. Både av omsyn til pasienten og for å redusere framtidige utgifter, må arbeidet med rehabilitering starte så tidleg som råd.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

1. Sikre ei god og verdig omsorg for alle pleietrengande, uansett alder og uansett om vedkomande bur i eigen bustad, i eit bufellesskap eller på institusjon.
2. At kommunane samordnar og aukar kvaliteten på helse- og omsorgstilboda.
3. Styrke bemanninga av legar, sjukepleiarar og geriatrik og farmasøytisk kompetanse ved sjukeheimane.
4. Auke hjelpepleiarane sin status og høve til å jobbe heiltid.
5. Styrke tilbodet til pasientar med psykiske lidningar og demens, og auke kunnskapane om førebygging og behandling.
6. Gi sjukeheimslegar hovudansvar for medisinerings på sjukeheimar, for å motverke uheldig medikamentbruk.
7. Legge til rette for at sjukeheimslege tek over som fastlege for alle med fast sjukeheimsplass.
8. Minne om at sjukeheimane er bebruarane sin heim. Dei bør bli oppmuntra til å ta del i det daglege arbeidet, og måltida bør vere eit samlingspunkt for bebruarar og tilsette.
9. At sjukeheimar og andre institusjonar har eige kjøken, og tilbyr sunn og appetittvekkande mat.
10. At bebruarane på institusjon får eit breitt tilbod med kulturinnslag, musikkterapi, og fysisk aktivitet.
11. Satse meir på grøn terapi i omsorgsarbeid med meir tid ute i naturen og høve til samvær med dyr og barn.
12. At frivillige tek del med ulike aktivitetstilbod, og at den offentlege støtta til frivillige aukar.
13. Legge til rette for at eldre skal kunne bu heime så lenge som råd, også ved å støtte opp om innsatsen til dei pårørande.
14. Sikre andre bustadtilbod enn sjukeheim for yngre menneske med omfattande pleiebehov.
15. Styrke den helsefaglege kompetansen i heimesjukepleia.
16. At vaktene i heimesjukepleia blir sett opp slik at brukarane får eit avgrensa tal faste pleiarar.
17. Bruke eldresentera aktivt som et ledd i å førebygge og meistre sjukdom.
18. Styrke tilbodet om lindrande behandling for pasientar med sterke smerter og opphald på hospice i siste fase av livet.

19. Styrke tilbodet om rehabilitering etter sjukdom og ulykker så tidleg som råd, også i akuttfasen på sjukehus.
20. Skrive pasientar direkte ut til institusjonar som har spesialisert seg på rehabilitering og som har høg fagleg kvalitet og gode resultat.
21. Sikre stabile rammevilkår og krevje høg fagleg kvalitet på private, ikkje-kommersielle rehabiliteringsinstitusjonar.
22. Tilby barn og unge med nedsette funksjonar og kroniske sjukdomar god habilitering.
23. Styrke forskning og kompetanseutvikling innan habilitering og rehabilitering.
24. Tilby gode tekniske hjelpemiddel og opplæring til personar under og etter rehabilitering og habilitering.
25. Bruke pårørande som ein ressurs i arbeidet med rehabilitering og habilitering.
26. Sikre ei operativ SMS-basert naudvarslingssteneste for døve.

*Sjå også mellom anna kapittel 2.7, 3.6 og 3.9.*

## 3.8 FRIVILLIG ARBEID

På fleire felt har frivillig arbeid vore avgjerande for utviklinga av velferdssamfunnet. Frivillig arbeid er positivt for samfunnet, og er også viktig for menneska som tek del. Dei utfører ein samfunnsnyttig, ideell innsats som utviklar evnene til samarbeid, aukar kompetansen, og gjer dei til attraktive arbeidstakarar.

Vi meiner det offentlege må verdsette arbeidet som frivillige organisasjonar utfører høgare og bidra til meir samarbeid mellom stat, kommune, private og frivillige. Fleire samfunnsoppgåver kan løysast på enklare og meir menneskevennlege måtar om politikarar og byråkratar vil akte og bruke kunnskapen som frivillige organisasjonar har bygd opp, ofte gjennom generasjonar.

Frivillig arbeid skaper aktivitet og engasjement både nasjonalt og lokalt. Ikkje minst for lokalmiljøa er det viktig at frivillige skaper møteplassar for folk med same interesser, uavhengig av alder, kjønn, sosial status og etnisitet. Lokale offentlege institusjonar og private verksemder må stille gratis eller rimelege lokale til disposisjon for slike møteplassar.

Dei Grøne ønskjer å auke statusen til frivillig arbeid i samfunnet, anten det gjeld humanitære eller religiøse hjelpeorganisasjonar, organisasjonar for barn, ungdom og idrett, pasientforeiningar, kvinneorganisasjonar, miljøorganisasjonar, beredskapsorganisasjonar, innvandrarorganisasjonar, velforeiningar, kulturorganisasjonar, yrkesretta organisasjonar eller anna. Det betyr at frivillig arbeid ikkje må skattleggast med meirverdiavgift. Dei må få offentleg støtte utan bindingar, i tillegg til eigen finansiering gjennom medlemskontingent og skattefrie gåver.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

1. Heve statusen til dei frivillige organisasjonane i samfunnet.

2. Stimulere til auka samarbeid mellom offentleg sektor, private og frivillige.
3. Bruke dei frivillige organisasjonane sin kunnskap i samfunnsplanlegginga.
4. Gi frivillige organisasjonar gratis eller rimelege møtelokale.
5. Fjerne momsplikta for frivillige organisasjonar.
6. Auke skattefrådraget for gåver til frivillige organisasjonar.
7. Hindre byråkratisering og politisering av arbeidet til frivillige organisasjonar.

*Sjå også mellom anna kapittel 2.7 og 3.4.*

## 3.9 LIKEVERD

Dei Grøne meiner at alle menneske er likeverdige. Det er ein grunnleggande rett å ta sjølvstendige val for sitt eige liv. Denne fridomen skal ikkje krenkast, men den gir ikkje rett til å krenke andre eller ta valfridomen frå dei. Å fremje mangfald og respekt for andre gjer oss i betre stand til å møte uventa endringar og utfordringar.

Menneskeleg mangfald har mange dimensjonar: sosialt, regionalt, kulturelt, religiøst, språkleg, økonomisk, etnisk, etter funksjonsevne, kjønn og seksualitet. I nokre høve har det vore nødvendig å gi positiv særbehandling for å oppnå større likestilling. I andre høve kan medvit om diskriminering vere nok til å sikre likebehandling.

Dei Grøne ønskjer eit samfunn der alle blir behandla på likeverdig vis. Difor er det på nokre felt framleis nødvendig med lover og reglar for å oppnå likebehandling og likeverd mellom grupper og individ. Vi har alle eit ansvar for å hjelpe dei som blir diskriminerte, slik at dei kan utnytte potensialet sitt som samfunnsborgarar.

Utfordringane knytte til individ og grupper som kjenner seg diskriminerte heng ikkje berre saman med lover og rettar. Det gjeld også haldningar ein møter i kvardagen, i klasseromet, på gata, i familien og i arbeidslivet. Dei Grøne meiner det er viktig å arbeide med haldningsskapande tiltak gjennom heile livet for å fremje likeverd, respekt og forståing for andre. Rasistiske eller krenkande ytringar må ikkje rettast mot einskildpersonar. Når slike haldningar kjem til syne i den offentlege debatten, må dei så langt som råd bli møtt med engasjement og saklege argument.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

1. Likestille og likebehandle alle trus- og livssynssamfunn, juridisk og økonomisk.
2. Ha ein livssynsnøytral offentleg skule.
3. Definere tiltak mot mobbing tydelegare som eit leiaransvar, i skulen, arbeidslivet og i organisasjonar.
4. Styrke kompetansen i barnevernet og ved krisesentera.
5. Motarbeide fattigdom og store økonomiske og sosiale skilnader.
6. Arbeide for reell likestilling mellom kvinner og menn i arbeidsliv og familieliv.
7. Ha reell lønsutjamning med meir like lønnsforhold i turnus- og skiftarbeid.

8. Følgje opp at innvandrarar tek del i introduksjonsprogrammet, slik at fleire kjem ut i jobb og kan ta aktivt del i samfunnet.
9. Styrke arbeidet mot tvangsekteskap, kjønnslemlesting og vald i familien.
10. Krevje dokumentert kunnskap i norsk språk og samfunnsliv for å få rett til varig opphald og statsborgarskap.
11. Tilby asylsøkarar midlertidig arbeid medan dei ventar i mottak.
12. Sørgje for at innvandrarar med høgare utdanning raskt får vurdert utdanninga si og om nødvendig få tilbod om oppdatering slik at utdanninga kan godkjennast.
13. Gi kvinner høve til å søke familiegjening på sjølvstendig grunnlag.
14. Gjere kjønnsbasert forfølging til legitimt asylgrunnlag.
15. At alder ikkje skal vere sakleg grunn til oppseiing, om ikkje helsemessige tilstander tilseier at det er nødvendig.
16. Styrke ei kunnskapsbasert karriererådgjeving i skulesystemet.
17. Stimulere bedrifter til å tilsette personar med nedsett funksjonsevne og kompensere for tekniske tilpassingar på arbeidsplassen.
18. Ikkje sende asylsøkarar og flyktingar tilbake til land som FN åtvarar mot å returnere dei til.
19. Gi transpersonar og andre kjønnsminoritetar vern mot diskriminering i lovverket.
20. Forbetre søknadsprosessane for endring av juridisk kjønn og personnummer. Det må opprettast ein uavhengig klageinstans for dei som får avslag på søknad om behandling.
21. Gi personar som ikkje ønskjer å gå gjennom kjønnskorrigerande behandling rett til å bli tilkjent juridisk kjønn og personnummer i samsvar med sin kjønnsidentitet.
22. At gravlundar skal eigast, driftast og forvaltast av kommunane.

*Sjå også mellom anna kapittel 2.7, 3.3, 3.4, 3.7 og 5.6.*

## 4. STAT OG BORGARAR

Alle demokratiske parti må finne ein balanse mellom tiltak for å styre samfunnsutviklinga og vern av handlingsrommet til einskildmenneske. Denne utfordringa er felles for alle parti og kjem til syne på ulike temaområde. For Miljøpartiet Dei Grøne er det visjonen om å skape eit grønar og meir økologiske samfunn som stiller oss framfor denne utfordringa. Det er her vi må finne balansen mellom styringstrong og menneskeleg fridom.

Dei demokratiske ideala til partiet er forankra i folkeleg engasjement, i deltaking og ønsket om eit ope samfunn, og dermed også i desentralisering av makt. Dei Grøne vil verne om retten einskildmenneske har til å styre eige liv, så lenge vala ikkje krenker andre sin rett. Det betyr at det må setjast grenser ikkje berre for marknadskreftene, men også for staten og kommunane sin styringsiver. Sjølvstendige og myndige borgarar er grunnvollen for eit levande demokrati.

Vi vil difor opne for meir bruk av folkerøystingar, når dei politiske alternativa er enkle å stille opp mot einannan. I meir kompliserte saker bør ein nytte moderne kommunikasjonsteknologi betre, for å skape auka openheit og større deltaking.

Det å møte og stimulere engasjementet mellom folk flest er ein grunnleggjande verdi. I eit grønt samfunn vil difor sivilsamfunnet – arenaene der menneske samhandlar uavhengig av både stat og marknad – ha ein viktig plass. Dei Grøne vil vise sivilsamfunnet større tillit. Vi vil støtte dei frivillige organisasjonane, og samtidig sikre at dei er uavhengige av staten. Å verdsette den vitale rolla dei spelar i demokratiet, som likeverdige og sjølvstendige aktørar, står sentralt i vår politikk. Større tillit til sivilsamfunnet betyr også desentralisering av makt – frå staten til kommunane, og frå kommunane til bydelar, nærmiljø og grender.

En viktig del av borgarskapet utøver vi i dag som forbrukarar, gjennom deltaking i produkt- og tenestemarknaden. Det offentlege må difor aktivt legge til rette for forbrukarmakt, i ei tid der avstanden mellom produsent og forbrukar ofte er svært stor og produksjonslina er lite transparent. Alt dette må likevel stadig vektast mot styringa som ei berekraftig utvikling krev. Tek vi på alvor at det økologiske fotavtrykket frå nordmenn er for stort, at klimautsleppa må ned og at vi må ta vare på økosystema, må vi også godta aktiv styring ovanfrå.

Folkevalde organ må ta tilbake makta over dei store linene i samfunnsutviklinga. Dei Grøne vil motverke trenden der folkevalde organ gir frå seg makt til kapitalkrefter, byråkrati, domstolar og overnasjonale organ med svak demokratisk styring. Politikarane må sikre betre balanse i økonomien gjennom kontroll av finanskapitalen, vere tett på utviklinga av dei offentlege tenestene, og ta grepa som skal til for å skape eit berekraftig samfunn.

Det er likevel viktig at slik overordna styring ikkje går for langt. Dei Grøne har tillit til at både sivilsamfunnet og det einskilde menneske vil ta ansvar. Miljø-utfordringane kan ikkje løysast utan oppslutning og felles innsats frå ansvarlege borgarar.



# 4.1 DEMOKRATI OG DELTAKING

I eit fungerande demokrati må dei demokratiske strukturane så langt som råd sikre at folkeviljen får rå. Dette krev at avgjerdene i samfunnet vert tekne i demokratiske organ og i gjennomsiktede prosessar. Debattar og politiske prosessar skal vere tilgjengelege for kritikk og påverknad frå folkemeininga.

Gjennom fleire tiår har avgjerdsprosessane i samfunnet flytta seg til andre arenaer enn hos folk og demokrati. Lovfesting av rettar har gitt makt til domstolane, og internasjonale avtalar har ført makt over til organ som EU-domstolen og Verdas handelsorganisasjon (WTO). Ei bølge av økonomisk liberalisme har også gitt kapitalkreftene ein betydeleg posisjon i samfunnet. Samtidig skaper sentralisering av politisk makt stadig større avstand mellom dei folkevalde og veljarane.

Ungdom, som skal ta konsekvensane av dagens politiske avgjerder, er i dag underrepresentert mellom veljarane. Ungdommen sitt engasjement er vitalt for eit berekraftig demokrati. Politiske prosessar og resultat blir styrka av at flest mogleg tek del i og har eigarskap til demokratiet, og at unge menneske engasjerer seg.

Dei Grøne meiner at sentrale styresmakter har eit ansvar for å sikre grunnleggjande rettar for alle borgarar og for å hindre alvorleg skade på naturen. Berre på disse områda kan vi støtte nye statlege inngrep i lokaldemokratiet. Lokaldemokratiet blir meiningslaust dersom målet er at prioriteringar og tenestetilbod skal vere like overalt. Det er viktigare at dei svarar til det innbyggjarane sjølve ønskjer.

Folket må ta makta over framtida. Folket må ta styring over marknadskreftene og vise større tillit til einskildindividua og lokaldemokratiet. Engasjement blir ikkje vekt gjennom pålegg og paragrafar, men ved å vise tillit og gi ansvar.

## Miljøpartiet Dei Grøne vil:

1. Styrke den demokratiske kontrollen med økonomien, særleg finansnæringa.
2. At offentleg eigarskap i større grad skal utøvast direkte, og ikkje ved å skilje ut verksemdar som aksjeselskap.
3. Redusere bruken av styringsprinsipp frå det private næringslivet i offentleg sektor.
4. Unngå formynderi. Reguleringar overfor borgarane, som til dømes skal sikre miljø, helse, tryggleik eller menneskerettar, skal utformast slik at dei inneber den minste grad av tvang som må til for å oppfylle målet.
5. Verdsette den viktige rolla sivilsamfunnet har i den demokratiske samfunnsdebatten og respektere sjølvstendet til organisasjonane.
6. Opprette eit ope tilgjengeleg lobbyregister for Stortinget.
7. Innføre strengare reglar for verksemda til PR-byrå og kommunikasjonsrådgjevarar.
8. Kraftig styrke vernet av varslarar i arbeidsmiljølova, slik at det blir råd å avsløre korrupsjon og skadelege tilhøve i firma og det offentlege utan å bli straffa eller utsett for andre negative sanksjonar.

9. Motsette oss internasjonale avtalar og lover som undergrev grunnleggande borgarrettar som personvern og fri kommunikasjon til fordel for kommersielle omsyn eller etterretningsomsyn.
10. Senke sperregrensa for å få utjamningsmandat ved stortingsval til 2 %.
11. Gå inn for at kommunar og fylkeskommunar oftare gjennomfører folkerøystingar om viktige einskildspørsmål, og greie ut om kva krav til oppslutning og fleirtal som bør stillast for at resultatet av ei folkerøysting skal vere bindande.
12. Unngå lovpålegg til kommunane om dei ikkje er strengt nødvendige for å unngå skade på naturmangfald og ressursgrunnlag, eller sikre grunnleggande rettar for borgarane. Pålegg som gir kommunane større utgifter skal finansierast med statlege midlar.
13. Forbetre lovverket om parlamentarisme i kommunane, og definere kva oppgåver som ikkje kan delegerast frå kommunestyret til eit byråd. Delegering av fullmakter bør krevje 2/3 fleirtal i kommunestyret. Rettane til eit kvalifisert mindretal i kommunestyret (til dømes 1/3) i høyringar og andre kontrollinstrument overfor byrådet må definerast.
14. Gi kommunane høve til å utvide sitt eige inntektsgrunnlag ved å fjerne maksimalgrensene for kommunale skattesatsar.
15. At spørsmål om samanslåing av kommunar skal avgjerast lokalt.
16. Senke røysterettsalderen ved lokalval til 16 år.
17. Styrke demokratisk medverknad til ungdomar i saker som gjeld dei, mellom anna gjennom auka representasjon.
18. Etablere ein Ombodsperson for framtidige generasjonar. Ombodet skal sørge for at avgjerdsprosessar tek omsyn til berekraft på lang sikt og ha mandat til å krevje ny vurdering av avgjerder som tek sjansane frå dei unge i framtida.

## 4.2 SIVILSAMFUNNET

Sivilsamfunnet er den delen av samfunnet som verken er stat eller marknad. Det organiserte sivilsamfunnet omfattar ideelle og frivillige organisasjonar av alle slag. Menneske som samhandlar uformelt, til dømes i nærmiljøa, er også ein del av sivilsamfunnet.

Det organiserte sivilsamfunnet står sterkt i dei nordiske landa. Granskingar viser også at graden av tillit – både mellom menneske og til institusjonar i samfunnet – er særleg høg i Norden. Tilliten og det sterke sivilsamfunnet heng saman, og styrkjer grunnlaget for demokratiet. Samtidig er sivilsamfunnet si rolle i demokratiet avhengig både av dialog med styresmaktene og at organisasjonane kan tale med sjølvstendige røyster. Offentleg støtte må givast på måtar som ikkje trugar denne fridomen.

Sivilsamfunnet si rolle er under press, både frå staten og marknaden. Mange oppgåver som det tidlegare var vanleg at familiane, nærmiljøa eller lokale organisasjonar tok seg av, er i stor grad overtatt av stat og kommunar. Møteplassar og aktivitetar som vart skapte i og av sivilsamfunnet er dels fortrenge av kommersielle tilbod. I nokre tilfelle er profesjonaliseringa ei klar betring. I andre tilfelle meiner Dei

Grøne at det må bli større rom for at menneske kan skape sin eigen kvardag.

For å få til ei berekraftig utvikling må vi mobilisere entusiasmen, initiativa og kreftene til folk. Sivilsamfunnet har ei avgjerande rolle å spele. Berekraftige løysningar krev i praksis at folk samarbeider og deler med kvarandre. Mange av løysningane er enno ikkje funne opp, og kjem heller ikkje til å bli konstruerte av ekspertar – dei blir til i demokratiske møte mellom menneske og mellom grupper.

Dei Grøne vil etablere regionale arenaer for å støtte dei ulike grasrotinitiativa innan grøn og sosial entreprenørskap som no veks fram over heile landet. Det er viktig å gi rom for at menneske kan ta del i eigenproduksjon, til dømes matproduksjon i byane, og at det kan ytast økonomisk støtte til samarbeid om kunnskapsutvikling.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

1. Sjå på sivilsamfunnet som ein likeverdig partner i arbeidet for ei berekraftig utvikling, på line med det offentlege og næringslivet.
2. Frita ideelle organisasjonar for moms.
3. At statlege løyvingar til organisasjonar i sivilsamfunnet i større grad skal givast som driftsstøtte og ikkje som prosjektstøtte. Dette for å unngå statlege føringar på kva oppgåver organisasjonane skal arbeide med.
4. Endre lova slik at personar utan arbeidsløyve får høve til å jobbe i og for frivillige organisasjonar.
5. At dei som bur i området det gjeld eller interessentgrupper skal bli sterkare involverte i utforminga av offentlege tenester og fysisk planlegging.
6. Etablere regionale senter for entreprenørskap og innovasjon, der entreprenørar, anna næringsliv, lærestader, og aktuelle offentlege instansar samarbeider om å skape vekst i sosialt og grøn entreprenørskap frå grasrota.
7. Støtte prosjekt for utveksling mellom organisasjonar over landegrenser.
8. Sette av årlege midlar til forskingsprosjekt der frivillige og ideelle organisasjonar får høve til å avgjere kva det skal forskast på. Forskinga skal utførast av ordinære forskingsinstitusjonar.
9. Fremje den uformelle økonomien ved å fjerne reglar som hindrar eigenarbeid, dersom dei ikkje er nødvendige av omsyn til vesentlege miljø-, helse- eller tryggleiksgrunnar.
10. Legge fysisk til rette for uformell produksjon, til dømes ved å sette av areal til parsellhagar, stille lokale til disposisjon og opprette utlåns- eller leigeordningar for verkty, maskiner og anna utstyr.

*Sjå også mellom anna kapittel 2.2, 2.7 og 4.1.*

## 4.3 FRI KUNNSKAPSUTVIKLING

Dagens samfunn er i ein overgangsfase mellom industrisamfunnet og kunnskapssamfunnet. Kunnskap, innovasjon og produksjon blir vovne stadig sterkare saman. Difor er det viktigare enn nokon gong å sikre vilkåra for fri kunnskapsutvikling.

I takt med at kunnskapen si rolle og posisjon dei siste tiåra har vorte viktigare, har institusjonane for høgare utdanning og forskning gått gjennom store endringar. Det har vorte langt fleire studentar, og dermed fleire og større universitet og høgskular. Det er i hovudsak ei positiv utvikling, men den har også skapt eit press for å gjere utdanningane på universitetsnivå kortare og meir skuleprega. Samtidig har styringsprinsipp frå det private næringslivet fått innpass, her som elles i offentleg sektor, mellom anna ved at målstyring og resultatindikatorar er lagde til grunn for offentlege løyvingar.

Dei Grøne ønskjer frittstående universitet som kan tilby utdanning på aller høgste nivå og drive både grunnforskning og anna forskning etter eigne prioriteringar. Universiteta bør vere sjølvstendige stemmer i samfunnsdebatten. Utanom universiteta trengst høgskular og institutt som kan drive oppdragsforskning. Dei må også få grunnløyvingar på høgde med internasjonale konkurrentar. Målstyring må avviklast som styringsprinsipp for universitet og høgskular.

Høgare utdanning skal vere tilgjengeleg for alle med nødvendige kvalifikasjonar. Økonomi skal ikkje vere eit hinder. Samtidig må dei som ønskjer å kombinere studiar og arbeid som hovudregel få høve til det.

Kunnskap finst ikkje berre i akademia og på papiret. Den blir også utvikla kvar dag gjennom erfaringane menneske gjer med å løyse problem i praksis. Å ta vare på og å formidle erfaringar frå nyskapande sosiale og økologiske forsøk – og la erfaringane stimulere kvarandre – er ei viktig oppgåve. Den kan bli avgjerande for samfunnet si evne til å møte dei utfordringane vi no står framfor.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

1. Skilje klarare mellom oppgåvene til universiteta, høgskulane og instituttsektoren, slik at oppdragsforskning og programstyrt forskning i hovudsak blir overlatne til dei sistnemnde. Dette skal ikkje vere til hinder for samarbeid på tvers av institusjonane.
2. Finansiere universitet og høgskular gjennom offentlege grunnløyvingar, slik at institusjonane sjølve kan prioritere kva dei vil forske på.
3. Avskaffe kvantitativ målstyring som styringsverktøy og finansiering basert på avlagde studiepoeng eller tal på publiserte artiklar.
4. Gjere alle data og publikasjonar som er resultat av offentleg finansiert forskning gratis tilgjengelege for allmenta med ein Open Access-policy. Rådata må også frigjerast når omsyn til personvern tillét det.
5. Sette av årlege midlar til forskingsprosjekt der frivillige og ideelle organisasjonar får avgjere kva det skal forskast på. Forskinga skal utførast av ordinære forskingsinstitusjonar.
6. Løyve ressursar til uavhengige institusjonar som fremjar sosiale og økologiske innovasjonar og formidlar erfaringane derifrå.
7. Verne om gratisprinsippet. Vi avviser innføring av studieavgift i høgare utdanning.

*Sjå også mellom anna kapittel 3.3 og 3.4.*

## 4.4 DIGITALE RETTAR

Allmenn deltaking og eit mangfald av kunnskap i eit opplyst folk er mellom dei viktigaste vilkåra for eit levande, godt fungerande demokrati. Eit sterkt, moderne demokrati føreset tilgang til eit fritt og ope Internett for alle.

For Dei Grøne er digitale rettar alminnelege borgarrettar overførte til den digitale sfæren. Retten til kunnskap, læring, deling og møteverksemd, samt yringsfridomen, personvernet og forbrukarrettane, er rettar som må haldast i hevd, også i dei nye miljøa den digitale verda representerer, og som vi ikkje må ta for gitt.

Dei Grøne støttar initiativ for fri tilgang til digitalisert kunnskap og fri programvare. Det offentlege bør bruke opne standardar, slik at folk ikkje blir tvunga til å bruke til dømes eit gitt operativsystem eller ein gitt nettlesar for å få tilgang til offentleg informasjon og tenester. På den andre sida krev utbreiinga av den digitale sfæren auka fokus på personvern, ikkje minst førebygging av identitetstjuveri.

Dei Grøne meiner at dagens opphavsrettsreglar må tilpassast den digitale tidsalderen. Deling på nett gir fleire tilgang til meir kultur, og nettet gjer det potensielt lettare for kunstnarar å nå ut til publikum. Samtidig har møtet mellom opphavsretten og den digitale kvardagen ikkje vore uproblematisk, og utfordringane med å sikre rettane til opphavspersonar er mange. Vi ønskjer å greie ut spørsmålet om lovleg ikkje-kommersiell fildeling, og utarbeide gode løysningar som sikrar eit blømande kulturliv, utan at det inneber kriminalisering av vanlege borgarar, overvaking av Internett eller oppbløming av piratverksemd.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

1. Arbeide aktivt for å fremje samfunnsengasjement og utøving av demokrati gjennom Internett, og forsvare tilgangen til eit fritt og ope nett som ein rett for alle. Nettbrukarar må sikrast både yringsfridom og personvern, nasjonalt og internasjonalt.
2. Prioritere omsynet til personvern og borgarrettar i arbeidet med nye lover eller avtalar som gjeld digitale rettar direkte.
3. Slå fast at retten til å vere anonym i den digitale verda skal vere den same som i samfunnet elles.
4. At inngrep i borgarane sin kommunikasjon, utan uttrykkeleg samtykke frå den einskilde, berre kan skje når det ligg føre konkret mistanke om kriminell åtferd hos den einskilde, og innanfor straffeprosessuelle rammer med domstolskontroll.
5. Slå fast at det å bli kopla frå Internett aldri skal kunne brukast som straff i seg sjølv.
6. Gjere avtalen om nettnøytralitet, som norske internettleverandørar har underteikna, til ei lov.
7. At det offentlege, og særleg skulen, skal gå føre i bruken av fri programvare.
8. Støtte utvikling av fri programvare, og styrke det statsfinansierte kompetansesenteret for fri programvare (Friprogsenteret).
9. At det offentlege skal bruke opne filformat.

10. At ved investering i ny teknologi, som 3D-printing, skal det offentlege alltid velje løysingar med open standard og satse på utvikling innan dette feltet.
11. Gjere offentlege data tilgjengelege for allmenta under ein fri lisens eller utan opphavsrettsleg vern, så lenge det ikkje går ut over personvern eller tryggleiken til riket.
12. Krevje at all programvare utvikla av, eller på oppdrag frå, det offentlege blir frigjort under ein etablert og respektert Fri Programvare-lisens.
13. Samle alle offentlege aktørar som utviklar programvare for same mål og funksjon rundt utviklinga av fri programvare i fellesskap, og fremje tilsvarende samarbeid internasjonalt.
14. Arbeide for å oppheve Norge si tilslutning til datalagringsdirektivet i EU.
15. Krevje slutt på den svenske overvakinga av norsk internett-trafikk gjennom FRA-lagen.
16. Greie ut om lover som kan hindre private selskap å blokkere økonomiske transaksjonar utan rettsleg godkjenning eller FN-mandat.
17. Styrke innsatsen mot identitetstjuveri.
18. Arbeide for ei åndsverklovgiving som er tilpassa dagens digitale samfunn, og som fremjar kulturproduksjon både i klassiske og nye former. Ta sikte på å redusere vernetida til opphavsretten.
19. At verk som er fullfinansierte av det offentlege skal bli underlagde opne lisensar etter høgst fem år.
20. Gi Nasjonalbiblioteket rett til å klarere bruk av såkalla «foreldrelause verk», altså verk som er omfatta av opphavsretten utan at det er råd å kome i kontakt med opphavspersonane.
21. Lage eit system for årleg registrering og publisering av verk som fell i det fri når vernetida går ut.
22. Greie ut om det er råd å gjere ikkje-kommersiell fildeling av musikk og andre medietypar lovleg, kombinert med ulike løysningar for betaling til utøvarane, produsentar og studio.
23. Forby DRM-system ("Digital Rights Management", eller "administrasjon av digitale rettar"), det vil seie tekniske vernesystem for digitale åndsverk, som tek sikte på å avgrense bruken av opphavsrettsverna informasjon. For produkt der eit forbod er utanfor norsk jurisdiksjon, vil vi pålegge tydeleg merking av DRM-teknologi.
24. Lovfeste at å sperre brukaren frå full tilgang til funksjonaliteten i eigen maskinvare, til dømes smarttelefonar og nettbrett, er ulovleg i Norge. Eigedomsretten tilseier at når du har kjøpt eit produkt må du kunne bruke det slik du vil, utan å måtte "jailbreake" eller låse det opp på anna vis først.
25. Styrke og bevare forbrukarane sine lovfesta borgarrettar i møte med brukarlisensar (End User License Agreement) og brukaravtalar (Terms of Service).
26. Opprette lokale, offentleg finansierte, nettsenter, der personar med låg nettkompetanse kan få hjelp til tenester som blir stadig meir nettbaserte. Det kan vere betaling av rekningar, kjøp av billetter med meir. Desse kan til dømes lokaliserast ved helsestasjonar, og må vere eit gratis tilbod med låg terskel.

*Sjå også mellom anna kapittel 3.4 og 4.3.*



## 4.5 JUSTISPOLITIKK OG BEREDSKAP

Dei Grøne legg omsyn til medmenneske, ikkjevald, omsorg og ansvar til grunn i justispolitikken. Ingen er berre kriminelle – dei er vanlege menneske som av svært ulike årsaker har brote lova.

I eit samfunn der mange føler seg framande, rotlause og avmektige, vil aggresjon, vald og kriminalitet ha gode vekstvilkår. Vaksine nummer ein mot kriminalitet er eit meiningsfylt liv i ein inkluderande fellesskap basert på sosial rettferd, likestilling og likeverd for alle grupper. Synleg politi er også viktig førebygging. Politiet og rettsvesenet må få dei økonomiske ressursane som trengst for å motverke kriminalitet.

Vi vil redusere bruken av fengselsstraff, til fordel for ordningar som har vist seg å fungere betre både ved soning og rehabilitering. Lovbrytarar skal stillast til ansvar for lovbrota sine og få høve til å gjere opp for seg. Vi vil auke bruken av alternative reaksjonsmåtar som samfunnsteneste. Reglar og praksis ved varetekt og bruk av glattcelle må skjerpast.

Ein svært stor del av kapasiteten til domstolane og fengselsvesenet går i dag med til narkotikarelaterte lovbrota. Erfaringar frå andre europeiske land tyder på at ein kan unngå mange av desse lovbrota med ein betre helsepolitikk for rusmiddelavhengige. Rusmiddelmissbruk kan og bør handterast primært som eit helseproblem, i tråd med konklusjonane til Stoltenberg-utvalet.

Alle som er råka av kriminalitet har ein sjølvsgatt rett til medisinsk, psykiatrisk og juridisk hjelp etter behov. Det offentlege må gi erstatning forskottsvis til dei som har krav på det etter å ha lide økonomisk tap.

Norge har i dag eit stort udekt rettshjelpsbehov, særleg mellom utsette grupper i samfunnet. Utan fri rettshjelp står menneske i spesielt vanskelege situasjonar utan sjanse til å ivareta sine rettar. Miljøpartiet Dei Grøne vil styrke det offentlege tilbodet om rettshjelp og utvide tilgangen til fri rettshjelp. Dekningsområdet til den offentlege rettshjelpsordninga må utvidast, særleg når det gjeld konflikatar i arbeidslivet, på utlendingsrettsfeltet og i straffegjennomføringssaker.

Førebygging av katastrofar og beredskap blir stadig viktigare i samfunnet. Dei Grøne vil styrke arbeidet med å førebygge ulykker, kriser og uønskte hendingar, og utvikle samfunnet si evne til effektiv ulykkes- og krisehandtering. Departementa har ansvar for kvar sine sektorar også på beredskapsfeltet, men samarbeidet og heilskapsblikket må styrkast. Dette behovet er aktualisert også gjennom stadig oftare klimarelaterte naturulykker i Norge, der flaum- og skredhendingar set infrastruktur ut av spel og menneskeliv og helse i fare. Vi vil også auke analysekapasiteten, som i dag er eit svakt punkt i arbeidet med samfunnstryggleik. Både helseberedskap, politietterforsking og trygg vassforsyning er avhengige av ein meir effektiv analysesektor.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

1. Føre ein kriminalpolitikk som er grunna i omsyn til medmenneske, ikkjevald, omsorg og ansvar.
2. Motarbeide kriminalitet og vald ved å bygge eit samfunn og eit miljø som folk kjenner at dei har ansvar for og at dei høyrer til i.
3. Gi alle som er råka av kriminalitet medisinsk, psykologisk og juridisk hjelp etter behov. Dette skal også gjelde pårørande. Dei som har lide økonomiske tap må få eventuell erstatning garantert og utbetalt forskottsvis av det offentlege etter rettskraftig dom.

4. Gi offer for brotsverk høve til å krevje at politiet reiser tiltale, dersom brotsverket er alvorleg nok til at det kan kvalifisere for fengselsstraff og lovbrytaren er kjend.
5. Heve inntektsgrensa for fri rettshjelp og inkludere personleg gjeld i utrekninga av kven som kan få fri rettshjelp. Frivillige organisasjonar som gir gratis rettshjelp bør få auka løyvingar.
6. At det skal finnast lokalt baserte politi- og lensmannskontor som har kjennskap til og engasjerer seg i nærmiljøet. Politiet må vere synlege på ein inkluderande og positiv måte.
7. Gå imot å legitimere vaktelskap og andre private aktørar som utøvarar av mynde på lik line med politiet.
8. Styrke innsatsen mot svindel, skattesnyteri, kvitvasking av pengar og annan økonomisk kriminalitet. Svarte formuar må kunne inndragast til fordel for fellesskapet.
9. Styrke innsatsen mot alle former for miljøkriminalitet.
10. Opprette ei eiga eining i politiet som tek seg av saker om dyremishandling.
11. Styrke innsatsen mot vald i nære relasjonar. Politiet må auke kompetansen til å etterforske valdtekts- og incestsaker, mellom anna ved å opprette ei nasjonal etterforskingseining for valdtekt. Kompetansen som gjeld vald i familie og nærmiljø må også auke.
12. Oppretthalde og styrke overgrep- og valdtektsmottak, og sikre nødvendige midlar til krisesenter, både for kvinner, barn og menn.
13. Ha eit sterkt offentleg støtteapparat for kvinner og menn som hamnar i prostitusjon. Personar som har vorte utsette for menneskehandel må få den hjelpa og vernet som dei har trong for. Deira søknader om opphald må bli vurdert uavhengig av om dei melder saka eller ikkje.
14. Avvikle sexkjøpslova og fokusere etterforskingssinnsatsen mot hallikverksemda og vald mot prostituerte.
15. Føre ein human narkotikapolitikk der rusmisbruk blir handsama som eit helseproblem. Vi vil avkriminalisere bruk av illegale rusmiddel og innehav av mindre mengder stoff til eige bruk. Vi ønskjer derimot framleis at innføring, produksjon og sal av narkotika skal vere straffbart.
16. Gi lovbrytarar høve til å gjere opp for seg raskt. Vinningslovbrot og hærverk bør i dei fleste tilfelle kunne rettast opp gjennom bøter og samfunnsteneste. Vi ønskjer dessutan å utvide bruken av konfliktråd.
17. Oppretthalde juryordninga, men krevje at juryen må gi ei skriftleg grunngjeving når den avseier ein dom.
18. Minimere bruken av fengsel, innføre elektronisk fot-lenke som reaksjonsmåte og auke bruken av samfunnsteneste.
19. Etablere fleire fengsel på øyer, som Bastøya i Oslofjorden, der dei innsette kan leve utan konstant å bli minte på fangestatusen sin.
20. At personar under 18 år ikkje må settast i fengsel, men få anna tilsyn.

21. Skjerpe inn regelen om at ingen skal haldast i forvaring i meir enn fire timar utan vere sikta. Ingen må haldast meir enn eitt døgn på glattcelle. Bruken av varetektsfengsel må innskrenkast slik menneskerettsorganisasjonar krev.
22. Avgrense bruken av isolasjon kraftig. Sikringsceller må berre nyttast i få timar, og i eit avklart tidsrom. Melding til fengselsstyret må skje innan eitt døgn. Andre tryggingstiltak enn isolasjon må takast i bruk i større grad.
23. Styrke rettsstillinga til menneske som er innlagde på psykiatriske institusjonar.
24. Hindre sensur av Internett og andre datanettverk, med unntak for spreing av barnepornografi som skjer utanfor norsk jurisdiksjon (til dømes serverar i utlandet). Sensur er alltid siste utveg og kan ikkje nyttast dersom det finst andre måtar å handheve lova på. Lista over sensurerte domener og IP-adresser må leggast fram til dei som spør etter det. Innehavarar av domener/IP-adresser skal informerast og få høve til å klage.
25. Auke ressursane til Datatilsynet og gi dei mynde til å avgrense og kontrollere overvaking av det sivile samfunnet, spesielt i det offentlege rom.
26. Styrke offentleg kontroll og innsyn i verksemda til PST og andre organ som driv overvaking. Berre når strafferamma er over eit visst nivå skal inngripande overvakingsmetodar som kommunikasjonsavlytting kunne brukast.
27. At i saker der det har vore nytta inngripande overvaking (som kommunikasjonsavlytting), skal dei som har vorte overvaka underrettast om dette seinast tre år etter at overvakinga er avslutta. Underretning er ikkje nødvendig i saker der det blir reist tiltale.
28. Lovregulere intensiv spaning på line med andre inngripande overvakingsmetodar. Norske styresmakter må underrettast dersom utanlandske spanarar opererer på norsk territorium.
29. Gjere vilkåra for å ta opp igjen straffesaker tydelegare, og lovfeste retten til å ta opp igjen saker med funn av nye DNA-spor.
30. At eit prosjekt tilsvarande «The Innocence Project» i USA, som har avdekka at opp til 5 % av dei innsette kan vere uskuldige, får offentleg stønad dersom det blir etablert i Norge.
31. Erstatte Spesialeininga for politisaker med eit organ som er uavhengig av politiet.
32. Styrke den heilskaplege beredskapsplanlegginga, med fokus på vern av infrastruktur, menneskeliv og helse i eit endra klima.
33. Etablere fleire offentlege laboratorium, særleg for å auke kapasiteten innan DNA-analyse, vassprøver og pandemianalysar.

*Sjå også mellom anna kapittel 1.8, 3.6, 3.7 og 4.4.*

# 5. NORGE I VERDA

Norge er eit svært aktivt land i ulike internasjonale fora, og har på bakgrunn av dette stor innverknad i forhold til storleiken. Men norske regjeringar har vore svake på strategisk tenking om kva for interesser som skal fremjast gjennom den innverknaden vi har.

Miljøpartiet Dei Grøne sin utanrikspolitikk bygger på erkjenninga av at vi alle er ein del av eit globalt fellesskap, og at vi alle står framfor dei same globale utfordringane. Det er det globale fellesskapet sine interesser som må styre prioriteringane våre. Difor vil vi samordne politikken vår med dei andre grønne partia i European Green Party og i Global Greens. Vårt felles mål med det utanrikspolitiske engasjementet er å fremje ikkjevald og økologisk, økonomisk og sosial berekraft i verda.

Dei menneskeskapte økologiske trugsmåla vi står framfor er konsekvensane av ei økonomisk utvikling som ikkje er berekraftig. Resultata er klimaendringar, ørkenspreiing, erosjon, tap av naturmangfald, matmangel og mangel på reint vatn. Dei Grøne vil at Norge skal bidra økonomisk og politisk til å bygge opp den globale berekrafta. Målet må vere at alle land i verda skal kutte i utslepp av klimagassar, verne naturmangfaldet, redusere overforbruket i dei rike landa og etablere ein berekraftig matproduksjon.

## 5.1 EIT STYRKA FN

I ein asymmetrisk verdsorden med statar som er avhengige av einannan på innfløkt vis, og der det ikkje finst nokon reell overnasjonal styresmakt, må eit lite land som Norge ta aktivt del i dei internasjonale fora der statane inngår forpliktande avtalar. Viktigast mellom desse er FN. Dei sameinte nasjonane er den organisasjonen som er best eigna til å koordinere tilhøve mellom statar. Arbeidet med å sikre FN som ein truverdig, effektiv og demokratisk fellesarena er under stadig press. Organisasjonen må vaktast og utviklast som den viktigaste arenaen der alle land kan ta del og ha innverknad.

Reformering og demokratisering av FN er viktig for å oppnå tillit, samarbeid, ikkjevald og berekraftig ressursfordeling mellom landa. Dei Grøne går imot å høle ut autoriteten og handlingsrommet til FN ved at mandat og ressursar blir flytta til institusjonar utanfor generalforsamlinga sitt ansvarsområde.

For å unngå ein global miljøkatastrofe treng vi djuptgåande endringar i måten det internasjonale samfunnet styrer på. Dei Grøne vil gjere om FN sitt miljøprogram (UNEP) til ein organisasjon for berekraftig utvikling der alle dei største økonomiane er representerte. Dette vil gi miljøarbeidet større autoritet og meir stabil finansiering.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

1. Styrke FN og demokratiet i FN.
2. At Norge skal jobbe for en rask igangsetting av en administrativ reform der betre rutinar og samordning mellom FN-institusjonane vil frigjere store ressursar.
3. Omdanne UNEP til ein FN-organisasjon for miljø, klima og berekraft.
4. Flytte ansvar frå IMF (Det internasjonale pengefondet), Verdsbanken og WTO (Verdas handelsor-

ganisasjon) over til FN-organ underlagt generalforsamlinga.

5. Utvide FN's inntektsgrunnlag med globale skattar på interkontinental flytrafikk, internasjonale finanstransaksjonar og våpenhandel.

*Sjå også mellom anna kapittel 5.4 og 5.5.*

## 5.2 INTERNASJONAL ØKONOMI OG HANDEL

Internasjonal frihandel fremjar i dag interessene til dei rike landa, og fører til store overføringar frå sør til nord. På veg ut av fattigdomen nyttar dagens rike land nasjonale lover og reglar som tollmurar, importforbod, eksportsubsidiar og produksjonsstønad for å bygge opp eigen industri. Regelverket til Verdas handelsorganisasjon hindrar dei fattige landa i å bruke slike verkemiddel for å verne eigen produksjon. Land i sør må få drive ein aktiv næringspolitikk ut frå egne interesser, utan fare for straff frå det internasjonale samfunnet. Måten verdshandelen er organisert på er avgjerande for fattige land, og må difor vere demokratisk underlagt generalforsamlinga i FN.

Dei Grøne meiner at miljømål må få større gjennomslag i internasjonale avtalar om handel, investeringar og finans. Slike avtalar må bygge opp under gjeldande miljøavtalar og -prinsipp.

Utviklinga av den internasjonale finansnæringa blir driven av ein eksponensiell gjeldsvekst, som stadig aukar belastninga på økosystema på jorda. Vi må kome oss vekk frå vekstøkonomien og over til ein stabil likevektsøkonomi, og etablere ein finanssektor som betre spelar på lag med realøkonomien.

Patent er meint som ein spore til oppfinningar og produksjonsforbetringar. Men patentering kan også føre til så høge prisar at mange land i praksis ikkje får tilgang på teknologi, medisinar og kunnskap. Særleg når det gjeld utvikling av nye medisinar må det etablerast eit regelverk som gir fattige land lov til å produsere kopimedisinar. Overføring av teknologi for produksjon av fornybar energi må også bli del av eit system som ikkje fører til høgare kostnader i mottakarlanda.

Korrupsjon og skatteparadis er alvorlege problem både for rike og fattige land, og må motarbeidast.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

1. Arbeide for at låginntektsland får verne delar av marknadane sine etter behov, med sjølvvalde tollgrenser, spesielt når det gjeld matproduksjon og nystarta industri.
2. Innføre grønne importavgifter som fremjar natur- og miljørelaterte målsettingar.
3. Arbeide for at retten til mat og matsuverenitet, og FN-konvensjonen om biologisk mangfald skal ligge til grunn for alle handelsavtalar. Sekundært ønskjer vi mat og landbruk ut av WTO.
4. Arbeide for å redusere gjeldsbøra til fattige land.
5. Motarbeide finansielt hemmelegald i skatteparadis, ved å jobbe for ein global avtale om informasjonsutveksling og å styrke skatteforvaltninga i fattige land. Vi vil også krevje «land for land-rapportering» frå transnasjonale selskap, og forby Statens pensjonsfond utland og andre verksemder med statleg eigarskap å operere i skatteparadis.

6. Arbeide internasjonalt for strengare straff for selskap og einskildpersonar som er innblanda i korrupsjon.
7. Innføre avgift på finanstransaksjoner (finansskatt), med satsar og innslagspunkt innretta for å råke skadeleg spekulasjon.
8. Forby genmodifiserte organismar (GMO) i landbruket, og seie nei til patentrettar på mellom anna plantar, dyr og genar.

*Se også blant annet kapittel 1.6 og 2.5.*

## 5.3 UTVIKLING OG BISTAND

Dei Grøne ønskjer ei meir lik fordeling av ressursar mellom nasjonar og folkegrupper enn i dag. Trass i retorikk og ambisjonar om det motsette, går overføringane av ressursar i all hovudsak frå låginntektsland til rike land i form av billege råvarer, arbeidskraft og gjeldsrenter. Denne tappinga av ressursar må stogkast og reverserast, slik at landa i sør blir i stand til å dekke behova sine og skape ei god utvikling.

Naudhjelp, bistand og gunstige lån, gjennomført utan korrupsjon, gagnar fattige land og er på kort sikt nyttige verkty i kampen mot fattigdom. På lengre sikt må landa settast i stand til å produsere verdiar og ressursar for å dekke sine eigne behov og ta del i verdshandelen på ein berekraftig måte. Bistanden kan med fordel i større grad rettast mot klima- og miljøtiltak, sidan det er dei fattige landa som først blir råka av klimaendringar og miljøkatastrofar. Norsk bistand skal i så stor grad som råd vere mottakarorientert og lokalt forankra.

Dei Grøne ser samtidig alvorleg på samarbeidsproblema i bistandsbransjen og avhengnaden som bistand kan føre til. Det er også kritikkverdige at militærinnsats blir tett knytt til bistand. Strukturelle tilpassingsprogram med krav til liberalisering og privatisering av industri og handel har fått negative konsekvensar. For å bidra til ei betre retning på bistanden bør land rosast dersom dei vernar produksjonen sin i oppbyggingsfasen, fører ein effektiv skattepolitikk, minimerer militærkostnadane og aukar helse- og utdanningsbudsjetta.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

1. Bygge norsk bistandsarbeid på prinsippa om hjelp til sjølvhjelp og likeverd. Norsk bistand skal ikkje bidra til å gjere land bistandsavhengige.
2. Arbeide for at Verdsbanken og Det internasjonale pengefondet sine strategiar for strukturrasjonalisering blir erstatta med ordningar som set fattige land i stand til å delta i verdssamfunnet på likeverdige vilkår.
3. At norsk naudhjelp og arbeid for å redusere katastroferisiko også skal rettast inn mot tiltak som kan førebygge klimaendringar og handtere klimarelaterte katastrofar.
4. Sette nulltoleranse for korrupsjon som eit overordna mål for alt norsk bistandsarbeid.
5. Arbeide for at utviklingsland skal ha rett til å utnytte fornyelege ressursar og teknologi for å sikre verdiskaping og berekraft.



6. Arbeide for å rette FN sitt avskogings-program REDD og “Energi for alle”-programmet Energy + inn mot reelle kutt i utslepp av klimagassar, og for at satsingane skal styrast lokalt.
7. Bruke meir av norske bistandsmidlar på tiltak for auka landbruksproduktivitet og betre vasstilgang, med økologiske metodar og lokal kontroll.
8. Støtte økologisk landbruk som strategi for å sikre matjord, vatn, biomangfald og lokal sjølvråderett.
9. At Norge aktivt skal støtte utvikling av «agro-økologiske» mål og målestokkar som eit grunnleggjande alternativ til industrijordbruk for framtida. Norge må følgje opp tilrådingane om framtidig jordbruk frå FN sin internasjonale gjennomgang av kunnskapen på feltet (IAASTD).
10. Fremje aktiv deltaking frå kvinner i alle deler av utviklingslanda sitt økonomiske, politiske og sosiale liv. Kvinner må sikrast mot valdelege overgrep.
11. Greie ut om prinsippa for rettferdig handel (Fairtrade) kan gjelde alle importvarer.
12. Gjere Norge til verdas første «Fairtrade-stat».
13. Fremje bistand retta mot folkeopplysing og frie og uavhengige medium, slik at innbyggjarane i motakarlanda sjølve kan halde institusjonane sine ansvarlege.

*Sjå også mellom anna kapittel 1.1, 1.6 og 2.4.*

## 5.4 INTERNASJONAL KONFLIKTHANDTERING – IKKJEVALD

Internasjonal konflikthandtering skjer i ulike kanalar og på ulike nivå. FN må ha det overordna ansvaret, og organiserast slik at det kan utøvast så godt som råd.

Så langt som råd bør ein unngå bruk av militære metodar for å skape fred og løyse konflikhtar, og det må skje med minst mogleg valdsbruk. Dei Grøne trur på forhandlingar, konfliktløysing og ikkjevald både på grunn av menneskesynet vårt, og fordi vi meiner at ikkjevaldsmetodar ofte er mest effektive.

Norge må saman med verdssamfunnet minske faren for terroråtak ved å ta tak i årsakene til internasjonal terrorisme. Mellom desse årsakene er manglande demokrati og undertrykkande maktrelasjonar. På sikt risikerer vi at effektane av knappe ressursar og klimaendringar også vil føre til eit auka konflikt- og valdsnivå.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

1. At Norge skal fremje ikkje-valdeleg konflikthandtering i alle relevante fora.
2. Bygge opp under FN og folkeretten som trygging mot angrepskrig.
3. Arbeide for å reformere FNs Tryggingsråd, slik at samansettinga betre representerer styrketilhøva i verda i dag. Vetoretten må endrast slik at det må meir enn eitt land til for å blokkere vedtak.
4. Bidra i større grad til fredsbevarande FN-styrkar og etablere sivile frivillige fredsstyrkar til erstat-

ning for militære bidrag som kan settast inn i konfliktar. Samtidig må FN-styrkene få ein sterkare sivil profil.

5. Arbeide for eit internasjonalt forbod mot kjernevåpen og bruk av utarma uran som ammunisjon på lik linje med kjemiske og biologiske våpen.
6. At Norge gjennom diplomatiske kanalar skal øve press på Israel, USA, Iran og arabiske land for å løyse konflikten mellom Israel og Palestina. Norge må ikkje selje krigsmateriell til, eller kjøpe slikt materiell frå, noko land i Mellom-Austen.
7. Arbeide for å sikre rettane til urfolk, etniske minoritetar og statslause folk.
8. Støtte arbeidet med å legge til «ecocide» (kriminalitet mot økosystem) som eit femte internasjonalt brotsverk mot freden, på lik line med folkemord og brotsverk mot menneskeslekta, slik at slike saker kan førast for ein internasjonal domstol.
9. Betre tilhøvet og styrke samarbeidet med naboane våre. Vi ønskjer å innleie samtalar med Russland om å demilitarisere Kolahalvøya og Finnmark, og å avslutte levering og overføring av militær etterretning frå Svalbard og Antarktis, i samsvar med internasjonale traktatar. Vardø-radaren må heilt og fullt under norsk kontroll. Kulturutvekslinga med Russland må utvidast.

*Sjå også mellom anna kapittel 5.1 og 5.5.*

## 5.5 FORSVAR OG TRYGGINGSPOLITIKK

Ei statsmakt er i seg sjølv eit inngrep i fridomen til individa, og den grunnleggjande eksistensretten til statens ligg i evna til å skape tryggleik for befolkninga. Dei Grøne ser det difor som eit mål for forsvars- og tryggingspolitikken at staten skal sikre internasjonal respekt og aksept for norsk suverenitet. Det gjer vi best gjennom å ta aktivt del i ulike internasjonale fora og arbeide for at det blir etablert stadig betre og forpliktande multilaterale avtalar for å styrke den internasjonale rettsordenen.

Den andre målsettinga med forsvars- og tryggingspolitikken er å førebygge krig i vår del av verda. Det gjer vi mellom anna ved å finne balansen mellom å ha eit forsvar som ikkje blir oppfatta som trugande av naboland og å oppretthalde ei truverdig forsvarsevne. Den tredje hovudmålsettinga er å sikre livsgrunnlaget til den norske befolkninga, ikkje berre i krig, men også ved naturkatastrofar eller andre kriser. Det kan vi oppnå med ein høg grad av berekraftig sjølvforsyning av mat og energi. Staten må samtidig etablere ein reell beredskap for å handtere både større og mindre katastrofar.

Som medlem i NATO er Norge garantert verna gjennom § 5 i NATO-pakta. Dei Grøne anerkjenner NATO si rolle i å oppretthalde fred og stabilitet i Europa, samtidig som vi er lei for at denne tryggleiken var bygd på trugsmål om atomkrig. NATO-pakta let Norge vere eit stort sett demilitarisert og fredeleg samfunn, og gir oss ei truverdig forsvarsevne. Medlemskapen i forsvarsalliansen har like fullt mange problematiske sider. NATOs «out of area»-strategi er eit alvorleg trugsmål mot kollektiv tryggleik og konflikthandtering. Den er basert på trugsmål om bruk av atomvåpen, og fordi den er lausriven frå FN vil den lett kunne mistenkast for å botne i eigeninteresser. NATOs gjeldande strategiske konsept vil kunne føre oss inn i stadig nye konfliktar utanfor NATO-området, til tider i strid med FN-pakta. For Dei Grøne er det viktig at det nye strategiske konseptet legg vekt på at NATO-operasjonar alltid må vere forankra i eit FN-mandat.

## Miljøpartiet De Grønne vil:

1. Avlyse kjøpet av jagarflyet F-35 (Joint Strike Fighter). Avtalen om kjøp av slike fly bygg på bristande føresetnader.
2. Setje som føresetnad for vidare deltaking at NATO skal vere ei forsvarspakt. Alliansen må fråskrive seg den sjølvbestemte retten til forkjøpsangrep som han sjølv har gitt seg.
3. Arbeide for at NATO underordnar seg FN-pakta, som seier at ingen land har rett til å angripe eit anna, berre til å forsvare seg etter eit angrep.
4. At punktet om «out of area» blir avgrensa til berre å omfatte operasjonar forankra i eit klart FN-mandat.
5. At NATO-landa skal gå føre og bygge ned sine arsenal med atomvåpen, og slå fast at våpna ikkje skal brukast under noko omstende.
6. Arbeide for eit sterkare fellesnordisk forsvarssamarbeid, for å spare utgifter ved å samkøyre materellstandardar og auke gjensidig avhengnad.
7. Avslutte dagens norske eksport av krigsmateriell og legge om til ein avgrensa produksjon av militærmateriell til bruk for Norge og samarbeidsland i Norden. Norge må uansett krevje sluttbrukarerkjøring frå alle land som kjøper våpen og ammunisjon produsert i Norge.
8. Etablere eit totalforsvar tilpassa det totale trugsmålsbildet. Dette omfattar forsvar mot miljøtrugsmål og omsyn til konsekvensane klimaendringane kan få for kritisk infrastruktur.
9. Jobbe for ei kjønnsnøytral profesjonalisering av forsvaret, ved mellom anna å fjerne verneplikta.
10. Gi alle som gjer militærtjeneste trening i metodar for ikkjevaldsmotstand og ikkje-samarbeid.
11. Styrke det internasjonale beredskapsarbeidet, særleg innsatsen for å førebygge og handtere kriser knytte til humanitære katastrofar. Raskt akselererande klimaendringar gjer at desse no aukar i omfang og frekvens.
12. Styrke demokratiutdanninga ved å demokratisere Sivilforsvaret og Heimevernet. Dette kan gjerast ved å gi menneskap medråderett om prioriteringar innan innkjøp av utstyr og treningsmengde/innhald i fredstid.
13. At staten i samarbeid med kommunane igjen innfører beredskapslagring av mat- og såkorn for minst eitt års forbruk.
14. Gjere Heimevernet i stand til å handtere kriser/katastrofar av ulik art. Spesialavdelinga HV-016 må opprettast igjen, for å styrke den regionale beredskapen i alle landsdelar.

*Sjå også mellom anna kapittel 5.1 og 5.4.*

## 5.6 INNVANDRING, FLYKTNING- OG ASYLPOLITIKK

Norge har endra seg frå eit utvandringssamfunn til eit innvandringssamfunn. Innvandring gir sjansar til både einskildmenneske og samfunnet, men skaper samtidig utfordringar. Dei Grøne meiner at utfordringane må takast på alvor, og handterast ope.

Innvandringa til Europa har djuptgåande økonomiske, strukturelle, politiske og demografiske forklaringar. Ein restriktiv norsk politikk vil auke presset på andre europeiske land, legge til rette for auka illegal innvandring og bidra til menneskelege tragediar av den typen som allereie skjer ved yttergrensene til EU/EØS-området. Solidaritet er grunnleggande for grøn politikk. Ein restriktiv politikk vil vere usolidarisk, både overfor menneske i naud og overfor andre land. Asylpolitikken i Norge skal ikkje gå ut over grunnleggande menneskerettar. Dei Grøne vil samarbeide med andre grønne parti i Europa om å utvikle ein human flyktning- og innvandringspolitikk.

Klimaflyktningar er menneske som er på flukt frå ulevelige livsvilkår, eller har forlate heimane sine fordi livsvilkåra er sterkt endra. FN reknar med at 42 millionar menneske i dag er på flukt som følgje av endra klima. Det kan vere store katastrofehendingar som har lagt heimane i ruinar, eller endra vilkår for jordbruk og fiske som skaper umoglege livsvilkår. Norge må rekne med å ta imot eit stor tal klimaflyktningar i åra som kjem. Dei Grøne tek denne utviklinga alvorleg, og vil gi klimaflyktningar same rett til vern som andre flyktningar har gjennom FN-konvensjonen.

Dei Grøne ser det som sjølvsagt at vi som eit rikt, fredeleg og demokratisk land har eit særleg ansvar for menneske på flukt frå forfølgning. Rask sakshandsaming er viktig i asylpolitikken. I mellomtida bør asylsøkarar få høve til å lære norsk språk. Tek det over tre månader å avgjere saka, bør dei også få midlertidig arbeidsløyve. Asylsøkarar som har fått avslag, men ikkje er returnerbare på grunn av tilhøve i heimlandet, eller som har vorte integrerte i det norske samfunnet gjennom til dømes arbeid eller familietilknytning, bør få høve til å søke om arbeidsinnvandring til Norge utan først å måtte forlate landet. Papirlause bør få same høve til å regularisere opphaldet sitt i landet.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

1. At Norge skal ta imot 2000 kvoteflyktningar årleg, utan å stille krav om integreringspotensiale. Behovet for vern må vere det primære kriteriet.
2. At Norge skal bidra til å styrke FN's høgkommissariat for flyktningar, slik at fleire kan få tilstrekkeleg hjelp i heimlandet eller eit naboland.
3. Gi klimaflyktningar same rett til vern som andre flyktningar har gjennom FN-konvensjonen.
4. Arbeide for ein human asylpolitikk i tråd med FN's råd. Politikken må legge vekt på våre pliktar etter folkeretten og ta omsyn til grunnleggande menneskerettar, inkludert FN's barnekonvensjon.
5. Gi einslege mindreårige asylsøklarar tettare oppfølging enn i dag.
6. Gi amnesti og opphaldsløyve til ikkje returnerbare innvandrarak. Amnestiet skal gjelde for vaksne som har vore i Norge i fem år og for barn som har vore her i tre år.
7. Styrke asylretten for menneske som har vore utsette for kjønnsbasert forfølgning eller undertrykking i heimlandet.

8. At alle asylmottak skal drivast av det offentlege eller ideelle stiftingar og organisasjonar, og ikkje leggst til avsidesliggande område utan høve til integrasjon i eit fungerande lokalsamfunn.
9. Skape verdige vilkår på alle asylmottak. Dei som bur der må aktiviserast og stimulerast til deltaking i samfunnet gjennom språkkurs, alle barn må få gå på skule, og det må leggst til rette for frivillig arbeid.
10. Legge større vekt på omsynet til barnas beste ved vurdering av opphaldsløyve, slik Norge er forplikta til gjennom Barnekonvensjonen.
11. Gå gjennom regelverket med sikte på å opne for ein moderat auke i arbeidsinnvandring frå land utanfor EØS-området.

*Sjå også mellom anna kapittel 2.7, 3.9 og 5.1.*